

## Over dørstokken heme

Ei sosiolingvistisk undersøking av språklege endringar og haldningar hos ungdom i Ringsaker kommune.

**Kjersti Brenden Haukåsveen**

### **Rettleiar**

Elin Gunleifsen

*Masteroppgåva er gjennomført som ledd i utdanninga ved Universitetet i Agder og er godkjent som del av denne utdanninga. Denne godkjenninga inneberer ikkje at universitetet står inne for dei metodar som er nytta og dei konklusjonar som er gjort.*

Universitetet i Agder, 2014

Fakultetet for humaniora og pedagogikk

Institutt for nordisk og mediefag

## Føreord

Denne masteroppgåva er ei talemålsundersøking av dialekten i Ringsaker kommune i Hedmark. Ideen kom fordi eg sjølv har røter frå staden og nyttar dialekten. Eg starta undersøkingar og fann ut at det er skrive altfor lite om dette talemålet. Så då var eg i gang. Det har vore ei utruleg spennande og lærerik reise, og no står eg her med resultatet.

Ringsaker har fostra fleire kjente personer, mellom anna den folkekjære visesongaren Alf Prøysen. I år er det nøyaktig hundre år sidan han vart fødd. Eg har tileigna tittelen på oppgåva til han. Tittelen er ikkje tilfeldig vald. Tittelen *Over dørstokken heme* er henta frå ei bok Prøysen gav ut i 1945. Dette var den fyrste boka Prøysen publiserte og ho vart skrive på tilnærma ringsakdialekt. Boka inneheld fortellingar frå blant anna Ringsaker og eit av temaa i boka er samfunnsforhold.

Sjølv har eg anane mine frå same bygda som Prøysen og eg meiner eg kan dra fleire parallellar frå debuten til Prøysen og til mi eiga masteroppgåve. Oppgåva mi tek opp samfunnsforhold og fortel i seg sjølv ei historie om Ringsaker som blomstrar langs strandlinja nemme Mjøsa. Her, som i Prøysenboka, vil Ringsakerdialekten stå sentralt. Denne avhandlinga er eit språkleg skritt *over dørstokken heme ...*

Takk til alle som har gjort det mogleg for meg å kome i mål med denne oppgåva. Takk til mamma for oppmuntring og gode råd undervegs. Takk til Jan for at du har vore der og pressa med heile vegen. Ein stor takk til Brøttum barne- og ungdomsskole og Brumunddal ungdomsskole som varmt tok i mot meg og for at dykk gav meg moglegheit til å kome. Til informatane mine, utan dykk hadde ikkje denne oppgåva blitt noko av.

Det hadde ho heller ikkje utan Elin, min fantastiske rettleiar ved universitetet i Agder.

Kos dekk mæ læsinga æille sommen!

Vennesla Oktober 2014  
Kjersti Brenden Haukåssveen

# INNHALD

<b>1.0 Innleiing</b>	
1.1 Kvifor talemålsforskning i Ringsaker? .....	7
1.2 Empirisk siktemål .....	8
1.3 Problemstilling.....	9
<b>2.0 Presentasjon av studieområdet, Ringsaker kommune</b> .....	10
2.1 Brumunddal .....	13
2.2 Brøttum.....	13
<b>3.0 Talemålsforskninga – teori og metode</b> .....	15
3.1 Talemålsforskninga i Noreg .....	15
3.2 Dialektologi og sociolingvistikk – en eller to tradisjonar? .....	18
3.3 Språkending .....	19
3.3.1 Kor kjem påverknaden frå? .....	20
3.3.2 Korleis oppstår språkendingane? .....	22
3.3.3 Regionalisering .....	22
3.3.4 Språkleg veksling og akkommodasjon .....	23
3.3.5 Kjønn .....	24
3.3.6 Identitet .....	25
3.3.7 Språkleg haldningar .....	27
3.3.8 Sosiale nettverksteoriar .....	28
3.3.9 Språkleg endring hos ungdom .....	29
<b>4.0 Undersøkinga – strategiske val og metode</b> .....	30
4.1 Ein skilnad i tradisjonane .....	30
4.2 Kvantitativ og kvalitativ metode .....	31
4.3 Korleis samle inn materiale? .....	32
4.4 Val av informantar .....	33
4.5 Mitt val av informantar .....	34
4.6 Transkripsjonen .....	36
<b>5.0 Den tradisjonelle Ringsakerdialekten</b> .....	37
5.1 Fonologi .....	37

5.1.1 Vokalar .....	37
5.1.2 Tjukk L og retrofleksar .....	38
5.1.3 Palatalisering .....	39
5.1.4 Prosodi .....	39
5.1.5 Jamvekt .....	40
5.1.6 Nektingsadverb .....	40
5.2 Morfologi .....	41
5.2.1 Substantiv .....	41
5.2.2 Dativ .....	41
5.2.3 Personlege pronomener .....	42
5.2.4 Egedomspronomen .....	42
5.2.5 Verb .....	43
<b>6.0 Undersøkinga</b> .....	<b>44</b>
6.1 Innsamling av empiri .....	44
6.1.1 Val av informantar til kvantitativ undersøking .....	46
6.1.2 Val av informantar til kvalitativ undersøking .....	46
6.1.3 Val av variablar .....	47
6.1.4 Spørsmål i den kvalitative intervju situasjonen .....	48
6.2 Resultat av kvantitativ undersøking .....	49
6.2.1 Tjukk L ( retrofleks flapp) .....	50
6.2.2 Bøyingsallomorfen /e/ i presens av linne verb .....	51
6.2.3 Palatalisering .....	52
6.2.4 Supinum av sterke verb .....	55
6.2.5 Pronomen – Personleg pronomener 1. person eintal .....	57
6.2.6 Pronomen – Personleg pronomener 3. person fleirtal .....	58
6.2.7 Spørjeord .....	59
6.2.8 «Troll» eller «Trøll» ? ( Omljod ) .....	61
6.2.9 «Kørj» eller «kurv»? .....	62
6.2.10 Dativ .....	64
6.3 Resultat av kvalitativ del .....	65

6.3.1 Erlend .....	66
6.3.2 Martin .....	68
6.3.3 Jan .....	70
6.3.4 Lise .....	72
6.3.5 Agnethe .....	74
6.3.6 Christine .....	77
6.3.7 Ein kort oppsummering av informantane .....	78
<b>7.0 Haldningar til språk i Ringsaker kommune .....</b>	<b>80</b>
7.1 Å prate dialekt .....	81
7.2 Haldningar til dialekten .....	82
7.3 Tilpassing av talemål – vennar og familie .....	83
7.4 Tilpassing av talemål – andre situasjonar .....	85
7.5 Dialekt eller standardaustlandsk? .....	86
7.6 Er det fint med dialektar? .....	88
7.7 Offentlege stemmer i fjernsyn og radio .....	88
7.8 Dialektbeskriving .....	90
7.9 Finnast det «fine» og «stygge» dialektar? .....	92
<b>8.0 Oppsummering av språklege funn .....</b>	<b>94</b>
8.1 Oppsummering av språklege funn .....	94
8.1.1 Dativ og palatalisering .....	94
8.1.2 Omljodsord .....	96
8.1.3 bruk av pronomen .....	96
8.1.4 Supinum av sterke verb .....	97
8.2 Resultat i høve til sosiolingvistisk teori og haldningar .....	98
8.2.1 Nettverket kring informantane .....	98
8.2.2 Identitetsomgrepet og språkbruk hos informantane .....	99
8.2.3 Skilnader mellom kjønn .....	100
8.2.4 Regionaliseringsprosessar .....	101
8.2.5 Situasjonsprega talemålsendring .....	102
8.2.6 Kva meiner informantane om talemål? .....	104

8.2.7 Brumunddal og Brøttum – samantreff eller ulikheit? .....	105
<b>9 Svar på problemstillingane mine og konklusjon .....</b>	<b>108</b>
<b>Litteratur .....</b>	<b>110</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>113</b>
1: Spørsmål til den kvantitative delen .....	113
2: Infoskriv til skulane .....	118
3: Samstykkeskjema til føresette .....	119
4: Billeda frå dei kvalitative intervju .....	121
5: Spørsmålsmål til kvalitative intervju .....	125
6: Prosentrekning over alle spørsmåla .....	127
<b>Samandrag.....</b>	<b>128</b>

## 1.0 Innleiing

Emnet for masteroppgåva mi er talemålsutvikling i Ringsakmålet. Eg ynskjer å finne ut i kva grad dei eldre opplandske dialektformene framleis blir talt i Ringsaker kommune. Eg ynskjer og å finne ut kva haldningar ungdom i Ringsaker har til dialektar. Ikkje berre til Ringsakerdialekten, men til dialektar generelt sett. I delkapitla under skal eg gjere nærmare greie for kvifor eg har vald dette emnet og kva for problemstillingar som er knytt til oppgåva mi.

### 1.1 Kvifor talemålsforskning i Ringsaker?

Det finst lite som er skrive kring ringsakmålet tidlegare, så eg synast det er på høg tid at det blir skrive noko om det. Kvifor det ikkje er gjort er eit godt spørsmål, då det absolutt finst ei interesse for dialekten blant innbyggerane. Særskild er den eldre generasjonen svært opptekne av i kva for grad dei gamle dialekttrekka vil eksistere i framtida når dei sjølv har vandra hen. Dette er noko eg sjølv oppfattar er eit vanleg samtaleemne blant den eldre generasjonen. Ringsaker historielag er dei einaste som målretta har arbeidd for å få kartlagt dialekten i noko monn. Dei danna for nokre år sidan ei dialektgruppe som fekk i oppgåve å samle gamle dialektord frå Ringsaker. Etter tre år resulterte arbeidde deira i ei bok – «*Ringsakmålet – slik nå'n ta øss ænda kjæm hau det*»<sup>1</sup>. Boka deira seier mykje om korleis ringsakmålet opphavleg har vore og har eit stort samleregister over særskilde dialektord med forklaring. Boka seier ikkje noko om talemålet i dag. I 2002 vart det forska på Hamar og Vang i eit sosiolingvistisk perspektiv. Då kom Ann Kjersti Holland med si hovudfagsoppgåve i nordisk språkvitskap. Hamar og Vang ligg nær kommunegrensa til Ringsaker, men undersøkinga kan ikkje heilt samanliknast med oppgåva mi. Ho tek for seg kva slags rolle *byen* har og legg meir vekt på haldningar til dialekt enn på formverket, og det er sosiolingvistiske nettverksteoriar som står sentralt i oppgåva til Holland frå 2002<sup>2</sup>. Difor er ho lite relevant for mitt arbeidd. Ein anna faktor er at ho er over 10 år gamal og endringane *kan* ha vore store på dei åra.

Det er ikkje berre historielaget som synast dialekten i Ringsaker er eit spennande tema å dykke ned i. Sjølv er eg frå bygda og har observert endringar i talemålet – på lik linje som andre stader i Noreg. Er det noko me kan slå fast, er det at talemålet er i kontinuerlig endring. Det er ei allmenn oppfatning kring i heile landet. På landsbasis ser me ofte at fleire og fleire

---

<sup>1</sup> Ringsakmålet:2009

<sup>2</sup> Holland:2002

av dei eldre målmerka blir mindre brukt og i einstilte døme nærast borte frå talemålet. Eg tenkjer Ringsaker neppe er noko unntak, og via egne observasjonar av dialekten i Ringsaker har eg sett tendensar til at eldre målformer blir erstatta av nye, moglegvis dei standardaustlandske.

Med denne oppgåva ynskjer eg å finne ut om det eg synast å ha observert er reelt. Eg ynskjer å finne ut kva som skjer og kva som kan vere årsaka bak språkleg endring (eventuelt mangel på endring) i Ringsaker. Masteroppgåva mi legg vekt på i kva grad eldre dialekttrekk framleis er i bruk i Ringsaker, men eg vil og seie noko om kva ungdom meiner om dialekt og korleis dei oppfattar seg som dialektbrukarar. Språkhaldningar står dermed og sentralt i oppgåva. Oppgåva mi tek plass i gapet mellom den tradisjonelle dialektologien og sosiolingvistikken.

## 1.2 Empirisk siktemål

Det empiriske siktemålet med avhandlinga mi er å studere språkleg variasjon og endring hos unge språkbrukarar i Ringsaker kommune i Hedmark. Korleis eg har samla inn empiri, og kva faktorar som ligg til grunn for valet av empiri, gjer eg greie for i kapittel 4. Sosiolingvistikken dreier seg om meir enn språket isolert sett. Det er også ein sosiologisk faktor som står sentralt i faget. Difor vel eg også å undersøke kva slags haldningar informantane mine har til dialekt og til eige språksituasjon. Som mal på korleis dialekten i Ringsaker frå eldre tid av har vore, vil eg bruke Martin Skjekkeland si bok *Dialektar i Noreg* for å gjera reie for korleis dei opphavlege språktrekka var, eller framleis er. Eg støttar meg og på *Den store dialektbok*, skrive av Ernst Håkon Jahr.

Det munnlege datamaterialet i undersøkinga mi vil transkriberast og deretter analyserast ved hjelp av både kvantitative og kvalitative metodar. Eg ynskjer å undersøke ei niande- eller tiaandeklasse på to ulike ungdomsskuler i kommunen, Brumunddal ungdomsskule og Brøttum ungdomsskule. Det er ikkje tilfeldig at det er disse tre skulane eg vil ha med i undersøkinga mi. Eg greier ut om kvifor i kapittel 2.



### 1.3 Problemstilling

Sjølve problemstillinga i masteroppgåva mi er todelt.

1. Den eine delen dreier seg om i kva grad dei *eldre* dialektformene som tradisjonelt har vore nytta i Ringsaker framleis nyttast hos ungdomsgenerasjonen (sjå kapittel 5 om språklege variablar). Eg ynskjer å finne ut i kva grad ungdom brukar dei eldre dialektformene i talemålet i sitt. Har Ringsakerdialekten endra seg dei siste tiåra, og kva for språklege variablar er det eventuelt som har endra seg?
2. Eg ynskjer å undersøke kva for haldningar ungdom i Ringsaker har til talemål og dialektar. Eg vil og sjå på i kva grad haldningane hos informantane samsvarar med dei språklege funna eg gjer.

Ut i frå disse to problemstillingsområda vil eg samanfatte resultata. Korleis har talemålet i Ringsaker endra seg (eventuelt halde seg) i høve til dei tradisjonelle formene slik dei er presentert hos Skjekkeland og Jahr? Kva meiner informantane sjølv om måten dei talar på? Kva slags haldningar har dei til talemål? Dette er spørsmål eg svarar på i resultatkapittelet.



## 2.0 Studieområde – Ringsaker kommune

Ringsaker ligg i Hedmark fylke. Ringsaker er den største kommunen i innlandet og har 33 417 innbyggjarar<sup>3</sup>. Kommunen grensar i nordvest mot Lillehammer, i nord mot Øyer, Stor-Elvdal og Åmot, i aust mot Hamar, i sør mot Stange og Austre Toten og i vest mot Gjøvik kommune. Ringsaker er ein kommune med store kontrastar. I den eine delen av kommunen er det to små byar med fleire nisjebutikkar og byliv. I den andre delen av kommunen ligg nokon av Noreg sine største hyttegrender og skianlegg, Sjusjøen og Ringsakfjellet. Ringsaker er og ein stor landbrukskommune, så ein del av dei fastbuande er sysselsett i landbruket. I tillegg er det og mykje industri i kommunen.

Frå gamalt av ligg det att mykje historie i kommunen, som gjer staden interessant for geologar og historikarar. Ringsaker kyrkje er ein av dei eldste steinkyrkjene i Noreg. Ringsaker kan og skryte av ein del bergkunst som er rissa inn i stein, gravrøyser frå bronsealderen og gravhaugar frå jernalderen. Det står også att festningsrestar frå den gamle folkevandringstida.

Ringsaker er ein kommune som gjennom heile det førre hundreåret var prega både av mykje industriarbeid og landbruk. Som nemnt er Ringsaker ei av dei største landbrukskommunane i Noreg. Samtidig har kommunen store industrivirke som Moelven industriar, Strand brenneri, Gaupen-henger, TINE, Nortura, Spis, Nestlé med fleire. På totusentalet har butikkverksamheit og firma i småskala auka som inntektskjelder ljà innbyggjarane. Dei gamle tettstadene Moelv og Brumunddal fekk bystatus i 2010 og sørge for eit meir urbant miljø i nærleiken av disse to stadene, særskild i Brumunddal.

I dei meir rurale delane av kommunen har det også skjedd ei stor utvikling dei siste åra. Spreidde eigedomar gjer at einskildpersonar eiger store areal med skog og mark. Fleire og fleire nyttar områda til ulike former for næringsverksamheit og har det som levebrød. I Ringsakfjellet har det vorte fleire og større hyttegrender dei siste åra, og hyttene blir berre

---

<sup>3</sup> SSB si befolkningsstatistikk (Henta 01.04.2013)

større og større. Det er i fyrste omgang folk utanfrå kommunen som bidreg til veksten innanfor hyttenæringa. Til dømes har det vorte ein populær stad for folk frå Oslo å eiga hytte med grender som Sjusjøen og Ljøsheim. Den kjende birkebeinerløypa går gjennom staden og eit nytt alpintanlegg stod også ferdig for om lag ti år sidan. Skiskytterstadioen har vorte ein publikumsmagnet med opningsrunda av verdscupen kvart år.

Stadene Nes og Helgøya høyrer også til Ringsaker kommune etter kommunesamanslåinga i 1964<sup>4</sup>. Nes er ei halvøy som ligg i Mjøsa, og utanfor Nes ligg Helgøya. Ringsaker kommune, men særskild Nes, er kjend for sine flate landbruksområde. Her ligg det mange store og flotte gamle gardar. Mange av dei er verneverdige og mykje verd. Øyene har også teglverk og noko lokal nisjeverksemd. På Nes har det og i eldre tider og nesten heilt fram til i dag vore mykje båttrafikk. Mengshoel brygge var transportveg over Mjøsa til Gjøvik og Oppland. Mengshoel brygge heldt innlandsregionen samla. Her var det eit yrande bygdeliv med butikk og postkontor. Even Mengshoel i Nes Historielag fortel at det alltid var kø for å kome over til andre sida<sup>5</sup>. I 1985 vart det laga bru over Mjøsa og båttrafikken tok slutt. I dag er det berre Skibladnerbåten som legger til kai her, ein kjend turistattraksjon i innlandsregionen.


Ringsaker har godt samferdselstilbod med tanke på veg og bane til omlandet kring kommunen. Frå både Moelv og Brumunddal går det tog ein gong i timen både til Lillehammer og mot Hamar, Gardermoen og Oslo. Toget inn til Oslo tek kring halvanna time, og det finst arbeidstakarar i Ringsaker som pendlar heilt inn til Oslo på arbeid. E6 går gjennom kommunen og planar om ny firefelts motorveg frå Oslo til Lillehammer er under utvikling.

Folketalet har auka i kommunen dei siste tiåra, og det har vore ein stor utvikling dei siste åra i høve til sentralisering. Jamfør diagrammet nedanfor har utviklinga vore jamn, med unntak av midtre del av sekstialet. Me ser ei markant endring her fordi Ringsaker kommune vart slått saman med Furnes og Nes i 1964. Dermed vart innbyggjartalet nesten dobla.

---

<sup>4</sup> Nes (Ringsaker). Wikipedia.

<sup>5</sup> Nes Historielag si heimeside



Ringsaker har fødd ein rekke personar frå offentlegheita. Me kan nemne diktarane Tryggve Andersen og Alf Prøysen, politikaren Sigbjørn Johnsen, idrettsutøvarane Ole Ellevsæther og Hilde Gjermundshaug Pedersen og artisten Gaute Ormåsén



Kart over Hedmark fylke som markerer plasseringa til Ringsaker. Kartet er henta ned ifrå kommunen sin nettstad

<sup>6</sup> SSB si oversikt over befolkningsendring (Henta 01.04.2013)

## 2.1 Brumunddal

Brumunddal ligg heilt sør i Ringsaker og voks fram som ein tettstad då Dovrebanen frå Hamar til Tretten vart bygd ut i 1894. I Brumunddal finn me det administrative sentrumet i kommunen og i 2010 fekk Brumunddal bystatus. Brumunddal er som kommunen generelt prega av mykje industriproduksjon som er knytt til foredling av jord- og skaubruksprodukt. Brumunddal har eit lite og intimt sentrum med to små kjøpesentre, ei handlegate og spreidd butikkverksamheit. Skuler ligg i gangavstand til sentrum (både barneskule, ungdomsskule og vidaregåande). Elles består Brumunddal mest av bustadfelt prega av hus i ulike storleikar. Det er lite blokker, men lågblokker og rekkehus finst det mykje av.

Brumunddal er ein liten plass og det er berre ein liten del av staden som har eit urbant preg. Brumunddal ligger nære Hamar med berre 15 kilometer med motorveg. Mange pendlar til Hamar på arbeid. Kollektivtilbodet er og godt i retning Hamar, og ein kan mest kome seg til Hamar kva tid som helst. Mange som arbeidar i Hamar har busett seg i Brumunddal på grunn av lågare bustadprisar. Hamar har sidan mellomalderen vore ein viktig handelstad og med tømmerflyting langs innsjøen Mjøsa vart byen eit viktig knutepunkt for handel- og trelastnæring. Sidan den tid har byen vekse og er i dag rik både på handelsliv, uteliv og historiske minne med fleire museum.

## 2.2 Brøttum

Brøttum er ein tettstad som ligger heilt nord i Ringsaker kommune med 13 kilometer til Lillehammer. Det er kring 1500 menneske som soknar til Brøttum. På Brøttum finn me både barneskule og ungdomsskule. Elevar frå fleire av dei rurale delane av Ringsaker kjem til Brøttum for å gå på ungdomsskule. Ungdomsskulen på Brøttum dekkjer ein stor geografisk del av kommunen. Andre rurale strøk som Mesnali og Åsmarka har eigne barneskular, men elevane skyssast til blant anna Brøttum når dei skal begynne i åttande klasse. Brøttum er eit typisk ruralt utkantstrøk i norsk målestokk. Om ein i det heile teke kan seie at Brøttum har eit sentrum, inneheld det ein nærbutikk, ei kyrkje, grunnskule og aldersheim. Det er lite anna på staden. Staden er prega av spreidd byggemasse og fleire småfirma. Brøttum er ein liten plass i kommunen og er i undersøkinga representant for dei rurale egna i kommunen. Eg valde Brøttum av plassane fordi ungdomsskula ligg der, og der samlast alle 8 – 10.klassane frå alle utkantane i nordre Ringsaker.

Brøttum ligger som nemnt langt nord i Ringsaker og Lillehammer er kring 15 minutt

unna med bil. Busstilboda her er ikkje like gode som i Brumunddal. Eg fann ut gjennom undersøkingane mine at mange som arbeider på Lillehammer har vald å busette seg i nordre Ringsaker på grunn av lågare bustadprisar.



Her er eit kart over Ringsaker kommune. Eg har markert dei viktigaste stadene på kartet i høve til oppgåva mi. Den blå streken som deler Brumunddal i to er Brumundelva.

---

<sup>7</sup> Gisline kommunekart

## 3.0 Talemålsforskning – teori og metode

I dette kapitlet skal eg greie kort ut om talemålsforskninga som fagfelt. Eg vil starte med tidleg talemålsforskning og trekke linja opp til talemålsforskninga i dag. Eg ynskjer og å seie noko om den tradisjonelle dialektologien i tilhøve til sosiolingvistikken og kvifor ein ikkje kan sjå dialektologi og sosiolingvistikkk som to åtskilte termar.

### 3.1 Talemålsforskninga i Noreg

Før attenhundretalet fanst det ikkje noko me kan kalle talemålsgransking. Som kjend vart grunnlova vedteke i 1814, og med dei nasjonalromantiske kjenslene i tiåra etterpå, kom ein langvarig og landsomfattande språkdebatt. Korleis skulle det norske språket sjå ut? Ivar Aasen og Knud Knudsen var to framifrå menn i språkstriden, og som me veit reiste Aasen kring i store delar av Noreg og samla inn hovudtrekk frå dialektane våre. Han ga og ut grammatikkbøker om dialektane i Noreg, den fyrste frå Sunnmøre. Andre språkforskarar som bør nemnast frå denne tida er Hans Ross og Johan Storm. Ross førde Aasen sitt arbeide vidare og skreiv ordbøker medan Storm i all hovudsak var fonetikar. Men det var ikkje berre det norske språket som var interessant. På attenhundretalet oppstod ei generell interesse for språk i Europa. Det var altså ikkje berre eit norsk fenomen at ein ynskja å sjå tilbake til urtida for å sjå korleis talemålet hadde utvikla seg.

Den språkforskninga var diakron og oppteken av røter og samanheng med tidlegare språkgransking. Malmberg kallar dette historisk – komparativ språkforskning.<sup>8</sup> Den nye språkinteressa i Noreg på 1800 – talet har i ettertid vist seg å vere avgjerande for den norske talemålsgranskinga fram i tid. Helge Sandøy seier følgjande:

«Dialektstudiet som vitskap har sin historiske bakgrunn i den kulturideologien som nasjonalromantikken utforma i første halvdel av 1800 – talet»<sup>9</sup>

I nasjonalromantikken var det viktig å vise at det norske språket hadde røter attende til den norrøne tidsepoken og dra fram dialektformer som nedstamma frå urnordisk. Det er nok særleg difor Aasen føretrakk Vest – og Midt-Noreg. Her fann han flest former med urnordisk

---

<sup>8</sup> Malmberg 1959:6

<sup>9</sup> Sandøy 1996:12

opphav. Til dømes former med *-ur* og *-o* ending. Aasen tok for seg bygdedialektar då han arbeide med *Prøver af Landsmaal*. Byvariablane var ikkje interessante, dei var for danske. På bakgrunn av *Prøver af Landsmaal* har me god kjennskap til korleis dialektane våre var på attenhundretalet. Aasen sitt arbeid ga eit godt grunnlag for at språkforskinga kunne halde fram i det tjuande hundreåret. Skjekkeland seier:

«Samla sett kan det seiast at dialektforskinga på 1800-talet tente eit politisk formål. Studiet av dialektane skulle underbyggja ideologien om at me utgjer ein norsk nasjon, med sine særdrag og si eiga historie, ein nasjon som hadde krav på politisk fridom og lausriving frå Danmark. Innanfor denne tradisjonelle historisk orienterte dialektforskinga var det viktig å finna fram til den genuine dialekten på kvar stad...»<sup>10</sup>

Kring 1870 – talet fekk me ei ny linje med språkforskarar i Noreg, *junggrammatikarane*. I motsetnad til sosiolingvistar hevdar junggrammatikarane at dei språklege endringane oppstår frå innsida av språket og at dei nærast er naturvitskapelege. Språkretinga oppstod i Tyskland på midten av attenhundretalet, og retninga har heile tida blitt sett på som ei tysk retning innanfor språkvitskapen. Med dei kom tankane om diakroni og linearitet. Framveksten av junggrammatikken skjedde parallelt med evolusjonslæra til Darwin. Framveksten av nye språkvariantar vart sett på som ein metafor til dei nye tankane innan naturvitskapen. Språkendringar vart jamført med ein evolusjon med utgangspunkt i dei eldre talemålsformene. Junggrammatikarane var diakrone i sine studiar av talemålet, noko som vil seie at dei gikk tilbake til dei historiske målformene for å samanlikne dei samtidige målformene med opphavlege variablar. Ljø junggrammatikarane er alle ljodlege endringar i talemålet sett på som mekaniske prosessar som gjennomførast utan unntak dersom det språklege ligg til rette for ei endring<sup>11</sup>. Ljodlovene til junggrammatikarane kan ein sjå på som like lovfaste som naturvitskapen. Lovane deira er regelbundne og faste, og det er ikkje mykje rom for endringar utanfor rammene. Forskarane i denne tradisjonen var ikkje så opptekne av å skildre variasjonar hos individ. Dei ville heller finne den eldste informanten på staden, i håp om å finne flest av dei historiske formene. Til denne perioden kan me rekne Amund B. Larsen, som i ettertid og kallast vår fyrste sosiolingvist. Han meinte at geografi, alder og ulikheiter påverka måten folk talte på. Han hørde til den junggrammatiske tradisjonen, men hadde samstundes augne til å sjå at teoriane ikkje heilt strakk til. Fleire av Larsen sine arbeider har blitt mønster for vidare forskning. Larsen var fyrst ute med talemålsforskning i

---

<sup>10</sup> Skjekkeland 2010:25

<sup>11</sup> Aasen 2007:22



byane. I 1907 utførde han ei talemålsgransking i Kristiania (Oslo) kor han blant anna såg på høgare og lågare bymål. Tilnærma same undersøking vart utført i Bergen nokon år seinare.

Så kom 1930 – talet og ein ny generasjon med språkforskarar veks fram. Med Ferdinand Saussures kom strukturalismen som disiplin også til Noreg. I Noreg var det vanskeleg å sleppe taket på diakron talemålsgransking. Dei som forsøkte seg på meir synkrone, strukturalistiske doktorgradsstudie i Noreg i byrjinga at nittenhundretalet, vart stoppa av dialektolog og grunnleggjar av Norsk målførearkiv ved Universitetet i Oslo i 1936, Sigurd Kolsrud.<sup>12</sup> Tradisjonen kring Kolsrud gjorde at nokon strukturalistisk tradisjon ikkje fekk rotfeste. Det er den dag i dag helst syntaktikarar og andre grammatikarar som nyttar slikt strukturelt opplegg. I Noreg har tradisjonen og eit ynskje om å dokumentere storskapstida til nasjonen Noreg, stått sterkt sidan attenhundretalet og lausrivinga frå Danmark. Dei tendensane har stått like sterkt i målgranskingstradisjonane. Der og skulle forskning tene eit nasjonalt formål og dermed fikk ikkje strukturalismen plass. Ein meinte at det måtte diakrone metodar til for å vise historiske døme i talemålsforskning.

På 1960- og 1970-talet kom sosiolingvistikken som forskingsgrein. Her var Trudgill banebrytande. I motsetnad til strukturalismen viste det seg raskt at sosiolingvistikken som vitenskap passa norske språkforskarar godt. I sosiolingvistikken såg dei at det var rom både for synkron og diakron aktivitet. Labov var ein av dei fyrste som gjennomførde slike undersøkingar og er kjent for sine studie av språket, til dømes i New York City. Han var ein av dei fyrste til å innføre bruk av språklege variablar, og til å stille spørsmål kring korleis språket talast i ulikt i ulike alder sosiale lag, bydelar osv.

Med framveksten av sosiolingvistikken på 70 – talet vart mellom anna variasjon emne for underskingane. Det nye studiet av forholdet mellom språk og samfunn viste oss at språket ikkje berre varierte avhengig av geografi, men og at det fanst skilnader mellom menneske på same stad. Men sjølv om sosiolingvistikken slo gjennom på 70 – talet og såleis tilførde forskinga ein ny dimensjon, så var dei gamle tradisjonane seigliva. Det finst døme på einskilde strukturalistiske undersøkingar lenge etter andre verdskrig, då framleis med det einskaplege systemet som mål for skildringane<sup>13</sup>.

Steinsholt er ein av våre første sosiolingvistar her i Noreg. Det som er særskild med Steinsholt sine granskingar, er at han undersøkte bymålet i Larvik to gonger med tretti år

---

<sup>12</sup> Thomassen 2013:13

<sup>13</sup> Omdal 1994:21

mellomrom. Gjennom dette arbeidet vart han ein nasjonal pioner for denne typen sosiolingvistiske undersøkingar som har si rot frå Labov<sup>14</sup>. På syttitalet vart det gjennomført ei stor talemålsundersøking i Oslo, kalla TAUS. Undersøkinga tok for seg kjønsskilnadar mellom kvinner og menn, både frå Oslo aust og vest. Liknande arbeid vart og gjennomført i Bergen og Trondheim i same tidsrom.

Av nye sosiolingvistar med mykje feltarbeid kan me nemne Helge Omdal, Unn Røyneland og Brit Mæhlum. Det har vore mest vanleg med sosiolingvistiske undersøkingar i rurale strøk på lik linje som tradisjonell talemålsgranskning. Etter kvart vart fokus og lagt på variasjonar i meir urbane strøk.

Ideologien kring ein eiga identitet vart viktig på attenhundretalet, og han har følgd språket opp til i dag. Identitet og språk er to omgrep som henger tett saman, vel så mykje i dag som på attenhundretalet. Skilnaden er at fokuset har flytta seg frå å gjelde fellesskapet til å bli meir individbasert. Språket er med på å definerer kven me er.

### **3.2 Dialektologi og sosiolingvistikk – ein eller to tradisjonar?**

Eg meiner det er viktig å få fram nærleiken mellom *dialektologien* og *sosiolingvistikken* som forskingsområde. Eg meiner desse to tradisjonane ikkje lar seg skilje heilt frå kvarandre. I dag er desse to tradisjonane så godt som smelta saman, medan dei tidlegare har vore to ulike fagfelt, jamfør utgreinga mi i kapittel 3.1. Det er umogleg å tala om den eine utan å streife den andre, difor nemner eg både dialektologien og sosiolingvistikken i oppgåva mi.

Dialektologi er forma for språkvitskap som tek utgangspunkt i geografiske skilnader i si nemning av dialektvariasjonar<sup>15</sup>. Sosiolingvistikken som eige felt veks fram som ein reaksjon på den tradisjonelle dialektologien. Som eige forskingsdisiplin vart han etablert på 1960 – 70 – talet med Labov og Trudgill. Med sosiolingvistikken ynskjer ein å kaste lys på variasjonar i talemålet *innanfor* dei geografiske dialektmerka og sjå på skilnader i høve til identitet og sosial faktor (med meir). Den kunnskapen me tek utgangspunkt i når me skal studere sosiolingvistikken, kjem frå dialektologien. I oppgåva mi går eg til den klassiske dialektologien for å finne fram til dei eldre dialektformene som eg har vald å undersøke. Mange som har forska på språklege endringar har kome inn på sosiolingvistikk gjennom tradisjonell målførekunnskap. På mange måtar gir den tradisjonelle dialektforskinga eit godt grunnlag for å ta føre seg sosiolingvistiske oppgåver. Dialektologien har og vore oppteken av

---

<sup>14</sup> Skjekkeland 2009:19

<sup>15</sup> Mæhlum og Røyneland:2012

vilkår for kvifor språklege trekk spreidde seg, og slike endringar har røtene sine i samfunnstilhøva<sup>16</sup>. Såleis ser ein det lite tenleg å skilje dei to tradisjonane heilt ifrå kvarandre. Venås er inne på at dei sosiolingvistiske høva vart forska på lenge før 60 – talet og Labov, og at samfunnstilhøve heilt i frå Svartedauden har vore ein faktor innan språkvitskapen<sup>17</sup>.

Sosiolingvistikken tek utgangspunkt i sjølve språket og ser på korleis språket blir påverka av mellommenneskeleg høve innanfor den same dialektgrensa. William Labov vart rekna som sosiolingvistikken sin far og er framleis eit av dei mest aktuelle namna innanfor forskinga. Sosiolingvistikken i Labov si ånd undersøker korleis språket varierer etter samfunnsklasse og andre former for sosiale grupperingar

Det er noko skilnad mellom sosiolingvistiske metodar og korleis ein tradisjonelt har arbeida i studie av målføre. I sosiolingvistikken har det gjerne vore bymåla som har vore interessante forskingsobjekt fordi ein der finn større nettverk og språklege kontaktflater. Det er i byane talemålet gjerne endrar seg i høgast tempo. Tradisjonell målføreforskning har hatt noko større auge for bygder og mindre samfunn, gjerne fordi språket her har vore meir einsleta og endringane skjer ikkje så raskt. Jo fleire informantar ein kan finne heimhøyrande på ein plass, jo større er sjansen for å finne trekk frå eldre talemål. Eg greier meir ut om dette i kapittel 4.

### 3.3 Språkendring

Språket endrar seg. Det har det alltid gjort og sannsynlegvis vil det alltid vere i endring. Språkbrukarar døyr og nye språkbrukarar veks opp. Såleis er den språklege syklusen ein bit i sjølve livssyklusen. Alt er i utvikling. Språkforskarar kring i verda er usamde om korleis språket vil endre seg i framtida. Nokon meiner at dei språklege endringane skjer raskare og raskare, i same tempo som me menneske blir meir urbane, har meir kontakt med verda utanfor vårt eige nettverk, og skiftar bustad både på tvers av fylke og land. Faktorane kan vere mange og samansette. Nedanfor skal eg sjå på ulike tendensar til at talemål endrar seg og sjå nærare på ulike faktorar og teoriar for å danne eit bilete av kvifor og korleis talemålet endrar seg. Eg vil dra inn Ringsaker kommune i dette kapitlet, både som døme på ulike trekk, men og for å

---

<sup>16</sup> Venås 1991:18

<sup>17</sup> Venås 1991:15-16

sette staden i perspektiv av dei sosiolingvistiske teoriane.

I dette kapittelet beskriv eg og talar om ulike *språksamfunn*. Det er eit omgrep eg meiner treng ein definisjon. Sosiolingvistisk forskning dreier seg om forskning på ei spesiell gruppe satt saman av fleire individ. Er eit språksamfunn alle som talar norsk? Er det alle i Ringsaker kommune, eller kanskje innbyggjarane i Brumunddal er eit eiga språksamfunn? Labov definerer det slik:

«The speech community is not defined by any marknad agreement in the use of language elements, so much as by participation in a set of shared norms; these norms may be observed in overt types of evaluative behavior, and by the uniformity of abstract patterns of variation which are invariant in respect to particular levels of usage.<sup>18</sup>

Det handlar altså ikkje berre om korleis menneske talar. Dei må og ha felles normer for å kunne kallast eit språksamfunn. Ei lita gruppe menneske, til døme innbyggjarane i Brumunddal, vil vere ein del av ein større samanheng sjølv om me nemner dei som eit lokalt fellesskap. Det kan vere vanskeleg å forstå kva som skjer i Brumunddal om ein ikkje kan sjå det som ledd i ein større samanheng. Motsett kan det og vere eit problem. Blir språksamfunnet for stort, kan det vere vanskeleg å skilje dei lokale variasjonane frå kvarandre. Det er heller ikkje alltid slik at det er det geografiske som avgrensar eit språksamfunn. I denne teksten vil Ringsaker bli omtala som *eit språksamfunn*. Brumunddal og Brøttum vil vere to lokale stader innanfor det overordna språksamfunnet.

### 3.3.1 Kor kjem påverknaden frå?

Skilnader innanfor eit språksamfunn eller eit målføre, finn me i dag over heile Noreg. I alle målføre kan me sjå at språket har endra seg noko frå opphavlege, diakrone former. Alle språkbrukarar står ovanfor eksplisitte og implisitte påverknadskjelder. Innanfor lingvistikken kan skilnadene i rurale egn blitt sett på som dramatiske, deriblant i Ringsakmålet. I bygdemåla vil skilnadene som regel kome fram i form av at dei eldre nyttar meir tradisjonelle talemålsformer, medan ungdom i større og større grad nyttar bymål eller bokmålsliknande

---

<sup>18</sup> Labov 1972:121

former<sup>19</sup>. At byrjinga på ei endring i ein dialekt starter hos ungdomane, er noko dei fleste dialektforskarar er samde om.

«Kvar ny språkbrukar må systematisere språket på nytt. Vi lærer oss morsmålet ved å prøve og feile når vi skal bygge opp strukturen i språkkompetansen vår (...))»<sup>20</sup>

Sandøy viser her til indre faktorar for å finne ei årsak til kvifor språket endrar seg med ein ny generasjon. Det finst og ytre faktorar som går meir inn på individ og kultur. I det samfunnet me lever i no i dag, har me meir kontakt utover geografiske grenser enn tidlegare, og unge språkbrukarar blir påverka av langt fleire talemålsbrukarar enn berre dei på sin eigen heimstad. Undersøkingar gjort av fleire forskarar dei siste åra, viser at lokale dialektar blir jamna ut og meir sentrale trekk vinn territorium. Fenomenet blir kalla språkleg regionalisering, og me finn det over heile landet.

Som nemnt over, er det språklege skilnader i talemålet mellom sentrums- og utkantstrøk. Papazian og Helleland skriv at måla i tettbygde strøk og «bygdesentrum» og må reknast som bymål (eller sentrumsmål) fordi dei ofte skil seg noko frå bygdemåla rundt. Bymål skil seg ofte ut ved eit forenkla lyd- og bøyingsystem. Bøyinga av substantiv er som regel enklare i bymål og det finst knapt eit bymål som har dativ<sup>21</sup>. Bymål kring i landet er og stort sett påverka av bokmål i noko monn. I Hedmark kan me mellom anna sjå at nektingsadverbet *itte* tradisjonelt har vore brukt i bygdekommunar kring Hamar, medan Hamar har nytta bokmålsforma *ikke*.

Hos kvar einaste nye generasjon som kjem til verda, må språket lærast på nytt. Dette er kanskje den viktigaste årsaka til at talemål endrar seg over tid. Barna blir utsett for ulike faktorar (til dømes innflytting og haldningar hos foreldre) som har innverknad på korleis dei tileigner seg kunnskap om korleis talemålet skal nyttast. Dermed fører også språkendingar til skilnad melom generasjonar.<sup>22</sup> Endringar *kan* førekome hos språkbrukarane også seinare i livet, i sosiolingvistisk teori kalla *livsfaseendingar*, men stort sett endrar ikkje talemålet seg noko særleg etter at ein har vorte vaksne. Ein del endringar kan skje hos ungdomsgenerasjonen på grunn av identitet og tilhøyring, og nye fenomen kan kome inn. Nokon varietetar held ein på og tek med seg vidare i livet, andre varietetar legg ein vekk etter kvart. Om dette er tilfelle, kan språket hos ungdom vere ein god indikator på korleis talemålet vil sjå ut framover.

---

<sup>19</sup> Papazian og Helleland 2005:31

<sup>20</sup> Sandøy: 1993

<sup>21</sup> Papazian og Helleland 2005:35

<sup>22</sup> Papazian og Helleland 2005:137

### 3.3.2 Korleis oppstår språkendingane?

Labov nyttar omgrepa *transmission* og *diffusion* i forskinga si (overføring og spreining omsett til norsk). Desse to prosessane er nokså ulike. Overføring er noko som skjer mellom generasjonar. Born «arvar» talemål frå foreldre- og besteforeldregenerasjonen. Spreining er eit fenomen som førekjem mellom vaksne menneske<sup>23</sup>. I fleire studiar har det vorte påstått at born etter ein viss alder ikkje lenger er i stand til å lære eit språkssystem fullstendig. Det finst også studiar som går i mot denne forskinga. Ut i frå dette vil eg trekke inn ein teori om talemålsending (ved endring i ein skilde variablar hos ein språkbrukar, ikkje heile varietetar). Labov skil mellom *endingar ovanfrå* og *endingar nedanfrå*. Den fyrste endingstypen dreier seg om medvetne «lån» for meir prestisjefylte varietetar eller målformer. Den andre dreier seg om endingar internt som språkbrukarane ikkje tenkjer over (med termene ovanfrå og nedanfrå siktar Labov til sosialt hierarki). Først når desse endingane når sluttfasen, blir språkbrukarane medvitne om det<sup>24</sup>. Når menneske endrar sine språklege variablar og divergerer eller konvergerer frå eller mot andre variablar, er ikkje det medvetne handlingar fonologisk. Derfor tek dei ikkje høgde for grammatiske reglar og system. Det kan då førekomme at sjølv om ein språkbrukar tek i bruk ein variabel av eit fenomen, er det ikkje er sikkert at han tek i bruk alle fenomen av same art. I mi undersøking av Ringsaker har eg stilt ungdomane spørsmål om fleire variablar av eit fenomen, for å kartleggje om det kan vere tilfeldig kva variablar dei vel å nytta.

### 3.3.3 Regionalisering

To ulike fenomen ein kan sjå tendensar til i norsk talemål i notida er *standardisering* og *regionalisering*. Standardisering vil seie at talemålet nærmar seg standardaustnorsk og at det tek opp former som ligg nært opp til skriftspråket. Mæhlum er ein av forskarane som sett fram argument for at dette er i ferd med å skje i Noreg. I delkapittelet om haldningar har eg skrive om ein skilde talemål sin suverenitet, og det er ein teori om at desse talemåla gradvis vil ta over for geografiske språkvariasjonar. Regionalisering tyder at ulikheitar i talemålet utjammast mellom dialektar som ligg nære kvarandre geografisk, og talemålet i eit større område blir meir einsleta. Ein ser at større stader (byar eller regionale sentrum) innanfor ein region ofte

---

<sup>23</sup> Labov 2010:307

<sup>24</sup> Røyneland 2005:37

styrer kva for ei retning talemålet drar i om det er snakk om regionalisering. Akselberg seier at det er trekk frå det mest dominerande talemålet i området, økonomisk eller administrativt, som har størst påverknad på talemålet i ein talemålsregion<sup>25</sup>. Her vil i teorien dei største byane i fyrste rekke påverke dei mindre, før dei mindre byane påverkar tettstadene rundt osb. På Austlandet vil me da sjå at Oslo, som den største byen, har påverknad på andre byar i ein krins på fleire mil, til dømes Mjøsbyane (Gjøvik, Hamar og Lillehammer. Moglegvis kjem påverknaden hit før han spring til mjøsbyane Brumunddal og Moelv. Dei er små og reknast ofte meir som tettstader enn tradisjonelle byar). Eg meiner det fungerer slik på Hedmarken, og Bull har observert noko av det same<sup>26</sup>. Holland sine undersøkingar viser at allereie i 2002 hadde dette fenomenet spreidd seg frå Hamar og ut på bygda i Hedmark<sup>27</sup>. Fleire språklege undersøkingar stadfestar funn av regionalisering. Unn Røyneland<sup>28</sup> har funn frå Tynset i Hedmark, medan Skolseg tek for seg Romerike og standardisering av oslomål.<sup>29</sup>Eg er spent på om eg kan sjå tendensar til regionalisering i undersøkingane mine.

### 3.3.4 Språkleg veksling – akkommodasjon

Språkbrukarar kan veksle mellom å nytte ulike varietetar og variantar. Me kan til dømes sjå unge språkbrukarar som endrar varietetar ut i frå kven dei er i saman med. I Noreg er det nok meir vanleg at ein vekslar mellom einskilde språktrekk og ikkje heile varietetar, til dømes at ein blandar varietetar eller at einskilde dialektord kan bli skifta ut med standardformer. Slik veksling kan opptre som vilkårleg hos språkbrukaren og er meir knytt til kommunikasjonssituasjonen enn språklege bøyingsystem. Me kallar fenomenet *kodeveksling* når ein talemålsbrukar vekslar mellom ulike talemål i høve til kven han er saman med. Ofte er det slik at dialektformer har ein låg status, medan standardformer har en høgare status i forhold til haldningar. Dette er ein vanleg forklaring på kvifor einskilde nivåer vekk i frå dei tradisjonelle formene til fordel for standardformer. Mæhlum skriv om tilpassingsteoriar (2008) kring korleis me som individ tilpassar oss språkleg i tilhøve til gruppetilhøring:

Utgangspunktet for tilpassingsteorien ligger i et ønske om å kunne forstå og forklare de individuelle vekslingene vi som språkbrukere ofte foretar, som når vi varierer talemålet vårt avhengig blant annet av hvem vi snakker med (...) Et grunnleggende

---

<sup>25</sup> Akselberg 2005:114

<sup>26</sup> Bull 1980:14-15

<sup>27</sup> Holland 2002:36

<sup>28</sup> Røyneland:1999

<sup>29</sup> Skolseg 1994

trekk ved hele teorien er at den betrakter språklig adferd som en form for sosial «respons», basert på språkbrukerens ønske om sosial identifikasjon med, alternativt distanse, til andre mennesker<sup>30</sup>.

### 3.3.5 KJØNN

Det er skrive mykje om variasjonar mellom kjønna. Sosiolingvistiske undersøkingar viser gong på gong at menn nyttar fleire tradisjonelle dialektord enn kvinner. Labov er ein av dei som peikar på denne skilnaden:

«... For stable sociolinguistic variables, women show a lower rate of stigmatized variants and a higher rate of prestige variants than men.»<sup>31</sup>

Vidare skriv Labov at ein må ta høgde for at det ikkje er alle sosiale variablar kor ein finn døme på kjønnskilnader. Papazian og Helleland skriv at denne skilnaden er monaleg mindre hos ungdomane kontra den eldre garde. Dei eldre vaks opp i eit samfunn kor skilnadene mellom kjønn var meir markante enn i dag. I samfunnet i dag blir ikkje ungdom inkludert i eit like eins mønster. I undersøkinga mi er alle informantane i ungdomskulealder, og det er interessant å sjå korleis kjønnskilnadane er (eventuelt ikkje er) hos generasjonen utan desse skilnadene i samfunnet. Moglegvis er kvinner meir kjønnsmedvitne enn menn og difor kan dei kanskje vere meir merksame på prestisjeformer enn kva menn er. I eit historisk perspektiv har kvinna hatt lågare status enn menn. Ein mogleg årsak til språkbruken kan vere kvinna si trong til å hevde seg. Ei anna forklåring kan vere at normer i samfunnet krev at kvinna skal oppføre seg «meir korrekt», eller meir danna, enn mannen. Som Labov nemner, finn ein ikkje kjønnskilnader i alle variablar, ei heller i alle samfunn eller grupper i samfunnet.<sup>32</sup>

I Noreg har me ikkje ein djuptgåande tradisjon for lagdeling i samfunnet i høve til kjønn. Sjølv om me i Noreg har hatt deling i høve til kjønnsroller, har det ikkje vore store skilnader slik som me kan sjå elles i verda. Ein kan ikkje utelate tankar om at visse skilnader finst. Det er interessant om eg kan finne skilnader mellom kjønn i høve til variablar og haldningar hos mine informantar. I tråd med forskinga til Labov nyttar ofte kvinner fleire prestisjeformer enn menn, medan menn held meir på tradisjonelle variablar. Det er ikkje berre Labov som har kome fram til slike resultat. Om eg gjer det, kan lesast om i kapittel 6 og 8. Språklege

---

<sup>30</sup> Mæhlum 2008:112-113

<sup>31</sup> Labov 2001:266

<sup>32</sup> Labov 2001:269



skilnader mellom ulike kjønn var nok meir markant i Noreg for førti-femti år sidan. I dag har likestillinga i Noreg kome langt, og kvinner og menn har i stor grad dei same type jobbane.

### 3.3.6 Identitet

Språket vårt seier ikkje berre kor me er frå, men også kven me er. Med det kan me seie at talemålet vårt og verkar som ein identitetsmarkør. Språket seier mykje om kven ein er, men kanskje like mykje om kven ein ynskjer å vere. Jahr nemner at for nordmenn er det viktig å vere *frå* ein stad, og det er viktig å ha ein stad ein høyrer heime som skil seg frå andre stader i høve til kjenslene våre. Å identifisere seg som den ein er, er noko som er viktig for mange nordmenn, og såleis er talemålet vårt med på å utgjere denne identiteten<sup>33</sup>.

Språk spelar ei sentral rolle når me blir sosialisert inn i ulike sosiale fellesskap med andre menneske og er den mest identitetsskapande faktoren. Bakhtin tek det for gitt at eit individ får sin identitet gjennom å delta i ulike kulturelle fellesskap. Språket brukar me som hjelpemiddel for å knytte band med andre menneske. Bakhtin har og ein teori om at kvart einskild menneske har fleire røyster. Det kan til dømes dreie seg om gruppespråk og dialektar. Med Bakhtin sine ord kan me seie at språkbrukaren alltid talar gjennom ulike sosiale språk og dei sosiale språka blir alltid til gjennom ulike røyster<sup>34</sup> (sitat frå Røyneland. Sjå fotnote).

I 2009 kom Martin Skjekkeland med ei omfattande avhandling kring språk og identitet hos ungdom i Kvinesdal. Skjekkeland kartlegg i kva grad informantane ynskjer å flytte ut av bygda, og han meiner dei med liten trong til å flytte i større grad identifiserer seg med det lokale – også språket<sup>35</sup>. På same måte stiller eg informantane i den kvalitative delen av undersøkinga mi spørsmål om kor dei ynskjer å bu når dei blir vaksne. Det kan vere ein viktig identitetsmarkør om dei har heimleg tilknytning – og i høve til talemålet. Eg tenkjer at dei informantane som identifiserer seg med lokalsamfunnet og har sterke kjensle for heimstaden, i større grad kan halde på dialektvariablar for staden. Motsett tenkjer eg at dei informantane som ikkje trivst eller tenkjer dei vil flytte til andre stader seinare i livet, moglegvis identifiserer seg nærare med dei standardaustlandske formene. Mæhlum seier følgjande om identitetsomgrepet i talemålsstudie:

---

<sup>33</sup> Jahr 1990:7

<sup>34</sup> Bakhtin 1981 / Røyneland 2005:116

<sup>35</sup> Skjekkeland 2009

I talemålsstudier ligger det som et mer eller mindre eksplisitt premiss at talemålet er intimt forbundet med den personlige og sosiale identiteten som den enkelte språkbruker ønsker å signalisere overfor omverdenen. Det vil med andre ord si at den språklige koden blir å betrakte som et strategisk uttrykk for det enkelte individs meir eller mindre bevisste ønske om tilhørighet eller integrasjon i et sosialt rom.<sup>36</sup>

Korleis språkbruken hos dei ulike informantane kjem til uttrykk, er såleis avhengig av korleis dei opplever sin eigen identitet både som einskildmenneske og i tilhøve til gruppetilhørsle (sjå kapittel 3.3.8 om sosiale nettverksteoriar).

I Noreg i dag har me ikkje eit typisk klassesamfunn. Historisk sett har me aldri hatt nokon adeleg klasse her i landet. Ei viss form for lagdeling har me i Noreg likevel, sjølv om ho ikkje er markant i verdsmålestokk. Til dømes finst det skilnader i form av yrkesval hos nordmenn. Me kan sjå eit skilje i interesser og korleis menneske kler og ter seg i høve til om dei er akademisk utdanna, eller er utan utdanning eller arbeidar i mekaniske yrke. Slike faktorar kan gje utslag i korleis ein oppfattar seg sjølv og ynskjer at verda skal oppfatte ein. I sosiolingvistisk forskingstradisjon er det vanleg å sjå på språklege skilnader i lys av sosiale klasser. Et godt døme er Labov si undersøking frå New York for om lag femti år sidan. Labov undersøkte korleis menneske frå tre ulike samfunnsklasser nytta postvokalisk *r*. Han fann ut at det var skilnader i tråd med klasseinndelinga. Det same gjaldt ulike intervjuformer. Jo meir formelt intervjuet var, jo fleire postvokaliske *r*-ar vart nytta. Språket nyttast altså ulikt av folk i ulike sosiale lag og i ulike sosiale settingar.

Eg meiner fenomenet eksisterer også i Noreg i noko grad, saman med identitet og kven me ynskjer å vere. I Noreg kan me sjå at menneske som høyrar til «mellomklassa» ofte nyttar «finare» variablar for å signalisere ynskje om sosialt avansement.<sup>37</sup> I dei høgaste krinsane let dette til å bli mindre viktig, for dei er meir trygg på identiteten sin og kor dei høyrar heime. I lågare klasser kan me sjå tendensar til at menneske målretta held på «lågstatusformer». Anten kan årsaka vere at ein vil divergere frå dei «finare krinsa», eller at dei føler at formene dei nyttar held på deira identitet. I yrkeslivet i Noreg kan me sjå døme på dette. På ein verkstad vil mekanikarane ha ein heilt anna måte å uttrykke seg på til kvarandre enn kring advokatar på eit advokatkontor. Så sjølv om me ikkje har så store klasseskilnader i Noreg, finst det såleis einskilte skilnader. Språkbrukaren vel mellom dei språklege variablane som finst og at han synleggjer kven han er og kven han ynskjer å assosiere seg med (eller skape avstand frå).

---

<sup>36</sup> Mæhlum 1998:63

<sup>37</sup> Akselberg 2008:131

### 3.3.7 Språklege haldningar

Store norske leksikon definerer ordet «haldningar» slik:

Holdning, innstilling, i sosialpsykologien betegnelse for vedvarende beredskap til å reagere positivt eller negativt overfor spesielle objekter, ideer, verdier (for eksempel overfor kirken eller demokratiet). Holdninger kommer til uttrykk gjennom oppfatninger og meningsyttringer, som følelsesmessige reaksjoner, og i handlinger. De kan være basert på kunnskap eller være ervervet gjennom erfaringer, men er ofte overtatt relativt ureflektert fra foreldre, venner og andre grupper man har valgt å identifisere seg med<sup>38</sup>.

Eg tenkjer at kva for haldningar informantane har til språk og dialekt, er førande for kva for ei retning talemålet deira, og også språket som heilhet, vil ta. Kva slags haldningar me som menneske har, er med på å styre kva val me tar, og dei språklege vala. Om ein språkbrukar har negative haldningar til dialektar, vil det vere svært truleg at haldninga speglar seg i talemålet hans. Når det kjem til språk- og dialektbruk, veit me at det finst ulike stereotypiar. Blant anna vart dialektar frå det opplandske talemål (deriblant ringsakmål) nytta på den norske teaterscene på attenhundretalet til roller kor vedkommande anten var full eller dum. Høyrer me ein trønder, tenkjer mange på ein mann med bart, tennissokkar og skinvest. Me har ulike haldningar, og me er påverkelege frå menneske kring oss. Kanskje særskild ungdomsgenerasjonen. Haldningar til språk meiner eg er ein viktig del av eit kartleggingsarbeid. Om språkbrukarar er positive til og likar dialekten, er det større moglegheit for at dei nyttar dialekttrekk. I motsett fall, blant anna ljà ungdom, kan ein sjå at dialektar kan vere «ukult», og ungdom påverkar kvarandre til å nytte meir standardiserte former. På mange måtar står språket for noko meir enn det språklege i seg sjølv. Osломål blir til dømes knytt til *det urbane* (generell oppfatning), medan ringsakmål gjerne kan bli oppfatta som *bondsk*. Mæhlum og Akselberg beskriver det slik:

I praksis betyr det at vi gjerne oppfatter et bokmålsnært, sentraløstnorsk talemål som en overregional, allmennnorsk og på sett og vis geografisk nøytral språkkode. I tillegg blir en slik varietet som regel betraktet som prestisjefull. Dette er kvaliteter som mer generelt blir tillagt et skriftmålsnært, standardisert talemål, men som også gjerne blir overført til dialekter som ligger nær opp til skriftmålsnær tale. Dermed kan det oppstå

---

<sup>38</sup> Store norske leksikon, «holdning».

forestillinger som at folk fra Oslo snakker «pent», «dannet», «korrekt» - i motsetning til de fleste andre grupper av dialektbrukere<sup>39</sup>.

Haldningar til språkbruk kan i mange situasjonar henge saman med prestisje og sosial gruppetilhøve. Ein konverger eller divergerer ofte mot eller frå dei ein samanliknar seg med ( sjå meir under kapittel 3.3.4 ). I undersøkinga til Strømsodd som vart gjennomført i Oslo seint på syttitalet, kom det blant anna fram at dialektbruk og bruk av tjukk L ( retrofleks flapp) var meir akseptabelt i såkalla *lågstatusyrke* enn hos meir velutdanna menneske<sup>40</sup>. No har ikkje klassesdelinga i Noreg stått så sterkt i seinare tid som det me såg på syttitalet, men haldningane kan me framleis sjå.

### 3.3.8 Sosiale nettverksteoriar

Innanfor sosiolingvistikken har nettverksteoriar stått sterkt for å klargjere korleis ulike individ blir integrert i ulike fellesskap. Me skil mellom to hovudformer for nettverk. Nettverk med stor tettheit og nettverk med lukka tettheit. Personar i eit nettverk kan vere knytt til kvarandre gjennom fleire ulike roller. Til dømes kan ein vere både nabo og kollega. I eit opent nettverk er slike relasjonar gjerne multiplekse, det vil seie at menneske i eit nettverk oftast berre har ei rolle. Slike nettverk er vanlege på større stader der tilhøva ikkje er så tette. På mindre stader finn ein ofte meir lukka nettverk som er meir uniplekse. Der omgås ein gjerne dei same menneska i ulike situasjonar, og ein er kanskje og i familie med mange ein treff att gjennom fritid, skule og arbeid.

Som kommunikasjonsreiskap har nettverka ei viktig rolle i eit samfunn. Dei verkar som sosial normerings- og kontrollinstans. Jo tettare eit nettverk er, jo mindre påverknad har menneska i det utanfrå, og samstundes har dei og større påverknadskraft på kvarandre. Kven ein identifiserer seg med har og relevans, særleg i dei meir opne nettverka kor påverknaden i større grad kjem utanfrå<sup>41</sup>. Såleis kan me seie at i eit ruralt samfunn vil nettverka tradisjonelt vere meir lukka enn i eit tradisjonelt urbant bysentrum.

---

<sup>39</sup> Mæhlum og Akselberg 2008:97

<sup>40</sup> Strømsodd 1979

<sup>41</sup> Mæhlum 2008: 116 - 119

### 3.3.9 SPRÅKLEG ENDRING HOS UNGDOM

Som eg allereie har vore inne på, spelar born og ungdom ei sentral rolle i språkending og dialektnivelleringsprosessar. Fleire språkforskarar, til dømes Labov, er samde om dette. Dette heng truleg saman med at ungdom og er nyskapande på andre område, blant anna klede- og musikkstil. Ungdom har gjerne godt utvikla nettverk, så formidling og spreining av nye språkformer skjer raskt i krinsane deira. Ungdom er og lett påverkelege og vil ofte *konvergere* mot dei andre ungdomane i gruppa for å kjenne tilhørsle. Milroy talar blant anna i forskinga si om ulike nettverksteoriar. Milroy nemner korleis tette nettverk er viktig for å halde eit tradisjonelt talemål ved lag. Menneske med tette nettverk står betre rusta til å motstå press frå menneske utanfor og frå andre grupper. Teorien til Milroy tek for seg det motsette av det undersøkinga mi gjer – kvifor talemål ikkje endrar seg. Men gyldigheita blir den same om me snur han. Meir opne nettverk vil då ha vanskeleg med å halde dei tradisjonelle formene ved lag. Hos ungdom i dag ser me at nettverka deira blir meir og meir opne. Vennar dei har kontakt med kjem frå større område enn det som var vanleg for ein generasjon sidan. Mobiltelefonar og verdsvebben gjer at ungdom lettare held kontakt med kjente frå andre område av landet og verda, og ikkje minst stiftar kjennskap med andre på tvers av språklege skilelinjer (det er riktig nok ikkje berre ungdomsgenerasjonen som gjer dette, men slike fenomen blir oftast først tatt opp i den generasjonen, og det er dei som nyttar det mest). Ikkje alle ord ungdom tek opp får plass i språket deira når dei blir vaksne. Nokon former blir ståande som *ungdomsslang*. Desse formene blir anten tatt opp av neste ungdomsgenerasjon, eller dei forsvinn. Andre former tek ungdomen med seg inn i vaksenlivet og dei får etter kvart status som fullverdege former.

## 4.0 Undersøkinga – strategiske val og metode

I dette kapittelet skal eg gjere greie for dei sosiolingvistiske arbeidsmetodane og grunngje kvifor eg har gjort dei vala eg har. Dersom ein skal finne svar på problemstillingane sine, bør ein velje ein framgangsmåte, eller metode, som passar til spørsmåla ein skal svare på. Val av metode er avgjerande for kva resultat ein vil sitte att med, og vurdering av metode er ein viktig del av sosiolingvistisk feltarbeid. Kva metode me vel er førande for kva resultatet blir. Når ein samlar inn materiale må ein ta omsyn til to faktorar, *realibilitet* og *validitet*, altså nøyaktigheita i materialet som samlast inn og at opplysningane verkeleg er relevante i høve til det me ynskjer å finne svar på.<sup>42</sup> Innanfor sosiolingvistikken har ein to ulike måtar å samle inn materiale frå informantane på, kvalitativ og kvantitativ metode. Nedanfor skal eg gjere greie for dei to metodane og grunngje kva eg har vald og kvifor.

### 4.1 Skilnad i tradisjonane

Sosiolingvistikken som forskingsdisiplin skil seg frå tidlegare talemålsforskning med tanke på korleis forskingsmateriale vert henta inn. Tidlegare forskning hadde som mål å dokumentere *statistiske* former hos informantar og vise til eit historisk opphav. Dette perspektivet er i stor grad fråverande innanfor ein sosiolingvistisk tilnærming til materialet. Målet er snarare eit ynskje om å vise mangfald av språkformer i staden for *språkleg homogenitet*.

Dialektologien har tradisjonelt samla inn informasjon etter eit fast oppsett med standardiserte spørjelister. Ein ville heller finne genuine variantar enn variasjon. I hovudsak leita ein etter «spesifikke» variablar blant informantane. I tidlegare målføregranskingar har forskingsstadene ofte vore rurale bygder kor ein i stor grad har moglegheit til å finne belegg for eldre målvarietetar.

I sosiolingvistikk blir det gjerne lagt fram fleire valmoglegheiter av variablar, slik at forma informanten nyttar kjem fram. Sosiolingvistikken har i si datainnsamling i tydelegare grad lagt vekt på å etablere mest mogleg naturlege og reelle samtalsituasjonar. Dette meiner eg er med på å gje ein meir naturleg situasjon for eit talemålsintervju. Dermed meiner eg det vil vere enklare for informantane å nytte dei ærlege og reelle variablane, ikkje dei som dei trur forskaren ynskjer dei skal nemne. Ideelt sett vil eit slikt forskingsklima føre til at informanten kjenner seg meir avslappa og moglegheita er større for at han nyttar dei respektive variablane

---

<sup>42</sup> Mæhlum og Akselberg: 2008:75

sine. I sosiolingvistikken tek ein gjerne omsyn til både visse språklege variablar og aktuelle sosiale (til dømes kjønn, arbeid, sosial status osv). I begge tradisjonane (den tradisjonelle dialektologien og sosiolingvistikken) kan ein vere med på å styre kva slags funn ein finn ved val av metode og informantar. Til dømes kan ein krevje at dei skal ha vakse opp på staden. Eg har sjølv tatt slike strategiske val når eg plukka ut informantar til undersøkinga. Eg greier ut om valet under kapittelet om val av informantar.

## 4.2 Kvantitativ og kvalitativ metode

Både kvalitativ og kvantitativ metode kan vere nyttig å nytte når ein skal gå fram med sosiolingvistiske undersøkingar. I nokre tilfelle kan det vere lurt å nytte kvalitativ, andre gonger kvantitativ. Kva type resultat me ynskjer å få fram, avgjer kva metode som passar best. I nokre tilfelle kan det vere hensiktsmessig å nytte begge i same undersøking. Eg har vald å bruke begge framgangsmåtane i mi undersøking. Kvifor greier eg ut om i kapittel 6, der eg gjør reie for undersøkinga mi. Det er ikkje alle type spørsmål ein kan hente inn gode svar på gjennom eit skjema, og då må ein vurdere andre metodar. Då har me kvalitative metodar. Eg vil presisere her at kvalitativ og kvantitativ metode ikkje treng å vere motpolar til kvarandre. Det finst gråsoner mellom.

I kvantitative sosiolingvistiske undersøkingar ligg fokuset på å få ei oversikt over talemålet. Informantane som er med i ei kvantitativ undersøking bør vere mest mogleg *statistisk* representative for befolkninga kring språksamfunnet ein skal forske på. Vanlegvis kan ein seie noko allment gyldig for språksamfunnet ut ifrå ein kvantitativ undersøking på bakgrunn av variablane ein finn hos informantane<sup>43</sup>. Sluttresultatet i ein kvantitativ undersøking skal vere noko ein stor gruppe kan identifisere seg med. Slutninga som vert tatt bør vere representativ for fleire enn dei som har vorte spurt, slik at resultatet ein sitt at med har ein objektiv verdi.

I kvalitative sosiolingvistiske undersøkingar er undersøkinga meir retta mot individet. Ein leitar hos konkrete individ for å forklare språkbruken hos det. Det treng ikkje vere like statistisk representativt som når ein nyttar kvantitativ metode. Kvalitative undersøkingar har gjerne få informantar og går nøysamt inn for å finne subjektive svar hos dei informantane som er med. Ein ynskjer gjerne å få ei større forståing av samanheng mellom språk og språkbrukar.<sup>44</sup> Resultata er ikkje-målbare storleikar, fordi det ein finn hos eit individ kan vere

---

<sup>43</sup> Mæhlum og Akselberg 2008:77

<sup>44</sup> Mæhlum og Akselberg 2008:77

noko som berre finst hos individet og ikkje er generaliserbart.

Eg vil nemne at framgangsmåtane kvantitativt og kvalitativt ikkje nødvendigvis treng å stå som to motsetnader til kvarandre. Som eg har nemnt, har metodane ulike eigenskaper og er gode verktøy på kvar sin måte. I ei god og utfyllande studie kan det vere interessant og bra for resultatet å nytte ein kombinasjon, slik eg har vald i undersøkinga mi. Eg har vald å bruke begge dei sosiolingvistiske framgangsmåtane i undersøkinga mi, og det er ikkje eit tilfeldig val. Ved å bruke den kvantitative tilnærminga ynskjer eg å få bredde i materialet mitt. På den måten meiner eg at eg har kartlagd dialekten breitt i høve til informantane som er med i undersøkinga mi. Det finst nokre fallgruver. Ein har ikkje nokon garanti for at informantane er heilt ærlege når dei svarar skriftleg. Eg synast og det gir eit noko flyktig bilete å berre sitte att med ein bunke med ark. Difor valde eg også å gjennomføre ein kvalitativ undersøking som eit ledd i prosessen. Då fekk eg tale med informantane og vidareført det kvantitative materialet for å sjekke validiteten. I undersøkinga mi er det fyrst og fremst kva for nokre dialekttrekk som blir nivellerte og om det er nokon skilnader i høve til urbane og regionale egn i Ringsaker.

### **4.3 Korleis samle inn materiale?**

Når ein har vald om ein ynskjer å nytte ein kvalitativ eller kvantitativ metode (eller begge to), må ein ta stilling til korleis det er hensiktsmessig å samle inn stoffet. I kvalitative undersøkingar er eit munnleg intervju ein god måte å samle inn materiale på. Ei fallgruve ved eit intervju er spørsmålet om informanten nyttar sitt «eigentlege» talemål eller tilpassar seg til former informanten trur intervjuaren ynskjer å høyre. Nøkkelen ligg ofte i å klare å etablere ein så «naturleg» intervjusituasjon som mogleg, der informanten klarer å slappe av og vere seg sjølv. Labov kallar ein slik førekomst for *The observers paradox*. I ein undersøkingssituasjon kan såleis intervjuobjektet nærme seg intervjuaren<sup>45</sup>. Ein ynskjer å finne ut korleis menneske talar når dei ikkje er under systematisk overvaking. Mæhlum og Akselberg skriver:

I stedet for å postulere at det i det hele tatt finnes én størrelse som er det ideelle undersøkelsesobjektet, er det viktigere å være klar over de mange forholdene som kan

---

<sup>45</sup> Labov 1978:209



influere på den enkeltes talemål, og ta disse i betraktning når en skal tolke et innsamlet materiale<sup>46</sup>.

Utsegna tolkar eg dit hen at me aldri kan vere hundre prosent trygge på at ein intervjusituasjon er heilt naturleg, men at ein heller som forskar må vere klar over dette paradokset når ein skal analysere materialet ein får inn. Det har eg sjølv tatt omsyn til i mi analyse av resultata som ein kan lese om i kapittel 6,7 og 8. Ein kan gjere ulike tiltak for å prøve å unngå feilvariablar frå informantane. Til dømes kan ein intervju dei i ulike situasjonar. Ein kan ta fleire opptak av same informant, eller gjennomføre gruppeintervju kor ein setter informantar som er trygge på kvarandre saman og får dei til å tale med kvarandre. Ein anna framgangsmåte er å nytte skjult mikrofon, slik at informanten «gløymer» situasjonen i noko grad (det er ikkje lovleg å gjere slike opptak utan at informanten er klar over det og samtykkjer). Om ein kombinerer fleire intervjumåtar, vil ein i mange høve få eit ideelt resultat. Det har eg likevel ikkje gjort i den kvalitative delen, av undersøkinga mi, fordi det hadde blitt eit for stort arbeid for ei masteroppgåve.

#### **4.4 Val av informantar**

Utvalet av informantar ein ynskjer å ha med i ei undersøking er viktig. Galt utval av informantar kan i verste fall føre til at ein ikkje får svar på problemstillingar, eller at ein gir eit galt bilede på korleis språksituasjonen er i høve til forskingsområdet. Val av informantar bør difor gjerast etter nøye valde kriterium. Innanfor den tradisjonelle dialektologien, men og i deler av sosiolingvistikken, har ein teke for gitt at alle informantane som deltek i ei undersøking skal vere vekse opp på plassen, og ha minst ein forelder frå staden. Eit slik utval meiner eg sikrar at ein finn den gruppa med flest tradisjonelle dialektbelegg, men ein god del av befolkninga vil falle utanfor studien. Dei delane som faller utanfor er også talemålsnyttarar i same området og vil både ha påverknad og bli påverka av språkfaktorane på staden. Alle talemålsbrukarane i eit området utgjer språksituasjonen på staden. Mæhlum og Akselberg poengterer at det er viktig å inkludere den typen sosiale variablar som er forventa å vere aktuelle for problemstillinga. Ein må ta omsyn til validitet når ein gjer utvalet om kven som kvalifiserer til å vere informantar<sup>47</sup>. Det kjem an på problemstilling og kva ein ynskjer å kartleggje om det har ein hensikt å velje ut ein spesifikk kategori med informantar.

---

<sup>46</sup> Mæhlum og Akselberg 2008:82

<sup>47</sup> Mæhlum og Akselberg 2008:85

## 4.5 Mitt val av skuler og informantar

Samstundes som eg slo fast at ynskjett mitt var å gjere ei sosiolingvistisk undersøking, kom det klart fram at det var Ringsaker kommune som var det ideelle målet for undersøkinga mi. Dette har to årsaker. Den eine er at eg sjølv kjem frå bygda, så eg har eit tett personleg band til samfunnet og dialektbruk på staden. Samtidig kunne eg ikkje hugse å ha vore borte i så mange utgreiingar om talemålet i Ringsaker. Målet har stort sett vorte omtalt i samheng med dikteren Alf Prøysen, som dikta på ringsakdialekt (eg må her få lov å presisere at Prøysen ikkje var særleg «brei» i talemålet sitt, og talte ein veldig «fin» utgåve av dialekten, og såleis er han i mine augne ikkje ein god representant for dialekten. Eg vil slå fast at dette er mi personlege meining). I Ringsaker har og den gamle dativsforma frå norrønt hatt ein sentral plass i dialektgrammatikken, noko eg synast gjer dialekten interessant. Eg var veldig nysgjerrig på i kva grad dei eldre dativsformene framleis vert brukt blant dei yngre generasjonane.

Som nemnt i kapittel 2 er Ringsaker ein stor kommune med mange innbyggjarar, sjølv om det er ein rural landbrukskommune. Det er stor variasjon i korleis folk bur, særskild med tanke på at Ringsaker dei siste åra har fått to stader med bystatus (2010). Det var viktig for meg då eg valde skular, at eg ville undersøke både ein rural plass og ein meir sentral og urban stad. Difor falt valet på Brøttum ungdomsskole og Brumunddal ungdomsskole. Brøttum representerer både dei rurale strøka og den nordlege delen av kommunen. Brumunddal ungdomsskole er mykje større, og ligg dessutan i ein by. Han er og plassert heilt sør i kommunen med kort veg til Hamar (meir informasjon er nemnt i kapittel 2). Såleis dekker skulane i undersøkinga både den sørlege og den nordlege delen av kommunen. Brumunddal ungdomsskule ligg i sentrum av ein by, medan Brøttum skule ligg landleg til. Såleis meiner eg at eg har vald representativt for heile kommunen.

Det finst og andre ungdomsskular i kommunen. Eg kunne til dømes ha vald ut skular på Furnes og i Moelv, men eg har altså lagt vekt på å finne to skular som til saman kan dekke kommunen representativt. Det meiner eg at eg har klart.

Når det kjem til informantane, var eg veldig tydeleg på at eg ynskja å ta føre meg den yngre generasjonen. Kjernen i oppgåva mi ligg i korleis ungdomane nyttar talemålet og kva haldningar dei har til dialektbruk. Eg hadde ikkje noko ynskje om å gjere ei samanlikning av ulike generasjonar. Valet falt på ungdomsskuleelevar. Borneskuleelevar meiner eg hadde blitt for unge. Det er ein fordel at informantane er såpass store at dei har eit forhold til kva dei skal

svare på. Ungdomsskuleelevar er og i ein alder kor dei bryr seg om kva andre meiner og er ganske mottakelege for ytre påverknader. Dei har kontakt med andre menneske gjennom teknologi, og dei fartar meir rundt enn dei som er yngre. Nettverka hos ungdom flest er relativt opne. Eg tenkte og at det ikkje hadde nokon hensikt å gå til vidaregåande skular. Då ville eg hatt problem med å sile ut dei som var frå Ringsaker, i og med at elevane på vidaregåande kjem frå heile fylket. Dermed falt valet ned på ungdomsskulen og trinnet som vart valt.

Det er ungdomsgenerasjonen åleine som er målgruppa, og som referanse brukar eg dei eldre dialekttrekka slik Skjekkeland og Jahr har gjort greie for dei. Eg veit ut i frå eiga erfaring at generasjonane fødd kring andre verdskrig og tidlegare har dei aller fleste eldre trekk i talemålet sitt, medan det i noko grad er på veg ut hos generasjonar i mellom. No er det nemnt, men som sagt er dette ikkje ein del av undersøkinga mi, då eg har lagt fokuset på andre faktorar.

I kapittel 4 skreiv eg om korleis ein kunne velje ut informantar og kva slags påverknad det kan ha på resultatet. I mi undersøking har eg vald å trø inn i den tradisjonelle dialektologien i valet av informantar. I informantutvalet mitt har krava for å bli med i undersøkinga vore følgjande: Informanten må ha vekse opp i kommunen Ringsaker og ikkje vore busett nokon annan plass enn i Ringsaker kommune. Minimum ein av foreldra må ha vekse opp i Ringsaker kommune. I den kvalitative delen kor eg intervjuar 6 informantar, har eg satt som krav at begge foreldra må vere frå Ringsaker. Eg er klar over at ved å gjere et slik utval, vil eg ikkje få eit hundre prosent riktig bilede av korleis språksituasjonen er i Ringsaker. Om eg hadde vald å ta med alle språkbrukarane uavhengig av nemnte krav, ville eg fått eit meir riktig bilede på den *faktiske* språkbruken blant ungdom i Ringsaker. Men det er ein årsak til at eg har gjort det utvalet eg har gjort. Ynsket mitt er å kartlegge korleis *dei reelle* brukarane av ringsakmål talar i dag. Innflyttarar frå til dømes Oslo og Gudbrandsdalen talar ikkje ringsakmål, det seier seg sjølv. Påverknaden mellom innbyggjarar og tilflyttarar kan gå begge vegar. Eg vil undersøke korleis variablane frå eldre ringsakdialekt har halde seg hos den gruppa kor det er *forventa* at dialekten finst. Eg ventar ikkje å finne spor av dativ og palatalisering hos ein innflyttar frå Oslo. Eg har såleis vald å undersøke ungdom som høyrar til kategorien ”brukarar av ringsakmål”. Så er det interessant å finne ut i kva grad dei eldre dialekttrekka frå Ringsaker blir nytta hos ungdom, og i kva grad dei er påverka av innflyttarar og andre talemålsbrukarar med andre språklege utgangspunkt.

Som eg allereie har vore inne på eit par gonger, henger språk og identitet tett saman. Ungdom er i ei livsfase kor dei er opptekne av kven dei er og kva gruppe dei ynskjer å høyre

til. Difor passar dei godt inn i konseptet med å undersøke trekk, haldningar og akkommodasjon hos informantane.

I kapittel 3 greia eg ut om talemålsforskinga i Noreg. Eg greia då ut om den junggrammatiske tradisjonen som har stått sterkt i Noreg, sjølv etter at sosiolingvistikken fekk fotfeste. Eg ser at oppgåva mi ber preg av begge tradisjonane, både tradisjonell dialektologi og sosiolingvistik. I og med at eg tek utgangspunkt i dei opphavlege, eller historiske variablane, er det diakrone forskingsperspektivet teke vare på sjølv om oppgåva stiller seg inn i ein sosiolingvistisk tradisjon.

## 4.6 Transkripsjonen

Attgjeving av munnleg materiale fører med seg fleire val som ein må ta i høve til korleis det skal transkriberast til skrift. Eg vil attgjeve samtalan med informantane fonemisk, og i dette avsnittet vil eg gjere greie for korleis eg markerer ulike fonetiske førekomstar.

For å markere **tjukk L** har eg vald å bruke teiknet [ **l̥** ] frå IPA-alfabetet. For å gjere det enkelt, har eg vald å nytte dette teiknet både når det er snakk om tjukk L i ord som *sol* og ord som *jordbær*.

For å attgjeve kor **trykket** på ordet ligg, til dømes i ordet *banan* som eg spør alle informantane i den kvalitative delen om, nyttar eg teiknet [ **ˈ** ] for å markere trykket. Om informantane har trykk på første staving, vil teiknet vere plassert føre sjølve ordet. I så tilfelle vil det truleg «snike» seg inn ein dobbelkonsonant fonetisk, som ikkje nødvendigvis skal vere der skriftleg. Til dømes vil ordet «banan» uttalast *bannan* om trykket ligg på fyrste staving. Her vil eg då også markere det med ein ekstra konsonant, i dette tilfelle ein *n*. I motsett fall, om trykket ligg på andre staving, vil eg markere det med same teiknet, men då inne i sjølve ordet. Til dømes vil det då markerast slik, *ban<sup>ˈ</sup>an*.

**Palatalisering** vil eg markere i ord ved å leggje inn ein *-i* i orda det gjeld. Til dømes vil dette vere aktuelt i orda *mann* og *alle*. Om det førekjem palatalisering i disse orda, vil dei skrivast slik: *mæinn* og *æille*.

Elles er **senking** av vokalar noko som eg særskild leitar etter hos informantane. Alle vokalar vil bli skrive slik informantane uttalar dei. Til dømes vil eg skrive ordet *sopp såpp*. Eg prøvar i alle tilfelle å skrive så ljodhermande som mogleg, og tek i intervjuisita ikkje omsyn til rettskrivingsreglar.

## 5.0 Den tradisjonelle Ringsakdialekten

Dei norske dialektane delast inn i to hovudgrupper, Austnorsk og Vestnorsk. Innanfor dei to gruppene delast dialektane vidare inn i underkategoriar- vikværske, midtaustlandsk, opplandsk og østerdalsk<sup>48</sup>. Ringsakdialekten høyrer til dei opplandske dialektane. Opplandsk grenser til svenske talemål i aust, til østerdalsk og gudbrandsdalsk i nord, til hallingdalsk i vest og til midtaustlandsk i sør. Nedanfor skal eg gjere reie for den tradisjonelle dialektformene i Ringsakdialekten, slik vi finn dei hos Jahr (1990) og Skjekkeland (1997/2005).

Ein varietet er eit system av lingvistiske normer. I undersøkinga mi skil eg primært mellom to ulike varietetar. Den eine er den tradisjonelle ringsakdialekten slik han kjem til uttrykk med dei eldre formene. Den andre varieteten er ein varietet frå Oslo aust. Primært blir disse to varietetane satt opp mot kvarandre i spørsmåla. Me kan på heile sentralaustlandet sjå at dei standardaustlandske formene får meir og meir innpass og brer seg utover i areal. Dermed er det naturleg å tenkje at om informantane har divergert vekk i frå den tradisjonelle dialekten, så har dei dermed konvergert mot standardaustlandske former.

I undersøkinga mi har eg hovudsakleg plukka ut lingvistiske variablar som kan vise om språket i Ringsaker har endra seg noko frå slik det opphavleg har vore. Då har det vore viktig å finne fram til gode variablar som representerer dei eldre talemålstrekka. Til dømes var det viktig for meg å få med variablar kring fenomenet palatalisering, som har vore (moglegvis er) eit dialekttrekk i tradisjonell ringsakdialekt.

### 5.1. Fonologi

Fonologi er læra om dei ljodbærande funksjonane i språket. I fonologien studerer ein dei ljodlege mønstra og ljodleg uttale.

#### 5.1.1 Vokalar

*Senking* er eit språkleg fenomen me finn i talemålet i Ringsaker. Det er ein ljodleg prosess der vokalane faller eit hakk ned på vokalskalaen samanlikna med norrøn tid. Senking gjeld om vokalane er korte. Dette fenomenet kan ein finne i mange dialektar, men det som er særskild med dei nordaustlandske dialektane, som Ringsaker høyrar til, er at fenomenet er brukt i høg

---

<sup>48</sup> Skjekkeland:2005

grad og på fleire område<sup>49</sup>. Norrøn kort *o* blir /ø/ eller /å/. Til dømes vil *gulv* bli *gølv* og *troll* bli *trøll*. På same viset vil kort *a* kunne bli til *æ*. Til dømes vil *kalv* bli *kælv*. Unntaksvis nyttast *a* i staden for *æ* i ord som sluttar på *-lt* i områda nord for Brøttum. Framfor tjukk *L* kan vokalen og vere lang. Vokalane er korte i ubestemd form og lange i bestemd form. Til dømes uttalast *grannen gra:an*.

I ringsakdialekten har ein og diftongering. *Au* er bevart, og nord for Brumunddal er alle tveljodane framleis i bruk. Tilgrensande område til Ringsaker har monoftongering, men i Ringsaker har diftongane halde seg sterkt. Frå gamalt av heiter det seg at grensa mellom diftongering og monoftongering gjekk langs Brumundelva, og at elva har stått som eit språkleg skilje. Såleis tenkjer eg at det ikkje er umogleg at det førekjem noko monoftongering i Brumunddal, medan det meste geografisk av Ringsaker opphavleg skal ha hatt diftongering. Brumundelva er markert på kartet over Ringsaker i kapittel 2.

I eldre ringsakmål har ein endring i einskilde vokalljodar. Norrøn kort *o* blir til *ø* eller *å* (*gølv*, *dågg*). Kort *a* kan bli til *æ* (*kælv*). I Ringsaker har ein tradisjonelt og hatt Omljod i presens (*å komma – kjæm*).

### 5.1.2 Tjukk *L* og retrofleksar

Denne ljoden blir laga ved at tunga går frå ein posisjon kor ho er vend bakover, og slår eit lite slag framover i ganen<sup>50</sup>. Retrofleksar er vanlege i store område av Noreg, ikkje berre i det opplandske talemålet. Målmerket er vanleg på heile austlandet, Trøndelag og einskilde sørlege område av Nordland. Einaste staden han ikkje har vore så vanleg er på vestkanten av Oslo, der ein slank utgåve at *l* har vore rådande, og retrofleksar oftast fråverande.

I ringsakdialekten har det vore konsekvent bruk av tjukk *l* (*ɫ*, retrofleks flapp) både hos norrøn *l* og *rð*. Både tjukk *l* og retrofleksar har vore brukt konsekvent i alle ord som naturleg skal ha retrofleksar i austnorsk. Jamfør at tjukk *l* er eit gamalt målmerke som kjenneteiknar austlandet går det att i alle ordklasser. Til dømes ord som ert, sol, gjorde og gard. Unntaka som stadfester regelen er at i einskilde ord blir *alveolar l*, som etter /e:/, /y:/, /øy:/. Tjukk *l* førekjem heller ikkje saman med vokalane /d, t, s, r, n/<sup>51</sup>. Med andre ord kan me seie at tjukk *l* har vore brukt i alle høve kor fenomenet naturleg har vore i austlandsmål, både i ord med *l* og

---

<sup>49</sup> Mæhlum og Røynealand:2012

<sup>50</sup> Jahr 1990:14

<sup>51</sup> Skjekkeland 1997:90

ord med *rd*.

### 5.1.3 Palatalisering

Palatalisering er eit språkleg fenomen som oppstår når tannljodane (dentalar), *nn*, *ll*, *dd* og *tt* blir uttala mot den harde ganen bak i munnen. Det kan høyrast ut som disse ljodane har fått ein j-klang over seg<sup>52</sup>. Palatalisering er ikkje eit gjennomført fenomen på austlandet. Det går eit skilje sør i Hedmark. Skjekkeland skriv at det i Hedmark er snakk om palatalisering berre i trykksterk staving<sup>53</sup> samt palatalisering av alveolarar.

Når det gjeld palatalisering er det ikkje så mykje vi finn i Ringsaker, medan ho har vore der i eldre tid (norrønt). Til dømes har me funne palatalisering i ord som *å tenkje*, *ei krykkje*. Palatalane har truleg forsvunne meir og meir, og eg meiner det er mest eldre folk som framleis brukar fenomenet. Hedmark (truleg nord for Brumundelva) har opphavleg hatt palatalisering av lange alveolarar. Palatalisering kan finnast etter alle vokalar, medan ho til vanleg er gjennomført berre i trykksterk staving. Ringsaker ligg utanfor hovudområde for palatalisering og difor førekjem fenomenet noko annleis her enn til døme i Trøndelag. I staden for, eller i tillegg til, palatalklangen i konsonanten vil det førekome ein kort diftong føre konsonanten (*breinnje*, *mæinn*)<sup>54</sup>. Ikkje-palatale ljodar har vist seg i tidlegare forskning å vere ekspansive utanfor palatalområde, noko som byggjer oppunder argumentet om at palataliseringa har gått tilbake i Ringsaker<sup>55</sup>. I staden har det utvikla seg ein vokal framfor konsonanten slik at det har vorte ein tveljod (til dømes *mæɲɲ* = *mæinn*). Teorien min er at det dei seinaste åra har gått eit skritt lenger og blitt *mænn* utan vokalen framfor. Om konsonanten *g* kjem etter *r*, uttalast han som *j*.

### 5.1.4 Prosodi

Det ein fyrst legg merke til når nokon talar er setningsmelodien. Ofte omtalar ein fenomenet som musikken eller tonen i språket. I norsk er det ein tydeleg skilnad mellom det me kallar *tonem 1* og *tonem 2*. Skjekkeland skriv at skiljet mellom dei kjem fram i ord som inneheld ei trykksterk staving med etterfølgjande trykklette stavingar og at det er tonerørsla på den trykksterke stavinga som skapar den avgjerande skilnaden.

---

<sup>52</sup> Jahr 1990:14

<sup>53</sup> Skjekkeland 2005:204

<sup>54</sup> Skjekkeland 1997:107

<sup>55</sup> Borg 1971:18

Kvar dialekt har sin tonegang og me finn det også i ringsakmål. I tradisjonell ringsakdialekt finn ein trykkplasseringa i uttale av ordet i bakre ordstaving (jamfør tonem). Til dømes `stasjon og `banan. Unntaket er einskilde framanord, til dømes tyske prefiks som får trykket plassert på fremre del av ordet. Til dømes gjelder dette ord som *Betale og bestemme*. Sett bort frå unntaka førekjem som oftast trykket i orda på fyrste staving i eldre ringsakmål.

### 5.1.5 Jamvekt

Som i andre austlandske dialektar finn ein og jamvektsord i Ringsaker, jamfør jamvektsregelen. I opplandske talemål verkar regelen inn på dei ulike verbalkonstruksjonane. Det vil seie at der ein har kløyvd infinitiv, altså ulike endevokalar, og kløyving av presens, preteritum og supinum av svake a-verb. Jamvektsregelen har også verka inn på gamle jamvektsord i ordklassa svake substantiv. Vi kan og sjå fenomenet i adjektivbøyinga i opplandsk (*gamal*), der fullvokalen er tatt vare på og i einskilde pronomen.

Både kløyvinga av infinitiv og svake substantiv er felles grammatiske regler for dei austnorske språkdraga, medan kløyvinga av presens, preteritum og supinum av svake a-verb berre er spesielt for einskilde austnorske stader, nemleg dei opplandske og østerdalske språkområda.

På grunn av jamvektsprinsippet har Ringsakerdialekten full reduksjon av endingsvokalen i historiske overvektsord. Det gjer at den største gruppa av dei svake verba, altså a-verb, blir delt i to delar<sup>56</sup>. Overvektsorda får vokalreduksjon (*kaste*), medan jamvektsorda held på fullvokalen (*tala*). På grunn av jamvektsprinsippet har dialektene i Ringsaker full reduksjon av endingsvokalen

### 5.1.6 Nektingsadverb

I Ringsaker har det tradisjonelt alltid vorte brukt forma *itte* av nektingsadverbet *ikkje*. Dette er eit fenomen som har større utbreiing på austlandet enn berre i Ringsaker. Fenomenet strekker seg over heile Hedmark fylke, den nordlege delen av Akershus, den austlege delen av Oppland og noko oppover Gudbrandsdalen, samt i ein liten krins sør i Trøndelag. I Hamar,

---

<sup>56</sup> Skjekkeland 1997:84



som er ein bykommune og grensar til Ringsaker i sør, ser me at innbyggjarane i lenger tid har nytta forma *ikke* av ordet.

## 5.2 Morfologi

Morfologien er greina innanfor språkvitskapen som studerer korleis ord er bygd opp av mindre element. Læra tek for seg bøyning av ord og orddanning. Nedanfor skal eg gjere greie for morfologiske trekk og eigenskapar i ringsakmålet.

### 5.2.1 Substantiv

Frå den norrøne substantivbøyinga ser me at hovudinndelinga gikk mellom sterke og linn bøyning. Det fanst og ein samanheng med kva genus substantivet hadde da norrønt som kjent var eit kasusspråk. I Ringsakerdialekten kan me framleis sjå rester etter det gamle bøyningssystemet, til dømes ved bruk av dativsformer. I endre talemålstradisjon har kasusformene frå norrøn tid hatt godt rotfeste i Ringsaker. Til dømes kan me sjå fenomena i einskilde bøyingar av sterke substantiv. Hokjønnsordet *boka* kan til dømes bøyast så me får former som *bøken* ( i staden for *bøkene*) og hankjønnsordet *stolene* kan bli *stolom*.

Linne substantiv med kort rotstaving i norrønt held tradisjonelt på endingane –ur/-or/-ar. Skjekkeland nemner at endingsvokalen i slike høve høyrer til sjølve substantivet i eintal (ei *viku*, fleire *hosor*)<sup>57</sup>. I mange døme får Ringsaker her full reduksjon av alle tre endingane, medan dei held seg i noko av stavinga. I substantiv i bunden form fleirtal ser med at endingsvokalen i substantivet forsvinner. Me ser da at me får *hesta* og *skålen* i staden for *hestene* og *skålene*.

### 5.2.2 Dativ

Substantiv og ein del pronomen får ei eiga bøyning når dei opptrer i bestemte syntaktiske posisjonar i ei setning. I motsetnad til i norrøn tid, finn vi berre dativ i bestemt form no. I dag kan det sjå ut som at dativ ser ut til å forsvinne meir og meir, men at det framleis er å finne

---

<sup>57</sup> Skjekkeland 1997:147-150

einskilde i landet. Eg tenkjer at det særleg er *eldre* språkbrukarar i *rurale* strøk som har levande dativ. Dei norrøne substantiva hadde bøyingsformer som viste kva for ein syntaktisk funksjon dei hadde i setninga. I ringsakdialekten ser me restar etter dei gamle kasusformene fra norrøn tid. Dei kjem til uttrykk som dativsformer. Skjekkeland poengterer at desse orda ikkje har ein fast plass i bøyingssystemet, men sitt framleis att i språket som *stivna uttrykk*<sup>58</sup>. Dei bundne formene har vore mindre utsette for bortfall jamfør dei ubundne. Me ser dativ helst ved visse preposisjonar som *i fjellom, på vega*. Me kan og finne dativ ved indirekte objekt (omsynsledd), *du må hælde kjærtingen dine*.

### 5.2.3 Personlege pronomen

I 1. person eintal heiter det i eldre form i Ringsaker *je*. Elles på Austlandet er forma *jæi* mykje brukt og verkar ekspansiv. I 2. person eintal nyttar ein forma *du*. I målføre med levande dativsbruk, som det opplandske målet og ringsakerdialekten, vil ein finne særskilde dativsformer av personlege pronomen i 3. person eintal. I tredje person eintal har ein nytta former som *hu* og *han*, kor a-en i han har vorte til /æ/. I Ringsakerdialekten får dei trykklette formene av hankjønns *n* som subjekt i hankjønns og *a* i hokjønns i staden for ( Je såg a i væga, Hu såg`n Ola). Desse funksjonane er også nytta i objektsform av pronomena.

I fleirtal nyttar ein i første person forma *vi*. Objektsforma som nyttast er *oss*, men vokalen går til å bli /ø/, så den eldre uttaleforma er *øss*. I andre person seier ein i opphavleg ringsakmål *dekk*. I tredje person seier ein i opphavleg ringsakmål *domm*.

### 5.2.4 Eignedomspronomen

I tredje person eintal finn ein i Ringsakmålet den assimilererte forma *hass* i hankjønns. I fleirtal er det den standardaustlandske forma *vår* som gjeld. I andre person brukast forma *deres* og i tredje person *doms*. Elles er dei austlandske eignedomspronomena *min, din og sin* rådande.

---

<sup>58</sup> Skjekkeland 1997:151

## 5.2.5 Verb

Omljod i vokal i presens av sterke verb finn ein i dag i store deler av landet, også i ringsakmålet (til døme *søv*). I eldre ringsakmål ser ein at enda –r ofte forsvinn i presens. Til dømes *å kaste – kaste*, i staden for forma *kaster*. I målføre med infinitiv på –e i utlyd ser ein tendensar til at uttalemåte og tonem endrar seg<sup>59</sup>.

I ringsakmålet finn ein preteritumsformer som *brøyt og krøyp*. Elles er det Omljod i mange verb. Til dømes har me i preteritum former som *fækk* (fekk) og *fønni* (funnet).

Endingsvokalen –i har vore ekspansiv på Austlandet. I perfektum partisippform av sterke verb vil ein i ringsakmål finne mange slike former, til dømes *børi, lesi, biti*.

Ringsaker høyrer til kjerneområde for jamning og kløyvd infinitiv, noko som speglar måten verba blir uttala på. Difor finn me innanfor uttale av verb både –a(r) og –e(r) som endingsmorfem. Til dømes *hu kaste* og *hu baka*. I somme ord finn me tiljamning, medan me i andre finn utjamning.

*J-lyden* kjem i somme tilfelle til uttrykk i ringsakmålet. Til dømes i *spørja* og *smørja*. Men *j-lyden* er ikkje eit gjennomført fenomen i målet.

---

<sup>59</sup> Skjekkeland 1997:173

## 6.0 Undersøkinga

Å finne årsakene til, og mekanismane bak dei språklege endringane er noko av det viktigaste og det mest komplekse innanfor lingvistikken. Sjølv om ein observerer at ein variabel har vorte utsett for endring, er ein ikkje i mål med å finne svar. Kvifor har dette skjedd? Korleis kan eit nytt fenomen ha kome fram? Kva faktorar ligg bak? Disse spørsmåla om kva som utløyser endringane kallar Weinreich (red.) for «the actuation problem»<sup>60</sup>.

Eg har ikkje noko mål om å finne svar og rota til alle endringane som finst innanfor variablane eg har vald ut. Til det er forskingsfeltet for stort og oppgåva mi for snever. Men eg ynskjer å prøve å seie noko om KVA som har endra seg og knytte det opp mot nokon teoriar om kvifor. Eg kjem altså ikkje med noko fullstendig utfyllande årsaksfasit til kva som har skjedd med språket, men gjennom undersøkingar om språklege variablar og haldningar blant ungdom vil eg danne meg eit bilede av språksituasjonen i Ringsaker blant ungdom anno 2014.

### 6.1 Innsamling av empiri

Eg starta innsamlinga av det empiriske materialet våren 2013. Da hadde eg motteke godkjenning til å starte frå Nasjonalt samfunnsfaglig datatilsyn (NSD). Eg tok kontakt med dei to skulane eg ynskja å gjere mine granskningar på, og kom i kontakt med rektor ved Brumunddal ungdomsskole kring påsketider. I juni var eg på Brumunddal ungdomsskole og gjennomførte dei skriftlege, kvantitative undersøkingane i fire av fem klasser på niande trinn. I løpet av sumaren fikk eg og kontakt med rektor på Brøttum barne- og ungdomsskole. I oktober var eg på Brøttum og gjennomførte dei kvantitative undersøkingane. Eg fekk tatt dei i to klassar på tiande trinn. Alle elevane som har vore med, har høyrd til same årskull på skulen, 1998 – kullet (eit par unntak av 1997-elevar som har gått i klassene). Datamateriale vart anonymt samla inn og analysert. Eg satt som krav at minst ein av foreldra til informanten måtte vere frå kommunen, og at informanten sjølv hadde vekse opp på staden.

På Brøttum satt eg att med 22 undersøkingar eg kunne nytte meg av. På tilsvarande måte var det 52 informantar på Brumunddal eg kunne bruke. Dermed består den kvantitative delen av 74 informantar frå Ringsaker kommune.

I forkant av mitt besøk på skulane, sendte eg eit samtykkeskjema på elektronisk post til

---

<sup>60</sup> Weinreich 1968:102

lærarane som var kontaktperson. Elevane fekk dette skjema med seg heim for å få underskrift frå føresette at det var i orden at dei deltok i undersøkinga mi ( arket ligg blant vedlegga til oppgåva). Alle elevane med samtykke frå føresette fekk utdelt spørjeundersøkinga. Dei fikk velje sjølv om dei ynskte å fylle dei ut. På sjølvne spørjeskjemaet kunne elevane krysse av om dei ikkje ville delta på intervju i etterkant. Elevane fekk beskjed om å skrive førenamn og klasse på arket med blyant, slik at eg kunne finne tilbake til dei om dei skulle vere informantar i den kvalitative delen. Rett etter at undersøkingane var samla inn viska eg namnet deira ut og ga dei eit nummer i staden. Eg noterte på eit ark kva informanten bak nummeret heita. Arket vart låst inn i ein skuff heime. Eg hadde ikkje sjølv noko ynskje om å vite kven informantane var då eg gjekk i gjennom svara. Eg sorterte ut dei undersøkingane kor informantane ikkje oppfylte krava eg satt. Etter sorteringa satt eg att med talet 74 som nemnt.

Hausten 2013 gjennomførde eg og dei kvalitative undersøkingane mine. Her satt eg krav om at begge foreldre skulle vere frå Ringsaker. Eg plukka ut 6 heilt tilfeldig valde informantar, tre gutar og tre jenter. Dei er frå ulike stader i kommunen, men området kring Brumunddal er best representert. Det er i samsvar med kor i kommunen det bur flest menneske, og eg meiner utvalet eg sitt at med i den kvalitative delen er representativt for Ringsaker kommune. Eg låste opp skuffen med namna bak nummera for å finne ut kven dei var og sende førespurnad om dei framleis var interessert i å vere med. Eg fekk positiv respons frå alle 6 eg spurde. Etter at informantane var på plass vart arket med namn makulert. Eg avtalte ein dag eg møtte alle 6 informantane og intervjuar dei. Eg hadde ei liste med spørsmål og tema eg ville tala med dei om, men eg var og oppteke av å prøve å få til ein så naturleg situasjon som mogleg, så ingen av intervjuar vart heilt identiske. Eg brukte mellom ti minutt og eit kvarter på kvar informant. I og med at undersøkinga og består av ein kvantitativ del var det aldri meininga å gjere noko djupintervju eller gjere den kvalitative delen svært omfattande. Den er meint som eit supplement til den kvantitative delen, for å stadfeste (eller avkrefte) funn der og gå litt meir inn på dei ulike spørsmåla. Eg hadde med meg bandopptakar i intervjusituasjonen og tok opp alt som vart sagt på band. Då eg kom heim, skreiv eg ned intervjuar. Opptaka er i dag sletta frå datamaskin og band, og dei eksisterer ikkje. Dette er gjort i tråd med krav om informantane sitt personvern og krav til anonymitet i undersøkinga. Eg ville gjerne gje informantane mine ein fiktiv identitet og har vald ut seks namn som informantane i den kvalitative delen blir presentert som. Disse namna har ingen tilknytning til kva dei heiter i verkelegheita ( og det hugsar eg ikkje sjølv heller). Eg har gitt dei seks namn som er vanlege namn i Ringsaker kommune. For enkelthets skyld starter namna på kvar sitt

initial.

### **6.1.1 Val av informantar til kvantitativ undersøking**

Som nemnt i avsnittet over har eg vald å ta utgangspunkt i to ungdomsskular i kommunen. Ein ifrå dei rurale områda og ein som representerer dei urbane. Eg har vald å bruke elevar på ungdomsskuletrinnet av fleire årsakar. For det fyrste ynskjer eg å undersøke innanfor ein kommune. Hadde eg lagt undersøkinga til vidaregåande ville elevane vore meir «flyttbare» og påverka frå fleire område. På Ringsaker vidaregåande går det elevar frå heile fylket, og ikkje berre frå kommunen, difor er det ein dårleg idé. Når ungdom har fylt seksten har dei fleste også førarkort på moped og beveger seg meir over kommunegrensar både i skulekvardagen og på fritida. Å bruke yngre elevar synast eg og verka som ein dårleg idé i høve til kva slags spørsmål eg ville stille og i kva grad svara eg fikk inn kunne vere riktige. Eg vurderte det dit at barneskuleelevar kanskje ikkje har eit godt nok og bevisst forhold verken til eiga språkbruk eller stadtilhøve. Difor stod eg att med ungdomstrinnet.

I juni 2013 var eg på Brumunddal ungdomsskule og gjennomførte den kvantitative undersøkinga. Her deltok fire av fem niandeklassar og eg satt att med 52 svar eg kunne bruke. I oktober 2013 var eg på Brøttum og gjennomførte den same undersøkinga. Her var det to klassar på tiande trinn som deltok. Årsaka til at eg no gjennomførte undersøkinga i tiande er at dei var like gamle som dei som gjekk i niande førre skuleår, slik at alle informantane mine er like gamle. På Brøttum satt eg att med 22 svar eg kunne nytte meg av. Altså var det 52 informantar på Brumunddal og 22 informantar på Brøttum som svarte til kriteriet om minst ein forelder frå Ringsaker. Dermed består den kvantitative delen av 74 informantar frå Ringsaker kommune.

### **6.1.2 Val av informantar til kvalitativ undersøking**

Til dei seks informantane eg skulle plukke ut til å vere med i den kvalitative delen av undersøkinga satt eg følgjande krav. Dei måtte ha vekse opp i Ringsaker kommune og ha budd her heile livet. I tillegg måtte begge foreldra deira vere frå kommunen. Eg har plukka dei ut ifrå informantane som deltok i den kvantitative delen. Det er tre jenter og tre gutar som er plukka ut.

### 6.1.3 Val av variablar

Når ein skal finne variablar til ei undersøking er det viktig å tenkje på kva ein ynskjer å finne ut. I denne undersøkinga har et plukka ut språklege fenomen som er typiske for eldre ringsakdialekt. Alle variablane som er med i undersøkinga har tradisjonelt vore nytta i Ringsaker. Eg har og typisk vald former som ikkje høyrer heime i standardaustlandsk eller mål frå Oslo aust, nettopp for å markere eit skilje eller ein mogleg overgang til disse formene. Til dømes er former som retrofleks flapp og Omljod frå *o* til *ø* språklege fenomen som også er vanleg i sentrale egn på austlandet generelt. I Ringsaker har dei tradisjonelt vore heilt gjennomførde.

I ringsakmålet har ein sett restar frå kasusformene frå norrønt, til dømes har dativ aktivt vore brukt i eldre ringsakmål. Eg finn det særskild interessant å undersøke i kva grad dativ har halde seg i målforma, da dette er sjeldan me ser i Noreg i dag. I den kvantitative undersøkingsdelen har eg rett og slett vald å gje informantane fleire variablar å velje mellom enn standardaustlandsk form og rett dativsform. Dette er noko eg har gjort med stort medvit. Eg har sjølv lagt merke til at av dei som nyttar dativsformer hos den yngre generasjonen, ofte nyttar dei annleis enn eg ser besteforeldra mine gjer. Eg må sjølv innrømme at i dialektbruken min er eg usikker på om eg nyttar dativsformene konsekvent rett. Eg ga difor informantane alle moglege utslag eit ord kunne få for å sjå korleis dei uttalte det.

I kapittel 6.2.2 spør eg om bøyingsallomorfen *e*. I eldre ringsakdialekt har det vore ein tradisjon for å kutte ut *-r* på slutten av verbbøying i presens, til dømes blir da *kaster* uttala *kaste*. Det er interessant å sjå om ungdomsgenerasjonen også gjer det.

Om palatalisering framleis er nytta blant ungdom i Ringsaker kan ein sjå i kapittel 6.2.3. Palatalisering fanst i Ringsaker i eldre tid, og eg er nysgjerrig på om ungdom framleis har halde på dette språklege fenomenet i Ringsaker. Eg trur sjølv at fenomenet er på veg ut av talemålet i Ringsaker, og at ein «mellomvariant» av standardaustlandsk form og den eldre palatale, har fått innpass. Til dømes ville ein informant som palataliserte vald å seie *æille* medan ein i standardaustlandsk seier *alle*. Eg trur at mellomvarianten *æille* kan bli nytta i stor grad. Her har palataliseringa blitt borte, men Omljoda er teke vare på. Om dette stemmer kan ein lese ut ifrå resultata nedanfor.

Eg har vald å spørje informantane mine om pronomenbruk, då dette er noko som tradisjonelt har skilt seg ut frå standardaustlandske former. Til dømes har ein i Ringsaker nytta variablane *je* og *dom* i staden for *jæi* og *dem*. Også spørjeord har eg tatt med i undersøkinga då disse og skil seg frå dei standardaustlandske formene. Tradisjonelt har

spørjeord i Ringsaker starta med bokstaven *å*, gjerne med ein *h*-ljud framfor. Eg har vald å spørje informantane mine om dei nyttar *å da* i staden for *hva da*, og om dei seier *håkken* i staden for *hvem*.

I den kvalitative delen av undersøkinga fekk eg moglegheit til å gå djupare inn i kva informantane svara. I denne delen valde eg å følgje opp fleire av dei språklege fenomen eg brukte i den kvantitative delen for å stadfeste at det eg fann i den kvantitative delen var reelt, men også for å finne fleire døme på språklege funn frå den delen. Eg nytta og høve til å stille fleire spørsmål for å kartlegge fleire varietetar. Eg har vald å ta med prosodi som ein viktig del av undersøkinga. I eldre ringsakmål har trykket tradisjonelt vore på siste del av stavinga. Det er interessant å sjå om dette har halde seg eller om det førekjem endringar i prosodi. Eg valde og å spørje dei om ulike einskildord som har hatt ein spesiell uttale i tradisjonelt ringsakmål. Til dømes er dette ord som *nykkjyl* og *hemmatt*.

Elles var det viktig for meg i den kvalitative delen av undersøkinga å finne ut kva haldningar ungdomane hadde til talemål. Meir om haldningar kan lesast om i kapittel 7.

#### **6.1.4 Spørsmål i den kvalitative intervjusituasjonen**

I dette delkapittelet skal eg gjere greie for kva spørsmål eg stilte informantane i den kvalitative delen og kva eg var ute etter av variablar.

I den munnlege intervjusituasjonen hadde eg med meg ei liste med spørsmål eg kunne stille informantane (sjå vedlegg X). Eg tok sjølv intervjusituasjonen noko på sparket ut ifrå korleis situasjonen og intervjuet held fram. For å sikre at eg fann dei variablane eg var ute etter, avslutta eg kvart intervju med ei «peikebokundersøking». Eg gav informantane eit ark med fleire billede, og så skulle dei fortelje meg kva dei så på billeda. I tabellen nedanfor kan ein sjå kva ord eg spurde om og kva eg ynskja å kartleggje.



	Spørsmål	Ord	Språklege trekk
1	Kva ser du her?	Banan	Kor i ordet informanten legg trykket, prosodi.
2	Kva ser du her?	Troll	Omljod av vokalen /o/ til /å/
3	Kva ser du her?	Jordbær	Retrofleks /rd/
4	Kva er dette?	Mann	Omljod frå /a/ til /æ/ + palatalisering ( <i>mainn</i> )
5	Kva gjer han?	Lesar	Omljod frå /e/ til /æ/ ( <i>læs</i> )
6	Kan du bøye ordet mann slik du seier det?	Mann +	Ute etter å sjå om informantane bøyar i dativ med former som <i>mennom / mænna</i>
7	Kva slags dyr ser du her?	Elg	Omljod frå /e/ til /æ/ + tjukk L.
8	Dette er to ....	Bein	Omljod frå /æ/ til /e/
9	Ho frys på ....	Beina	Omljod frå /æ/ til /e/ + dativsform som <i>beinom</i>
10	Kva ser du her?	Nøkkel	Omljodsordet <i>nykkjyl</i> . Eventuelt ein standardform av ordet med tjukk L.
11	Når du reiser til Spania, reiser du ...	Utanlands	Omljod i ordet lands til <i>lænn</i> s
12	Og når du har vore på ferie reiser du ...	Heim att	Her var eg ute etter ordet <i>hemmatt</i>

Elles stilte eg dei spørsmål som om dei var vakse opp i kommunen, kva dei likte å gjere på fritida og kva haldningar dei hadde til talemålet sitt. Eg har lagt med ei innhaldsliste som vedlegg. Sjå vedlegg X for utfyllande innhald.

## 6.2 Resultat av kvantitativ undersøking

I dette kapittelet vil eg presentere dei språklege resultata av den kvantitative delen av undersøkinga mi. Kvar språkleg variabel har fått sitt eiga delkapittel, og eg vil kommentere faktorar som skilnader i språkbruk mellom kjønn, språklege skilnader geografisk i kommunen og til sist vil eg leggje fram ei samla analyse.

## 6.2.1 Tjukk L [ l ]

Brumunddal				Brøttum			
Variabel	Gutar	Jenter	Sum	Gutar	Jenter	Sum	Totalt
Retrofleks flapp	28	14	42	6	10	16	58
Slank L	1	3	4	1	3	4	8
Veit ikkje	4	4	8	1	1	2	10
(Sum)	33	21	54	8	14	22	76

I kapittel fem nemnde eg at retrofleks flapp, tjukk *l*, har vore heilt gjennomført i eldre ringsakdialekt, og at slank *l* ikkje har hatt nokon plass tidlegare. Undersøkinga mi viser at dei fleste ungdommane framleis brukar retrofleks flapp når dei talar. Eg har her vald å berre undersøkt konsonanten *l* og ikkje tatt med retrofleksar som *-rt* osv. Dei har eg undersøkt breiare i den kvalitative delen. I dei tilfella kor informantane har vore usikre på kva dei skal svare, trur eg at dei kan liggje ein stad i mellom, at dei brukar begge variablane ut ifrå kva ord dei skal uttale. Totalt er det 11 % av informantane som oppgjer at dei brukar slank *l*, mot 76 % som svarar at dei brukar tjukk *l*. Ut i frå det kan me seie at den retroflekse flappen er eit dialekttrekk som har halde seg ganske godt og som ikkje er påverka i særskild grad.

### Brumunddal vs. Brøttum

Når det gjeld tjukk eller slank *l*, ser me ikkje dei store geografiske skilnadane i kommunen i høve til at det jamt over er mange som framleis nyttar den tjukke variabelen. Vel og merke er det er like mange informantar i Brumunddal og på Brøttum som svarar at dei brukar slank *l*. Prosentvis blir talet på informantar som svarar slank *l* større på Brøttum (18 % og 7 %). Dette er motsett av kva eg hadde førestilt meg på førehand. Eg ville trudd at eit så stødige dialekttrekk (med heile 76 % som nyttar den eldre variabelen) ville ha halde seg sterkare i den rurale delen samanlikna med den meir urbane, men såleis er ikkje tilfelle med retrofleks flapp.

### Skilnader mellom kjønn

Dei fleste informantane brukar tjukk l, på tvers av kjønn. Det som er interessant her er at på kvar skule svarte ein gut at han brukte slank l, medan resten av informantane som kryssa av på slank l var jenter. I prosent er det ikkje mange, men ein liten skilnad finn me her. Samla sett hadde 83 % av gutane tjukk l, medan 69 % av jentene hadde det same. Skilnaden er likevel neppe så stor at ein kan tale om ein tydeleg kjønntrend, men kanskje er det på veg mot ein endring? Såleis passar resultatane her godt over eins med det me kjenner frå sosiolingvistisk forskning, at jenter fyrst tek i bruk nye språkformer. Ut i frå resultatane er det mogleg at dette også er tilfelle med konsonanten l i Ringsaker.

### 6.2.2 Bøyingsallomorfen /e/ i presens av linne verb

	Brumunddal			Brøttum			
Variabel	Gutar	Jenter	Sum	Gutar	Jenter	Sum	Totalt
Kaste	13	4	17	1	6	7	24
Kaster	18	16	34	6	8	14	48
Anna form	2	1	3	1	0	1	4
(Sum)	33	21	54	8	14	22	76

Opphavleg fekk linne verb bortfall av –r i presens i ringsakdialekt. 63 % seier at dei nyttar *kaster* medan 32 % seier *kaste*. Det kan her sjå ut som bortfallet av –r som endingsmorfen i presens av linne verb har ein tilbakegang. Om det berre er ein tilbakegang eller om variabelen er på veg heilt ut av talemålet, kan eg ikkje seie med sikkerheit berre utifrå desse resultatane. Likevel viser tala ein retning mot at berre eit mindretal nyttar den opphavlege forma med bortfall av r. Om ein ser vekk frå dei som har svara at dei brukar anna form, så vil 1 av 3 bruke forma med –r bortfall. Sjølv om det berre er snakk om 32 % som nyttar den eldre variabelen, meiner eg det er ein relativ høg prosent av informantane. Det tydar på at variabelen framleis har rot i talemålet, sjølv om bruken har hatt tilbakegang.

## Brumunddal vs. Brøttum

Innanfor dei ulike stadene i kommunen finn me ingen skilnad i bruken av former med bortfall av -r. På begge skulene er det 32 % (rekna ut av summen på kvar av skulane, ikkje samanlagt) som nyttar den opphavlege forma. På begge skulane er det 63 % av informantane som oppgjer at dei nyttar forma *kaster*. Såleis ser me inga skilnad i forhold til geografisk plassering i kommunen.

## Skilnader mellom kjønn

I høve til kjønn synast eg å sjå noko interessant her. I Brumunddal oppgjer 39 % av gutane at dei nyttar den eldre forma, medan det er 19 % av jentene som gjer det same. På Brøttum ser me eit anna mønster. 13 % av gutane seier dei har -r bortfall. Av jentene svarar 43 % det same. Her ser me at i Brumunddal er det gutane som dominerer den eldre forma, medan det er omvendt på Brøttum. Så i høve til talet på informantar som nyttar den eldre forma totalt, ligg dei to stadene på nøyaktig den same prosenten. Skilnaden førekjem når ein sett fokuset på kjønn.

## 6.2.3 Palatalisering

	Brumunddal			Brøttum			
Variabel	Gutar	Jenter	Sum	Gutar	Jenter	Sum	Totalt
Mann	24	19	43	8	14	22	65
Mænn	7	2	9	0	0	0	9
Mæinn	2	0	2	0	0	0	2
(Sum)	33	21	54	8	14	22	76

	Brumunddal			Brøttum			
Variabel	Gutar	Jenter	Sum	Gutar	Jenter	Sum	Totalt
Alle	21	18	39	6	9	15	54
Ælle	11	3	14	2	5	7	21
Æille	1	0	1	0	0	0	1
(Sum)	33	21	54	8	14	22	76

### Samla oversikt over palatalisering og Omljod i prosent:

	Brumunddal		Brøttum				
Variabel	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter	G totalt	J totalt	Totalt
St.austl.	68 %	88 %	88 %	82 %	72 %	86 %	78 %
Omljod	27 %	12 %	12 %	18 %	24 %	14 %	20 %
Omljod +Pal	5 %	0 %	0 %	0 %	4 %	0 %	2 %

Når det gjelder palataliseringsfenomenet ynskja eg å ta med to ulike former for bruk i spørjeundersøkinga mi. Eg vil drøfte resultatata kvar for seg før eg gjer eit samla resultat.

Når det gjeld palatalisering av ordet *mann* er det berre 3 % som seier dei nyttar den opphavlege palatale forma. Disse to informantane er begge gutar busett i Brumunddal. 86 % av informantane totalt svarar at dei ikkje nyttar dei eldre forma av variabelen og heller nyttar den standardaustlandske forma *mann*. 11 % svarar at dei nyttar ei mellomform mellom den standardaustlandske og den palatale, nemleg *mænn*. I nemnd variant er framleis Omljodsfenomenet teke vare på medan palataliseringa har falt vekk. Om me slår saman dei som seier *mænn* og *mæinn*, landar me framleis berre på 14 % av informantane. Såleis kan me seie at den standardaustlandske forma *mann* har fått godt fotfeste her.

Når det kjem til palatalisering av ordet *alle* har me berre ein informant, ein gut frå Brumunddal, som svarar han framleis har gjennomført palatalisering av ordet. Det utgjer om lag 1 % av totalen. 71 % av informantane svarar at dei nyttar den standardaustlandske varietetten av ordet, *alle*, medan 28 % svarar at dei nyttar mellomforma kor Omljod framleis er med, men palataliseringa har falt vekk.

I begge høve ser me at dei fleste informantane nyttar standardaustlandsk variabel. Det er berre ein minimal del av informantane (2 %) som nyttar dei opphavlege formene med gjennomført palatal *æille* og *mæinn*. Dei fleste informantane har altså gått vekk i frå

palatalisering i slike høve. Som nemnt i kapittel 5 rekna eg med å finne døme på mellomformar i fleire tilfelle. Me ser at det stemmer. Det kjem klart til syne at einskilde nyttar mellomformer av *æille*, medan færre brukar mellomform i variabelen av *mæinn*. Det er skilnader i noko monn mellom *æille* og *mæinn* da fleire informantar svarar dei uttalar *æille* med æ enn det er som uttalar *mæinn* med æ. Palataliseringa har hatt tilbakegong. Mellomforma *ælle* ser ut til å ha fått større fotfeste enn mellomforma *mænn*. Me kan i alle fall slå fast ut ifrå resultatata eg her har lagt fram, at palataliseringa nærast har forsvunne hos ungdomsgenerasjonen i Ringsaker.

### **Brumunddal vs. Brøttum**

I høve til ulike stader finst det einskilde skilnader her som er verdt å leggje merke til. Palatalisering i variabelen *mæinn* er heilt forsvunne på Brøttum. Det same har mellomforma *mænn*. Ingen informantar på Brøttum nyttar verken palatal- eller Omljodsform av variabelen. Dermed tydar det på at dette fenomenet er forsvunne heilt frå dei rurale strøka av kommunen eg undersøkar. Det er likevel 32 % av informantane på Brøttum som nyttar variabelen *ælle*, så i dei rurale egna ser me at Omljod i vokal held seg i noko monn, medan palataliseringa er heilt vekke. I Brumunddal finn me døme på at alle variablane av begge fenomena er i bruk, men tendensane er dei same. Det er få, 2 %, av informantsvara som fell innanfor ein palatal variabel. Såleis kan det tyde på at det er på veg ut også i dei urbane egna. I Brumunddal som på Brøttum har variabelen *ælle* heldt seg betre enn *mænn*. På Brumunddal er det 17 % som nyttar mellomforma *mænn* og 26 % som seier *ælle*. Kring ein femtedel nyttar altså mellomformer på Brumunddal medan dei er mindre nytta på Brøttum. Dette tydar på at mellomformene har fått større feste i dei urbane egna, medan dei kanskje har hoppe over mellomforma og rett på den standardaustlandske variabelen i dei rurale egna.

### **Skilnader mellom kjønn**

Ein samla oversikt frå begge skulane synar at gutane i noko større grad enn jentene held på Omljod. Dei få tilfella av palatalisering er og å finne blant gutane. Om ein derimot går inn og ser på talmaterialet for dei to skulane kvar for seg, finn me ikkje lenger eit like eintydig bilede. På Brumunddal ungdomsskole er det ein tydeleg skilnad mellom gutane og jentene, der det er gutane som i størst grad held på Omljodsforma. Nærare ein tredjedel (27 %) oppgjer at dei nyttar Omljod, medan talet for jentene berre er 12 %. På Brøttum skule er ikkje

skilnaden mellom gutar og jenter like stor, men det er interessant å leggje merke til at me her ser eit motsett billede. Her er det jentene som i størst grad har heldt på den opphavlege Omljodsforma. Sidan talet på informantar er vesentleg større frå Brumunddal enn frå Brøttum er det likevel tala frå Brumunddal som slår mest ut i den totale oversikta. Palatalisering av variablane førekjem ikkje hos jentene i det heile teke. Slik at når me talar om dei opphavlege formene handlar det berre om Omljod.

Det kan vere interessant å filosofere kvifor me ser ein skilnad både mellom kjønna totalt sett, men ikkje minst også kvifor me ser ulike resultat på dei to skulane med tanke for kjønnsfordeling. I høve til palatalisering får me ein ny stadfesting på eit fenomen som har vist seg i fleire delar av undersøkinga. Nemleg at gutane i Brumunddal talar ei breiare dialekt enn jentene og at dette arter seg motsett på Brøttum. Det synast altså som at i dei meir urbane strøka av kommunen er det i hovudsak gutane som er bærare av dei eldre dialekttrekka, medan det på bygda er jentene som er mest tru mot det opphavlege.

## 6.2.4 Supinum av sterke verb

Variabel	Brumunddal			Brøttum			Totalt
	Gutar	Jenter	Sum	Gutar	Jenter	Sum	
Fønni	30	16	46	3	10	13	59
Finni	0	0	0	3	2	5	5
Funni	0	0	0	1	2	3	3
Funnet	2	5	7	1	0	1	8
Veit ikkje	1	0	1	0	0	0	1
(Sum)	33	21	54	8	14	22	76

Når det kjem til endingsvokalen –i i sterke verb, nemnde eg i kapittel fem at han har vore ekspansiv på Austlandet. I resultattabellen er det interessant å sjå at i-endinga har heldt seg ganske godt. Heile 88 % av informantane brukar i-endinga. Ein stor del av informantane, heile 77,6 % svarar at dei framleis brukar den eldre forma *fønni*. 11 % har tatt opp andre former som finst på Austlandet, men har heldt på ei form som endar på –i. Og om lag 11 % har gått over til forma *funnet* som ikkje tradisjonelt høyrer heime i Ringsaker.

## **Brumunddal vs. Brøttum**

I Brumunddal har 85 % halde på den opphavlege forma og på Brøttum er det 59 %. Den opphavlege forma har halde seg best i Brumunddal, men han har vist seg å vere ganske stabil på Brøttum også. I Brumunddal ser me ut i frå tabellen at det ikkje er nokon som har plukka opp dei andre austlandske i-formene, men dei som ikkje seier *fønni* har tatt bokmålsforma *funnet* som erstatning. På Brøttum kjem endringane annleis til uttrykk. Der er det ein informant som svarar at han brukar variabelen *funnet*, medan resten av informantane som ikkje brukar dei eldre formene har funne andre austlandske i-former dei nyttar. Dette kan tyde at elevane på dei to skulane har ulike påverknadskjelder.

## **Skilnader mellom kjønn**

Både på Brøttum og i Brumunddal ser me at dei fleste jentene held på den opphavlege forma. Skilnaden hos jentene på dei ulike stadene ser me i kva form dei konvergerer til andre i-former på Brøttum, kor ingen av jentene oppgjer forma *funnet*. I Brumunddal skjer det motsette ljà jentene. Alle jentene som ikkje seier *fønni* har her tatt forma *funnet*. Her kan me ikkje finne konvergens mot andre i-former ljà jentene.

Hos gutane i Brumunddal ser me same tendensen som hos jentene – dei som går vekk frå den opphavlege forma *fønni*, nyttar i staden forma *funnet*. På Brøttum er heller ikkje tendensen så avvikande mellom gutar og jenter, men her er talet på kva form dei brukar spreidd på alle fire variablane, så det er vanskeleg å sjå eit eintydig mønster hos gutane på Brøttum, særskild sidan talet på informantar er lite.

Totalt sett har 80 % av gutane helde på den opphavlege forma, medan 74 % av jentene svarar det same.



## 6.2.5 Pronomen – Personleg pronomen 1. person eintal

Variabel	Brumunddal			Brøttum			Totalt
	Gutar	Jenter	Sum	Gutar	Jenter	Sum	
Jæi	17	19	36	3	10	13	49
Je	15	2	17	4	4	8	25
Jæ	1	0	1	1	0	1	2
(Sum)	33	21	54	8	14	22	76

Tradisjonelt har uttala av dette pronomenet vore *je*. Her kan me sjå at det er 33 % av informantane som framleis har variabelen i språket sitt. Dei fleste har nærma seg den standardaustlandske måta å omtala seg sjølv på. 3 % av informantane ligg på ei mellomform av disse to variablane. Me kan seie ut ifrå resultatata at størst prosentdel, heile 64 %, har gått over til den standardaustlandske forma av ordet, nemleg *jæi*. Resultata frå den kvalitative delen av undersøkinga svarar til same tendensen som me kan sjå her. Informanten Christine seier blant anna: *Det ær vel fârdi jæi ær sammen med andre, såm ikke snakker så brett.*

### Brumunddal vs. Brøttum

I Brumunddal er det fleire av informantane som oppgjer at dei brukar *jæi*-variabelen enn den tradisjonelle. Det same tilfellet har me på Brøttum. Begge stader er det ein gut som trekk fram at han trur han helst seier *jæ*. På Brøttum nyttar 59 % av informantane den standardaustlandske variabelen. I Brumunddal er prosentdelen 67 %. Her ser med at skilnaden mellom dei ulike stadene i kommunen er minimale, men resultatata tyder på at han held seg noko betre i dei rurale strøka.

### Skilnad mellom kjønn

Samanliknar ein gruppa med gutar frå begge skulane, ser ein at tendensen er den same. I Brumunddal held 45 % på den opphavlege forma, medan 50 % på Brøttum gjer det same. På begge skulane er det ein gut som seier *jæ*. Antakeleg er dette ein variabel som for det meste brukast og oppstår som *slang* innanfor einskilde ungdomsmiljø.

Blant jentene i Brumunddal ser med at det er berre 10 % som framleis har den gamle

forma. Ho er nesten heilt borte ljà jentene i den urbane delen av Ringsaker. På Brøttum er det 29 % av jentene som framleis brukar *je*-variabelen. Medan gutane held på den opphavlege forma relativt likt på begge skulane, er det blant jentene ein tydeleg tendens til at dei i dei urbane strøka har gått vekk i får *je*-forma medan framleis kring ein tredjedel av jentene i dei rurale strøka nyttar ho. Samla sett er det 46 % av gutane, og berre 17 % av jentene, som framleis nyttar den opphavlege forma *je*.

### 6.2.6 Pronomen – Personleg pronomen 3. person fleirtal

Variabel	Brumunddal			Brøttum			Totalt
	Gutar	Jenter	Sum	Gutar	Jenter	Sum	
Dem	3	2	5	2	3	5	10
Dom	18	13	31	4	10	14	45
De	12	6	18	2	1	3	21
(Sum)	33	21	54	8	14	22	76

Resultata av undersøkinga viser at den eldre variabelen av tredje person fleirtal (*dom*) framleis er mykje brukt i Ringsaker. Om lag 60 % av informantane svarar at dei brukar han. Talet er noko lågt til at me kan seie at han framleis er gjennomført i bruk, men han står framleis sterkt då fleirtalet framleis nyttar den opphavlege forma. Resultata visar at 40 % av informantane nyttar ein av formene *de* eller *dem*.

#### Brumunddal vs. Brøttum

Me ser at dialektvariablane har halde seg på begge plassane. Prosentvis er det fleire som nyttar den standardaustlandske forma på Brøttum. Det me kan sjå her som er interessant, er at 28 % seier dei nyttar variabelen *de*. Denne variabelen er ikkje eigentleg heimehøyrande i den eldre ringsakdialekten, men kjem i frå tilgrensande dialektområde (Løten – Hamar). Det viser at denne forma har fått innpass i Ringsaker, moglegvis, i staden for *dem*. Ser med på kor me finn denne variabelen, skil Brumunddal seg heilt klart frå Brøttum. Her svarar heile 33 % av informantane at dei brukar han. Brumunddal ligg lengst sør i kommunen og grensar til Hamar

og ligg i nærleiken av Løten. Det kan forklare førekomsten i Brumunddal. Brøttum som ligg nord i kommunen har truleg ikkje hatt den same påverknaden. I eldre tid seiast det at skilje for diftongane gjekk i eit med Brumundelva, og at dei på sørsida ikkje hadde diftongering. Det kan vere ein faktor til kvifor førekomsten av variabelen *de* er såpass høg i Brumunddal – ein liten flik av kommunen har opphavleg hatt han. Eit anna moment her at det kan vore noko feil i høve til svar frå informantane. Sjølv om eg presiserte tydeleg kva dei skulle svare på, kan det tenkjast at nokon av informantane har blanda saman *dem* og *de* (som uttalast *di* og er ei anna form) fordi det ikkje alltid er like enkelt for informantar i den alderen å skilje pronomena frå kvarandre i høve til person.

### Skilnad mellom kjønn

I høve til denne variabelen er det ikkje store skilnadane å seie noko om på nokon av stadene. Me finn altså ikkje nokon skilnad mellom kjønn her (66 % av jentene og 54 % av gutane nyttar framleis *dom*). Her kan det ver interessant å merke seg at resultatet når det gjeld pronomen i 3. person er ganske annleis enn pronomen i 1.person eintal når det kjem til skilnader mellom kjønn. Langt fleire gutar enn jenter nyttar den opphavlege forma *je* medan det er fleire jenter enn gutar som nyttar forma *dom*. Eg har ikkje nokon god forklaring på kvifor resultatet fell slik ut, då empirien min ikkje kan gje svar på det.

### 6.2.7 Spørjeord

Variabel	Brumunddal			Brøttum			Totalt
	Gutar	Jenter	Sum	Gutar	Jenter	Sum	
Å da?	10	4	14	1	9	10	24
Hva da?	23	17	40	7	5	12	52
(Sum)	33	21	54	8	14	22	76

	Brumunddal			Brøttum			
Variabel	Gutar	Jenter	Sum	Gutar	Jenter	Sum	Totalt
Håkken	0	0	0	0	0	0	0
Åkken	14	3	17	2	8	10	27
Hvem	19	18	37	6	6	12	49
(Sum)	33	21	54	8	14	22	76

Eg har vald å slå saman resultatanalysen av dei to spørsmåla om spørjeord, fordi svara ikkje gir store sprik i resultatet. Fellesnemnaren for dei to spørsmåla er å undersøke om spørjeorda har endra seg mot standardaustlandsk eller om dei har halde seg.

Når det gjeld spørjeordet *kva*, svarar 32 % at dei nyttar den opphavlege variabelen *å da*. Me ser da at 68 % av informantane nyttar variabelen *hva*, som er ein form frå standardaustlandsk. Såleis er bruken av denne variabelen høgt og eg tydar det dit at den opphavlege variabelen her kan vere på veg ut av talemålet.

Eg synar det er interessant å sjå førekomsten av variabelen *håkken*. Ingen av informantane brukar denne forma, noko som samsvarer med det eg trudde eg ville finne. *Håkken* har altså blitt erstatta av *åkken*, med andre ord bortfall av første konsonant, *h*. Det me då ser her er at ei form av den opphavlege variabelen har tatt over, nemleg *åkken*. Me kan sjå ut i frå resultata at 36 % av informantane svarar dei nyttar omforma *åkken*. Det vil seie at fleirtalet svarar at dei har gått over til å nytte den standardaustlandske forma, med heile 64 %. Me ser at ein del nyttar den eldre forma, men nærast to trededelar har erstatta han med standardaustlandsk form.

For begge spørjeorda ser me at om lag ein tredel framleis nyttar ei eldre form, medan to tredeler har den standardaustlandske forma i talemålet sitt. Prosentdelen av informantar som nyttar eldre versus standardaustlandsk form er kring den same i begge spørsmåla. Såleis tenkjer eg me kan seie at tendensen er den same for begge spørjeorda. Dei fleste nyttar standardaustlandsk form, og det kan sjå ut som dei eldre variablane av spørjeord er i ferd med å miste fotfeste i talemålet i Ringsaker.

## Brumunddal vs. Brøttum

Det er dei same tendensane som i hovudsak går att på begge stadene. *Håkken* er heilt borte, men framleis har ein del av informantane *åkken* i talemålet sitt. På Brøttum har denne variabelen heldt seg noko betre enn i Brumunddal, kor ein høgare prosent har konvertert mot *hvem*. Når det kjem til spørjeordet *å da/ hva da* er det nokon færre informantar som nyttar eldre form i Brumunddal. På Brøttum ser me at 45 % svarar at dei nyttar eldre former i begge høve.

## Skilnad mellom kjønn

Vi har heilt klare skilnader mellom kjønn her, og desse skilnadene er og ulike på dei ulike stadene. Ein interessant skilnad ser vi i variabelen *åkken*. Her ser me at medan det i Brumunddal er flest gutar som nyttar denne forma, er det jentene som i størst monn brukar ho på Brøttum. Den same tendensen ser vi og i variabelen *å da*. Ut i frå dette held dei eldre formane av spørjeord seg best hos gutane i den urbane strøka, medan jentene held på dei i dei rurale område. Samla sett for dei to skulane er det prosentvis fleire jenter enn gutar som nyttar forma *å da* (37 % mot 27 %), medan det er fleire gutar enn jenter (39 % mot 31 %) som nyttar forma *åkken*.

## 6.2.8 Troll eller trøll (Omljod)

	Brumunddal			Brøttum			
Variabel	Gutar	Jenter	Sum	Gutar	Jenter	Sum	Totalt
Trøll	13	7	20	5	8	13	33
Troll	20	14	34	3	6	9	43
(Sum)	33	21	54	8	14	22	76

Eg har to spørsmål i den kvantitative delen av undersøkinga mi som undersøker det gamle norrøne trekket med Omljod av vokalar. Eg har vald å ta føre meg resultatata av dei to spørsmåla kvar for seg fordi informantsvara ikkje samsvarar. Resultata av dei to ulike spørsmåla synar å ha fått ulike utfall i undersøkinga. Eg forklarar dette nærare under kapittel

6.2.9 der eg har gjort reie for resultatata av det andre Omljodsspørsmålet.

Variabelen *trøll* er den opphavlege forma eg leita etter, og i høve til resultatata har mange av informantane framleis senking av vokalane, Omljod av /o/ i talemålet sitt. 43 % seier *trøll*. Me kan her sjå at rett over halvparten av informantane har lagt om til den standardaustlandske forma. Likevel vil eg seie at resultatet visar oss at Omljodsforma framleis står sterkt i Ringsaker.

### Brumunddal vs. Brøttum

Prosentvis er det fleire informantar på Brøttum som har heldt på den eldre forma av variabelen. På Brøttum er det 59 % av informantane som seier dei brukar ho. I Brumunddal er det 37 %. Den opphavlege variabelen har med det heldt seg noko betre i dei rurale strøka av kommunen.

### Skilnader mellom kjønn

På Brøttum er det både fleire jenter (57 %) og gutar (63 %) som brukar den opphavlege variabelen samanlikna med kva som er tilfelle i Brumunddal (33% og 39 %). Der dominerer forma *troll* hos begge kjønn. Totalt sett for dei to skulane under eit, nyttar 44 % av gutane og 43 % av jentene den opphavlege forma. Såleis er det inga klare skilnader her i høve til kjønn.

### 6.2.9 Kørj eller kurv?

	Brumunddal			Brøttum			
Variabel	Gutar	Jenter	Sum	Gutar	Jenter	Sum	Totalt
Kørj	23	14	47	3	8	11	48
Kurv	10	7	17	5	6	11	28
(Sum)	33	21	54	8	14	22	76

Her har me ein eldre variant av eit norrønt ord med ø-Omljod. Me får ei endring i vokalkvaliteten her, som gjer at konsonanten i ordet og endrar seg til ein j-ljod. I resultattabellen kan me sjå at 63 % av informantane nyttar den opphavlege forma av ordet, *kørj*. 37 % av informantane har tatt i bruk den standardaustlandske forma *kurv*. Såleis har den eldre forma halde seg godt, men prosentdelen av dei som har tatt i bruk standardaustlandsk form er ganske stor, så det kan vere ein fare for at forma *kurv* kan presse seg fram etter kvart.

Samanlikna med resultatata frå delkapittel 6.2.8 (Omljodsordet *trøll*) synast eg å sjå noko interessant her. Talet på kor mange informantar som oppgjer at dei nyttar eldre form av ordet er motsett i dei to orda. Medan 63 % oppgjer at den nyttar eldre form av *korg* er det 43 % som nyttar den eldre varianten av *troll*. Her ser me ein skilnad på heile 20 %. Eg trur at dette kan ha ein samanheng med forholda elles på austlandet. Medan ordet *trøll* ikkje høyrer heime i standardaustland, er det ikkje uvanleg at språkbrukarar med *austkantsleng* nyttar variabelen *kørj* og i meir urbane deler i og kring Oslo. Eg tenkjer dette er forklaringa på at ordet *kørj* har halde seg betre enn ordet *trøll*. I den kvalitative delen av undersøkinga svarte 2 av 6 informantar at dei sa *trøll* i staden for *tråll*, noko som utgjer ein tredel eller 33 %. Såleis kan me seie at den kvalitative delen kan stadfeste resultatata eg her fann i den kvantitative.

### **Brumunddal vs. Brøttum**

På Brøttum ser me at informantane er delt i høve til kva form dei nyttar. Her er det 50 % som seier *kørj* og 50 % som seier *kurv*. I Brumunddal er det forma *kørj* som flest informantar har i talemålet sitt med 69 %. Variabelen held seg godt i heile kommunen, men nok betre kring Brumunddal.

### **Skilnader mellom kjønn**

Når det kjem til gutane i undersøkinga er det skilnader i kva form dei nyttar. I Brumunddal nemner heile 70 % av gutane at dei nyttar den eldre forma, medan det på Brøttum berre er 38 %. Såleis kan me seie at gutane i Brumunddal er breiare innan disse variablane enn gutane på Brøttum. Hos jentene er ikkje skilnadene så store mellom skulene. I Brumunddal brukar 67 % eldre form mot 57 % på Brøttum. Desse tala peiker mot ein tydeleg og viktig skilnad. I Brumunddal er det gutane som er breiast i høve til Omljod, på Brøttum er det jentene. Dette tyder at i høve til spørsmåla om Omljod er det jentene som er dei breiaste dialektbrukarane og

som i størst grad har halde på dei eldre formene på Brøttum medan det er motsett i Brumunddal. Dette er eit interessant skile sidan me ser at kjønna ikkje har dei same tendensane. Ser me alle informantane under eit, finn me ingen skilnad mellom kjønna. I baa tilfelle oppgjer 63 % at dei nyttar den opphavlege forma *kørj*.

### 6.2.10 Dativ

	Brumunddal			Brøttum			
Variabel	Gutar	Jenter	Sum	Gutar	Jenter	Sum	Totalt
Stolen	4	2	6	2	2	4	10
Stolene	19	13	32	1	1	2	34
Stola	7	6	13	0	7	7	20
Stolom	3	0	3	5	4	9	12
(Sum)	33	21	54	8	14	22	76

I høve til dativspørsmålet i undersøkinga mi ser me at eg ikkje har teke høgde for reglar innan bøyning når eg har satt opp alternativ (grunngeving i kapittel 5.2.2). Når me ser på resultata skjønner me kvifor. Som me ser finst det lite system i kva form informantane nyttar.

Fellestrekket er at alle informantane som meiner dei brukar dativ, er spreidd på alle tre alternativa. Dette støtter påstanden min om at dativsbruken framleis er levande, men at han verken er knytt til regelbunden bøyning, eller at informantane har eit bevisst forhold til forma. Me ser at 45 % av informantane nyttar standardaustlandsk form. Det tyder at over halvparten nyttar ein form for dialektal bøyning i retning av dativ. Kring halvparten av desse att, seier *stola*. Dativ er såleis framleis i bruk, men kanskje meir som *stivna uttrykk* enn bevisst bøyning av ord. I den kvalitative delen av undersøkinga hadde eg berre ein informant (Martin) som hadde fleire innslag av dativ.

#### Brumunddal vs. Brøttum

Eg har vald å slå alle dativsformane saman her, for det som er interessant er ikkje kven av dei som blir nytta, men *om* dei blir nytta. I høve til dativsbruk er det stor skilnad mellom



Brumunddal og Brøttum. Mens heile 91 % oppgjer at dei brukar dativ på Brøttum, er det 41 % som brukar det i Brumunddal. Her ser vi ein markant og tydeleg skilnad mellom rurale strøk og meir urbane strøk. Dette resultatet kan tyde på at dativ held seg betre i utkanten. Ein faktor her som kan ha noko med resultatet her å gjere, er den gamle dialektgrensa langs Brumundelva som eg har nemnt før. Sør for elva nytta dei ikkje dativ i eldre former. Dette utgjer ein liten del av Brumunddal krins, men det kan vere ein årsak til at dativsformene står noko svakt her.

### **Skilnad mellom kjønn**

På Brøttum fordeler bruken seg relativt jamt mellom gutar og jenter. På Brumunddal er det også ganske jamt fordelt. Såleis ser me inga markante skilnader i høve til kjønn og dativ. Samla sett nyttar 51 % av gutane ei form for dativ, medan 60 % av jentene gjer det same.

## **6.3 Resultat frå den kvalitative delen**

I den kvalitative delen av undersøkinga mi har eg vald å ha med seks informantar. Den kvantitative undersøkinga er hovuddelen av oppgåva mi, men eg har og vald å nytte kvalitativ metode, for å underbygge funna i den kvantitative delen og sikre reliabiliteten i undersøkinga. Eg har kome med ei utdjupande grunngjeving kring mitt metodeval i kapittelet «metode». Eg har altså vald å intervju seks informantar. Dei seks er likt fordelt mellom kjønn, tre jenter og tre gutar. Informantane er tilfeldig vald ut og bur spreidd kring i heile kommunen. Kravet til dei er at begge foreldra er frå Ringsaker kommune og at dei har budd der sjølv heile livet.

Eg har gitt informantane i den kvalitative delen fiktive namn. Eg kan ikkje bruke dei verkelege namna deira på grunn av krav om anonymitet. Å bruke numra frå den kvalitative delen ville vore både tungt å arbeide med og upersonleg. Ved å gje dei namn har det i analyseringsprosessen vore enklare for meg å arbeide med resultatata, for eg har ein identitet framfor meg.

I figur 11 ser me ein oversikt over språklege funn hos dei ein-skilde informantane. Tabellen gjer ikkje nokon utfyllande informasjon om intervjuet, men han gjer eit bilede og ein oversikt over kva eg fann hos informantane av språkleg informasjon.

Trekk	Erlend	Jan	Martin	Lise	Agnethe	Christine
Tjukk L	Mykje / fullstendig	Mykje / fullstendig	Mykje / fullstendig	Delvis	Mykje / fullstendig	Mykje / fullstendig
Senking o – ø	Mykje / fullstendig	Delvis	Mykje / fullstendig	Delvis	Ikkje noko	Ikkje noko
Senking a- æ	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Ikkje noko	Fekk ingen målbare ord
Palatalisering	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Ikkje noko	Ikkje noko
Dativ	Delvis	Ikkje noko	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Ikkje noko	Ikkje noko
Pronomen, <i>je</i>	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Ikkje noko	Ikkje noko
P. 3.p, <i>domm</i>	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Mykje / fullstendig	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Ikkje noko
Omljod, vøri/fønne	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Ikkje noko	Ikkje noko
Tonem ^bannan	Mykje / fullstendig	Delvis	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Delvis	Delvis
Retrofleksar	Mykje / fullstendig	Delvis	Mykje / fullstendig	Delvis	Delvis	Delvis
<i>Itte</i>	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Ikkje noko	Ikkje noko
æ – e (bæin-bein)	Mykje / fullstendig	Mykje / fullstendig	Mykje / fullstendig	Delvis	Ikkje noko	Ikkje noko
Hemmat	Mykje / fullstendig	Mykje / fullstendig	Mykje / fullstendig	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Ikkje noko
Nykjyl	Ikkje noko	Ikkje noko	Mykje / fullstendig	Ikkje noko	Ikkje noko	Ikkje noko

Ikkje noko	Ikkje noko
Delvis	Delvis
Mykje / fullstendig	Mykje / fullstendig
Fekk ingen målbare ord	Fekk ingen målbare ord

Figur 11

### 6.3.1 Erlend

Erlend er ein gut som har vekse opp på ein gard i ein rural del av kommunen. Heile livet har han budd på familiegarden i Veldre. Der bur han saman med faren sin, og i framtida har Erlend bestemd seg for å overta gardsdrifta. På fritida spelar han fotball med kameratane på

den lokale fotballbana i Veldre, og om vinteren driv han med skiskyting.

Erlend er ein av dei informantane i undersøkinga som har flest belegg av eldre dialektvariablar, både i den kvantitative delen og den kvalitative. Hos Erlend finn me både dei norrøne dativsformene og palatalisering, noko som eg fann lite av i den kvantitative delen. Erlend likar dialekten sin, og er stolt over at han talar dialekt. Det er viktig for han å ta vare på dialekten og han seier og at det er synd at dialekten er på veg ut av talemålet. «*Je æ stållet ta å taLa ^dialekt. Je syns dæ æ `vikkti å be^vara ^dialekta. Dom døuer jo mer og mer ut...*». Han meiner sjølv han talar dialekt og at det ikkje er så stor skilnad mellom han og besteforeldra i måten dei talar på. Erlend endrar ikkje talemåte ut ifra mottakar – han held på dialekten uansett. Erlend drar sjeldan ut av kommunen. Han reiser til Brumunddal når han treng klede, elles held han seg stort sett i Veldre med kameratgjengen der. Han meiner at det er veldig lite å gjere i Brumunddal som tiltrekk han og han er sjeldan i Brumunddal på fritida.

Av variablane eg var ute etter å undersøke, fann eg belegg for samtlege av dei hos Erlend. Erlend har gjennomført bruk av tjukk L og retrofleksar. Eg fann og både dativ og palatalisering under intervjuet, noko eg i undersøkinga sett under eit har funne lite av. Senking av vokalar og gjennomført bruk av pronomena *dom* og *je* fann eg og. Erlend kan seiast å vere ein stabil dialektbrukar som både ynskjer å ta vare på dialekten og er stolt over å kunne tale han. På spørsmål om Erlend synast det er stor skilnad på sitt eige talemål kontra besteforeldra sitt svarer han: «*Det er nåkk ganske likt, men det er nåkk litt ^fårskjell på noon eldre oL såm kænskje itte ha vørti helt mæ, men je bruke dom innimellom, men itte så mye som dom kænskje..*» Her finn me døme på fleire av dei språklege variablane eg var ute etter. Me ser døme på trykk i fyrste staving av ord i høve til prosodi (*forskjell*), retrofleks (*ord*), senking av vokal frå *a-æ* (*kanskje*), omljod og i-ending (*vørti*), pronomen 1.person eintal (*je*), pronomen 3.person (*dom*) og nektingadverd (*itte*). Med andre ord kan me i dette utsagnet se mange døme på variablar frå det eldre ringsakmålet. Det eineste Erlend ikkje hadde belegg for under intervjuet, var omljodsordet *nykkjyl*. Her nytta i staden Erlend det standardaustlandske ordet *nøkkel* uttalt medd tjukk L. Erlend hadde heller ikkje gjennomført bruk av dativ, men eg fann innslag av det.

Erlend bryr seg ikkje noko om Hamar og Oslo som byar. Som nemnt får han tak i alt han treng i Brumunddal, men han er ikkje mykje i Brumunddal på fritida heller. Heile nettverket hans finn stad i Veldre, og han har ikkje kameratar i Hamar. På spørsmål om hamarungdom er annleis enn han og kameratane, svarte han: *Ja, dæ vil je si. Før meg så syns je dom på Hamar er så mye finere på ting og de er likksåm litt stor ^fårskjell dær syns je. Je føle at de mæssom ær litt ^forskjell.*

Slik eg tenkjer representerar Erlend den typiske «bygdeugdomen». Han bur på gard i eit ruralt strøk og er berre i byen når han er nøydt. Der trivst han ikkje. På fritida er han ute og leikar med vennar framfor å sitte inne og sjå på fjernsyn og spele dataspel. Han har tett kontakt med foreldre og besteforeldre, og gjennom gardsdrifta tenkjer eg fort at desse er førebillede for Erlend. Stiller me klokka 50 år attende i tid, kunne dette vore kva for ein gut som helst fra Ringsaker kommune.

Skrivemåte	Uttalt	Funn
Banan	`bannan	Trykk på første staving
Troll	Trøll	Senking av vokal, o – ø
Jordbær	JoLbær	Retrofleks
Mann	Mæinn	Palatisering + senking av a- æ
Leser	Læs	e- æ og ....
Mann – menn	Mæinn- menn - menna	Palatalisering
Elg	ÆLj	e-æ og retrofleks
Bein	Bein	Æ-e
Beina	Beina	Æ-e
Nøkkel	NøkkeL	Retrofleks, men ikkje Omljod
Utenlands	Utenlands	Ingen funn av a-æ
Heim att / hjem igjen	Hemmatt	Omljodsord

### 6.3.2 Martin

Martin er ein gut som har vekse opp sentralt Brumunddal. Foreldra hans arbeider i nærmiljøet og sjølv har han omgangskrinsen sin her. Martin trener ein god del på treningssenter i Brumunddal. Treninga er og ein sosial arena for å treffe kameratar. Utanom trening køyrer han cross- og motorsyssel. Då han var liten, spela han mykje fotball. Martin er ikkje heilt sikker på kva ha ynskjer å arbeide med i framtida, men tenkjer han kjem til å søke seg inn på bygg- og anleggslinja på vidaregåande neste år. Martin tenkjer nok at han kjem til å bu i bygda når han blir vaksen. På spørsmålet svarer han: *Ja, je trur je bLir dæ. Viss je itte får jobb no anna stelle.* Her ser me at Martin har fleire av dei eldre dialekttrekka. Han nyttar

pronomenet *je* i 1. person eintal. Me ser døme på bruk av tjukk L og nektingsadverbet *itte*. Me ser og at Martin nyttar eit typisk dialektord som *stelle* (ein stad). Som me kan sjå ut i frå denne setninga, talar Martin i stor grad ei målform som fell saman med eldre dialekt. I intervjuet med Martin fann eg døme på alle variablane eg leita etter. Martin hadde og gjennomført bruk av dativ i talemålet sitt. Såleis er Martin den informanten eg fann med størst førekomst av de eldre variablane.

Eg spurde Martin om han endra talemålet noko i førehald til om mottakaren var familie eller venner. Martin svarte: *Nei, fårr dom taLa likke brett sjøl å slikk så. Æille venna je har hær dom taLa ^dialekt*. Her ser me og mange av dei eldre dialekttrekka. Me ser bruk av pronomenet *dom* (dei) og i ordet *æille* finn me palatalisering jamfør *i*-en eg har satt inn for å markere funnet. Trykket (prosodi) i orda ligg og på fyrste stavinga, i tråd med den eldre dialekten på staden. Martin har tydeleg gjennomført trykk på fyrste staving i ord han uttalar. Skal me tolke meininga i setninga til Martin, ser me at han ikkje tilpassar talemålet sitt noko til mottakarane. Han meiner han ikkje treng det, sidan dei han talar med har same «brede» dialekten sjølv. Martin seier sjølv at alle vennane hans og har mange eldre dialekttrekk i talemålet sitt. Så ut i frå opplysningane Martin kjem med er det mykje dialekt hos gutane i Brumunddal krins.

Sidan Martin har mange belegg for eldre dialektformer, var eg nysgjerrig på om han sjølv var medveten dialektbruken slik som me fann ut at Erlend var. Eg spurde han om det. *Je høld på ^dialekta. Bære ^naturlig, itte no ^bevisst. Je tenkje itte åver det*. Eg lot intervjuet halde fram med spørsmål om han var stolt eller flau over dialekten sin. *Je æite no fløv åver dæ. Nei. Itte stållt hell. Nei, je tenke itte no åver åssen je bLir oppfatta når je taLa ^dialekt. Mærke kænskje at je prate litt mer dialekt da. Men je veit itte åffer*.

Eg spurde Martin om han var mykje i Hamar eller i Oslo. *PLeie å dra til Hamar en god del da. Je har vøri i OsLo noon gonger å*. Han synast imidlertid ikkje det er nokon stor skilnad mellom ungdom i Brumunddal og ungdom på Hamar. Sjølv har han fleire gode kameratar som bur på Hamar, så derfor er han der en del. Martin har ikkje så mange tankar kring oslomålet og talemålet på heimstaden.

Når det kjem til billeda i intervjuet, valde Martin eldre variabel frå Ringsaker på alle spørsmåla, og hadde også her gjennomført dialektbruk av dei opphavlege forma (einaste unntak er at Martin uttalar ordet *utenlands* med /a/ og ikkje /æ/, men funn av denne omljoden er gjort elles i intervjuet i fleire høve).

Skrivemåte	Uttalt	Funn
Banan	`bannan	Trykk på første staving
Troll	Trøll	Senking av vokal, o – ø
Jordbær	JoLbær	Retrofleks
Mann	Mann	Verken palatalisering eller senking
Leser	Læs	e- æ og ....
Mann – menn	Mann –menna	Ikkje palatalisering
Elg	ÆLj	e-æ og retrofleks
Bein	Bein	Æ-e
Beina	Beina	Æ-e
Nøkkel	Nykjyl	Omljodsord
Utenlands	Utenlands	Ingen funn av a-æ
Heim att / hjem igjen	Hemmatt	Omljodsord

### 6.3.3 Jan

Jan er ein gut som har vekse opp i Brumunddal skulekrins. Der har han vore busett heile livet sitt. Mora hans arbeider som lærar medan faren arbeider i byggebransjen. På fritida spelar han mykje håndball. Om vinteren likar Jan å gå på ski. Jan synast det er heilt greitt å bu i Brumunddal og han trivst godt, men det er ikkje noko han tenkjer så mykje på. Eg spør han om kva som er fint med å bu i Brumunddal: *Att de ikke ær altfor stort og at det ær kårt væi til alt. Viss jæi ær neddi daLn er det kårt væi oppat. Må ikke ha sykkel fårr å si de sånn.* Han kan tenkje seg å helde fram med å bu i Ringsaker når han blir vaksen, men samtidig er det ikkje noko som er viktig for han. Eg trur Jan er ein gut som ikkje har reflektert så mykje over framtida. Han har ikkje nokon tankar om kva han vil bli, men når han skal søke seg inn på vidaregåande skule, har han tenkt å gå studiespesialiserende. *Jæi væit egentli ikke helt enda. Skal søke på studie^spessialisering.* Eg spør om det kan vere aktuelt å flytte til Oslo seinare i førehald til studiar. *Det må bLi litt i utkanten i såfall. Ikke i... byen. Mer travelt å ... mer foLk å...* Men Jan tek gjerne turen til Oslo om han har moglegheit. *BrumunddaLn blikke sånn by de. Mer å gjør i OsLo da. Bedre å være dær.* Jan meiner ikkje det er særleg store skilnaden mellom Brumunddal og Hamar: *Nei, ikke sånn veldi enkli. De ær litt større i Hamar bare. Jæi er ikke så mye med foLk fra Hamar egentli.*

I språket me finn i kommentarane til Jan, kan me sjå at det er lite innslag av dei eldre dialektvariablane. Me ser til dømes at Jan vel standardaustlandske former som *jæi* og *itte*. Jan vel også typisk standardaustlandsk måte å uttale andre ord på. Me kan sjå at Jan nyttar konsekvent tjukk L, og leggjer stort sett prosodien i ordet i høve til eldre ringsakmål. Men dei to nemnde trekka fell også saman med standardaustlandsk dialektform, og eg tenkjer det er den som er gjeldande i størst grad i Jan sitt høve.

Jan har ikkje stor visshet kring måten han talar på. Det er som det er. Men når han er på større stader, synast han det er noko kjeisamt med dialektord og meiner at han kan bli noko feil oppfatta. Han peiker på at det er kjeisamt å bli samanlikna med traktorar, men legg til at han er klar over at han ikkje talar særskild mykje ringsakdialekt. *Jæi tenker ikke åver vorrdan jæi prater til fåLk fra andre steder enn hær egentli, får jæi har ikke masse sånne vanskelige dialekt^oL. Hadde nåkk lakt åm litt om jæi hadde hatt det. Får å skjønne lettere.* Som me kan sjå ut ifrå alle utsagna til Jan, har han ikkje så mange belegg for eldre talemålsformer. Han har altså eit talemål som ein nærast kan kategorisere undar *standardaustlandsk*. Han har gjennomført bruk av tjukk L. Då Jan fekk sjå billeta, uttala han *banan* med trykk på andre staving. Då han tala om linje på vidaregåande, svara han studiespesialisering med trykk på ...^spessial... Hos Jan finn med altså noko av kvart når det kjem til trykk og tonefall.

I og med at eg ikkje fann så mykje dialekttrekk hos Jan, spurde eg han om han trudde det var nokon som påverka talemålet hans. *Det ær det nåkk. Når je ser på teve å sånn, nyheter. Ikke så mange såmm prater dialekter dær.* Her kom pronomenet *je* inn i setninga, men for fyrste og siste gong. Jan ser ein god del på fjernsyn, så han trur sjølv det kanskje er der han har fanga opp mykje. Men lite bruk av dialekttrekk frå Ringsaker er ikkje noko handling Jan er medveten om.

Skrivemåte	Uttalt	Funn
Banan	Ban^an	Trykk på andre staving
Troll	Tråll	Ikkje senking
Jordbær	JoLbær	Retrofleks
Mann	Mann	Verken palatalisering eller senking
Leser	Læs	e- æ og ....
Mann – menn	Mann –mennene	Ikkje palatalisering
Elg	ÆLj	e-æ og retrofleks
Bein	Bæin	(Inga funn)

Beina	Bæina	(inga funn)
Nøkkel	NøkkeL	Tjukk L, men ikkje Omljod
Utenlands	Utenlands	(Inga funn av a-æ)
Heim att / hjem igjen	Hemmatt	Omljodsord

### 6.3.4 Lise

Lise har vekse opp i Brumundal. På fritida er ho mykje saman med venninner som bur i nærleiken. På fritida les ho mykje bøker, og då går det oftast i sjangeren fantasi. Ho trivst godt i kommunen, men har ikkje gjort seg opp nokon meining om kor ho vil bu når ho blir vaksen. Når ho skal handle klede og ting ho treng, reiser ho til Hamar i staden for å handle i Brumunddal. Dette gjer ho fordi det er meir utval og fleire merkebutikkar i Hamar. Eg fekk følgjande svar når eg spurde Lise om ho trivst og om ho likte heimstaden sin: *Ja. Eller... værtfall nå i de siste da, så har de blitt veldig fint her i Brumunddal. Nå har dom bygd masse å sånt, så det har vørti litt bære di siste åra. Det er jo veldig sentralt her. Jæi bor jo ikke så langt unna sentrum og så er det jo mye turmuligheter rundt åmkring i nærheten og sånt så. Jæi liker veldig att de ær ... du kan liksom gjøre alt her nesten... på en måte.* Me kan sjå her at Lise talar eit veldig «pent» mål, eller har mindre førekomst av dialektbelegg frå ringsakdialekten. Heilt bort frå ringsakmålet har ho ikkje gått. Ho har belegg for ord som *dom* og *vørti*, men ho legg trykket på andre del av orda og har her ikkje innslag av tjukk l. Eg spurde Lise kva hu ville arbeide med eller studere vidare og fekk svaret: *Jæi vet ikke. Jæi har tenkt mye, men jæi græier ikke helt å bestemme mæi enda. Jæi tenker enten studiespesialisering eller.... Eh.... Gå på Katta. Så vi får se* (Katta er ein stor vidaregåande skule på Hamar). Her seier Lise ordet *vet*, utan diftong. Det er eit sjeldan funn i Ringsaker kommune då diftongeringa har djupe røtter. Einaste er ein liten del av Ringsaker i den sørlege delen av Brumunddal som har hatt spor av de, saman med tilgrensande bygder. Om det kjem her i frå eller om det er eit klart drag frå oslomål er vanskeleg å slå fast. På andre stader som ligg i Hedmark har diftongeringa nærast falt heilt vekk, til dømes har ho det i Løten, som ikkje ligg så langt frå Brumunddal. Dermed er det vanskeleg å fastslå kor påverknaden hennar kjem frå. Eg tenkjer kanskje at oslovarieteteten kan ha noko å seie her i og med at tjukk L heller ikkje var med i uttala hennar, men så dukka han opp seinare. Eg spurde Lise kven ho trudde hadde påverka talemålet hennar: *hm.... Jæi har noen venninner fra OsLo å sånn såm har*



*fLytta hit så de snakker jo veldig mye mer fint, så ....* Her har Lise plutselig to innslag av tjukk L, som var heilt fråverande i fyrste del av intervjuet. Eg spurde ho vidare om ho sjølv oppfatta seg som brukar av ringsakmålet. *Jæi syns... de har bLitt mindre nå i de siste. Jæi har bLitt kjent med fLere såm snakker .... Snakker mer enn dom prater da. Så jæi mærker at jæi bLir veldig påvirka. Det bLir vel til at jæi sier de jæi sier fårr at alle skal skjønne og sånn.* Fleire av venninnene Lise er mykje saman med, har flytta frå Oslo til kommunen. Ho ser ein samanheng mellom det fine målet sitt og desse venninne. Samtidig trur ho ikkje at ho bevisst fjerner dialektord, og peikar på at ho er stolt av det ho seier som er på dialekt. Ho har ein avslappa haldning til sitt eget talemål. Om kva folk utanfrå tenkjer om dialekten, svarer ho: *Dom tenker vel ikke så veldig mye åver de tror jæi. Eller.... viss jæi snakker eller prater til noen såm bor i OsLo og jæi bruker oL som dom ikke skjønner, så tenker dom sikkert « Åi, hva ær de du driv å taLa ti nå?»* Her byrjar Lise å bli noko breiare i talemålet sitt og viser utslag i fleire belegg. For meg verkar det som om ho no distanserer seg vekk frå dei som talar standardaustlandsk når ho tek stilling til kva dei tenkjer. Lise nyttar oftast prosodi i høve til oslovarietet når ho talar. Trykket blir såleis liggjande på fyrste staving i ordet. Det er ikkje typisk for den eldre dialekten i Ringsaker. I starten av samtala var l-ane hennar veldig fine, men dei vart tjukkare etter kvart. Lise innrømmer at ho har fleire venner som ikkje talar dialekt, og at dei påverkar talemålet hennar. Då ho nemner dette, kjem dialektordet «dom» fram for fyrste gong. Lise opnar med å tale veldig fint, men slår over til dialekt innimellom, særskild i dei høve kor spørsmåla ber ho ta stilling til talemålet. På spørsmål om det er nokon skilnad mellom Hamar og Brumunddal svarar Lise: *Ja, jæi trur kænskje dom ... at dom trur dom er litt bære enn oss i BrumundaLn. Fordi doms by er større og ... ja, at dom tror dom er bedre enn øss da. Men vi trur nok at vi er litt bedre enn dom i MoeLven... hehe...* Her ser me at Lise har enda fleire belegg for dialekten. Til dømes har *trur* kome inn med *u* og ho seier *øss* i staden for *oss*. Mot slutten av intervjuet går spørsmålet attende til å dreie seg om ho og interessene hennar. Då blir fleire av dialektorda borte igjen og l-ane blir slanke.

Eg trur Lise brukar fleire dialektord enn ho er klar over sjølv. Eg har ei kjensle av at ho eigentleg talar veldig fint, men så «gløymer ho seg» noko i løpet av samtalen. Kanskje ho eigentleg nyttar fleire variablar frå eldre ringsakmål elles også, enn det ho sjølv er klar over?

Når det kjem til resultatata av billedespørsmåla, er det blanda resultat som kjem fram. Nokon av orda svarar ho på i tråd med eldre form av orda, medan andre gonger fell svaret hennar ned på ei standardaustlandsk variabel. Me kan til dømes sjå at omljod og senking av vokalar er noko ho nyttar, medan trekk som palatalisering ikkje er tilstades.

Skrivemåte	Uttalt	Funn
Banan	Ban <sup>^</sup> an	Trykk på andre staving
Troll	Tråll	Ikkje senking
Jordbær	JoLbær	Retrofleks
Mann	Mann	Verken palatalisering eller senking
Leser	Læs	e- æ og ....
Mann – menn	Mann –mennene	Ikkje palatalisering
Elg	ÆLj	e-æ og retrofleks
Bein	Bein	Æ-e
Beina	Bein	Æ-e
Nøkkel	NøkkeL	Tjukk L, men ikkje Omljod
Utenlands	Utenlands	(Inga funn av a-æ)
Heim att / hjem igjen	Hemmatt	Omljodsord

### 6.3.5 Agnethe

Agnethe har vekse opp på Rundshøgda, som geografisk er plassert mellom Brumunddal og Moelv i kommunen. Der bur ho saman med foreldra sine. Mora er heimeverande medan faren held E6 rydda for snø gjennom heile vinteren og har anna fysisk arbeid om sommaren. På fritida er ho mykje saman med venninner. Dei er mykje på treningssenter i Brumunddal. Eg spør om ho trivst med å bu her, men då dreg ho litt på svaret og tenkjer seg godt om før ho seier noko: *Ja, men de ær litt langt unna ting, men ... Jæi har liksåm alltid likt storbyer og sånne ting. Litt mer byjente. Litt læi joLer og ^traktorer ...og .... Hehe.... Sånn.... Jæi hadde mange venner på Rudshøgda før, men så har vi våkst ifra værandre og noon har fLytta å bynt på vidaregående ett stykke unna og sånt, så da ær de bare je hær. Di fLeste bor nerri Brumundal.* I den siste setninga hennar ser med døme på både tjukk l og slank l. Ho nyttar tjukk l i ordet «fleste», medan i stadsnamnet Brumunddal nyttar ho ein slank utgåve. Ho har og belegg for pronomenet «je», men elles talar ho tilnærma standardaustlandsk slik ho ordlegg seg i nemnte utsagn. For Agnethe blir det litt stille å bu i Ringsaker, særleg fordi ho bur eit stykke unna sentrum og venninnene sine. Ho er nokså bestemt på at ho ynskjer å flytte til ein annan stad når ho blir vaksen. Eg spør ho kor ho kunne tenkje seg å flytte: *Mm... Jæi*

har alltid hatt lyst til å flytte til Oslo, men ... jæi vet ikke helt. De er litt langt unna de å... sånn... med tanke på fam<sup>^</sup>ilie og sånt. Kanskje Hamar i starten. Her nyttar Agnethe trykk på andre staving i ordet familie, noko som er utypisk for ringsakerdialekt. Sjølv om Agnethe synast det blir for stille å bu i Ringsaker og ynskjer seg inn til ein by etter kvart, har ho likevel noko positivt å seie om det å vekse opp på ein plass som Rudshøgda. De ække så mye stress. De ær ganske roli hær. Ikke så mye bråk kanskje ... De er de mest positive. Ho synast det er heilt greitt å vere ungdom i Ringsaker. I framtida har ho planar om å hjelpe menneske som slit med rus eller har andre problem. Ho reknar med ho vil flytte ut av kommunen for å studere, og eg tenkjer at Agnethe antageleg ikkje kjem til å flytte heim att.

Eg spurde Agnethe om ho sjølv meinte ho tala ringsakerdialekt, og ho meiner ho talar ei blanding mellom standardaustlandsk og ringsakerdialekt: *bLanding*. Av å snakke og å «taLa». Ehm ... De ær sikkert fårdi atte mor å far å bestefåreldra mine å sånn taLa, men det med snakkinga ær sikkert fårdi jæi liker det bedre, å da bLir det en bLanding. Jæi bLir påvirka av mor å far å fam<sup>^</sup>ilie, men samtidig vil prøve å snakke... Jæi syns det høres bedre ut åsså ... næi, de har bare bLitt sånn. Jæi taLa kanskje mer når jæi ær jemme enn når jæi ær med venner å møter andre. Agnethe poengterer at ho kanskje kan bli noko flau når ho talar brei dialekt ute blant andre, og ho legg nok nokre tankar i å ikkje tala for mykje dialekt i situasjonar der mottakaren sjølv ikkje gjer det. De er litt sånn mærkeli å taLa skikkeli ... brett ... (latter). Kanskje litt fLau når jæi snakker sånn. Såleis kan me sjå at Agnethe sjølv er medveten sitt eige ordval. Ho ynskjer sjølv å divergere vekk i frå den eldre ringsakerdialekta og foretrekker ein standardaustlandsk talemålsvariant. Den samsvarar betre med idetiteten hennar.

Agnethe reiser ut av kommunen når ho skal handle klede og sko. På spørsmål om kva for ein stad ho dro til svarte ho: *OsLo*. Ikke BrumundaLn. Hamar ær vell sånn melllomting. Brumunddal skjønner jæi ikke at ær en by, men ... å Moelv ær jo bare en gate ... Viss jæi trenger klær ræiser jæi til Hamar eller Gjøvik kanskje.... Men de ær ikke så åfte jæi gjør de ... å såm regel drar vi på noen turer til Oslo værre år, så jæi tror jæi handler mesteparten da å så er de jo noen ganger vi finner ut at vi skal ha litt å da bLir de Hamar eller Gjøvik. Her kjem meiningane hennar om at Ringsaker er ein liten plass som det skjer lite på fram. Det finst kjøpesenter i Brumunddal, men ho synast ikkje det er noko spennande å gå der. Det blir for lite. Språkleg ser me her at fyrste gong ho uttalar Brumunddal har ho nytta tjukk l, medan andre gong nyttar ho slank l. Agnethe veksler veldig når ho talar, men ho har aldri veldig brei dialekt. Ut ifrå utsegn Agnethe har kome med under intervjuet får eg ei kjensle av at ho heller ikkje ser på Hamar som ein stor by. Eg spør ho om det er nokon skilnad på Brumunddal og

Hamar: *Ja. Brumunddal er liksom så lite ... og Hamar er jo ikke så stort det heller, men ... Hær går de jokka busser åmtrent heller da så ... Jæi syns det er litt... Fårr atte dær jæi bor da... eneste busa som går dær er skoLebussen å det er jo ikkeno busser såm går nerri BrumunddaLn, bortsett fra den hundreåsoitti bussen som går turretur Hamar og Gjøvik. De er jokka no mer enn det. Mens på Hamar har dem jo bybusser og alt det dærre dær. Ja. Brumunddal er liksom så lite ... og Hamar er jo ikke så stort det heller, men ...* Språkleg finn me knapt belegg i det heile teke for ringsakdialekt i denne ytringa.

I høve til orda ho skulle peike på, er det variasjon i funna. På den eine sida har ho belegg for trykk på første staving (som i ordet *banan*), medan me på den andre sida ikkje eingong finn tjukk L i ordet *jordbær*. Me finn den tjukke L-en i ordet *nøkkel*, så begge forma er representert. På lik linje som i resten av intervjuet vekslar Agnethe mellom tjukk og slank utgåve. Elles finn me ikkje belegg for funn frå ringsakdialekten i peikebokdelen.

Informanten Agnethe bærer preg av eit talemål som har forma seg etter standardaustlandsk. Ho er ganske trofast mot dei tjukke L-ane som er typisk i eldre ringsakmål.

Skrivemåte	Uttalt	Funn
Banan	`Bannan	Trykk på første staving
Troll	Tråll	Ikkje senking
Jordbær	Jorrbær	Ikkje retrofleks
Mann	Mann	Verken palatalisering eller senking
Leser	Leser	(inga funn)
Mann – menn	Mann –menna	Ikkje palatalisering
Elg	ÆLj	e-æ og retrofleks
Bein	Bæin	(Inga funn)
Beina	Bæina	(Inga funn)
Nøkkel	NøkkeL	Tjukk L, men ikkje Omljod
Utenlands	Utenlands	(Inga funn av a-æ)
Heim att / hjem igjen	Hjem	Ikkje Omljodsord

### 6.3.6 Christine

Christine er ei jente som har vekse opp på Brøttum, men som dei siste åra har budd saman med foreldra sine i nærleiken av Moelv. Christine er ei stille jente og under intervjuet var ho ikkje så veldig snakkesaleg, så eg fekk ikkje dei lange setningane ut av ho. Likevel fekk eg nok til å danne meg eit bilete av kven talemålsbrukaren Christine er. Christine kan tenkje seg å bu i Ringsaker kommune når ho veks opp, men har ikkje bestemt seg heilt enno. Når ho skal søke seg til vidaregåande skule, ynskjer ho å gå helse- og sosialfag. Ho vil bli sjukepleiar.

Christine synast det er litt lite å finne på i nærområdet, men ho meiner at det ikkje gjer noko for hennar del, for ho driv med hest: *De ær litt lite å finne på. Jæi ær ikke med på så mye fritidsting og slikk, fårr jæi rir jo. Jæi har ikke egen hest. Jæi driver å hjæLper til, så jæi får låv å ri gratis. Jæi har ridd fjoLing å døL å shettis.* Her ser me ikkje så mange belegg for ringsakermål i ytringa til Christine. Ho har einskilde typiske ord som *slikk*. Me finn fleire belegg for tjukk l her. Eg spurde Christine om ho sjølv synast ho tala ringsakerdialekt og fekk svaret: *Næi. De ær vel fârdi jæi ær sammen me andre, såm ikke snakker så brett. Jæi tror jæi snakker litt mer dia^let hjemme .... Fârdi... foreldra mine snakker sånn skikkeli gammal dialekt noen ganger. Jæi synes de ær litt tæit.* Christine legg ikkje skjul på at ho synast dei eldre dialektvariablane frå Ringsaker ikkje er noko som tiltalar ho, men ho seier og at ho ikkje tenkjer så mykje over korleis ho talar. Christine meiner og at det ikkje er nokon som har påverknad på talemåten hennar.

Christine kan godt treffe vennar i nærleiken, men skal ho handle eller finne på noko, reiser ho helst til Hamar: *De ær vel mye mere å gjøre i Hamar enn de ær hær...* I Moelv er det ikkje nokon stad ho kan kjøpe klede, og om ho skal ta bussen ein annan stad kan ho likså godt reise til Hamar der utvalet er større og det er meir å gjere. Christine tykkjer det er skilnad på ungdom frå Moelv og Hamar. *Ja. Mm.... Dem gjør jo mye annerledes da ...Jæi vet ikke ... dem bare ser annerledes ut og kler sæi annerledes.*

I intervjuet med Christine fann eg ikkje belegg for ringsakdialekt. Eg fann blant anna tjukke l-ar, men dei er typisk for heile austlandet, også standardaustlandsk. Christine har eit veldig pent talemål som minner meir om Oslo vest enn en typisk austkantdialekt. Ho legg vekt på at foreldra talar veldig «gamaldags», noko ho synast er teit og ukult. Slik vil ho ikkje tale. Ho verker veldig medveten om at ho ikkje talar dialekt, sjølv om ho kanskje ikkje heilt kan svare på kvifor ho ikkje gjer det. Christine kom ikkje på nokre påverknadskjelder til talemålet sitt, men eg tenkjer at om ho synast det er *treigt* og *ukult*, finn me forklaringa i haldningane hennar.

På peikebokspørsmåla finn me like få belegg som under sjølve intervjudelen. Ikkje har ho trykk på fyrste staving i ordet *banan* og me finn heller inga Omljod. Interessant her er at ho har to førekomstar av tjukk l, noko som var heilt fråverande under sjølve intervjuet.

Skrivemåte	Uttalt	Funn
Banan	Ban <sup>^</sup> an	Trykk på andre staving
Troll	Tråll	Ikkje senking
Jordbær	Jorrbær	Ikkje retrofleks
Mann	Mann	Verken palatalisering eller senking
Leser	Leser	(inga funn)
Mann – menn	Mann –menna	Ikkje palatalisering
Elg	ÆLj	e-æ og retrofleks
Bein	Bæin	(Inga funn)
Beina	Bæina	(Inga funn)
Nøkkel	NøkkeL	Tjukk L, men ikkje Omljod
Utenlands	Utenlands	(Inga funn av a-æ)
Heim att / hjem igjen	Hjem igjen	Ikkje Omljodsord

### 6.3.7 Ein kort oppsummering av variablar og haldningar hos informantane

Hos Erlend så me eit stort register og mange belegg av dei eldre dialektformene. Hos Martin fann me kanskje enda fleire. Her har me to stødige dialektbrukarar. Ein av dei er busett ruralt, ein av dei meir sentralt. Erlend nemna at det var viktig for han å halde på dialekten sin og at han hadde kjensler for han. Martin, i motsetnad, hadde ikkje så mye tankar om det. Martin er ein meir urban ungdom enn Erlend, og han er mykje i sentrum av Brumunddal og på Hamar, sidan han også har mange kameratar der. Trass i at han oppheld seg i område kor me ser at dialekttrekk blir vekke, er han ein stødige dialektbrukar. Mens Erlend opplever hamarungdom som annleis enn han sjølv, synast ikkje Martin det er nokon skilnad.

Jan er gut nummer tre i den kvalitative delen av undersøkinga. Som me kan sjå skil han seg ut frå korleis Erlend og Martin kjem ut med dialekttrekk. Hos Jan finn med lite belegg frå

ringsakdialekten, ein stor skilnad frå både Martin og Erlend. Han er vekse opp sentralt i kommunen, men det er Martin og, så den parameteren åleine gir ikkje nok grunnlag for å seie noko sikkert om kvifor Jan ikkje har meir førekomst av dialekttrekk. Ut frå mine observasjonar får eg inntrykk av at Jan er meir glad i å lese og er meir skuleflink enn Erlend og Martin og at dei har ulike interesser. Erlend skal bli gardbrukar. Martin ynskjer å få seg praktisk arbeid og vil gå byggfag i Moelv. Jan har planar om studiespesialisering, og reiser kanskje til Oslo for å studere på universitetet etter kvart. Eg tenkjer kanskje det kan ha noko med at dei har ulikt syn på kven dei er som individ og orienterer seg mot to ulike grupper menneske.

Agnethe er ei jente som vekslar veldig mellom eit mildt dialektmål og eit talemål som ikkje ein gong inneheld tjukke l-ar. Ho er oppteke av at Ringsaker er ein kjeisam plass og det er vanskeleg å kome seg rundt omkring. Det er lite som skjer generelt og det går ikkje bussar dit det skjer noko. Når ho veks opp, kjem ho til å flytte til ein større stad, kanskje Hamar, men mest sannsynleg Oslo. Ho har mange slanke l-ar når ho talar, men plutselig dukkar variablar som *je* og *tala* opp. Dermed ser me at Agnethe vekslar ein del, men ho har aldri nokon brei eller gjennomført dialektbruk. Det kan me derimot sjå hos Lise. Lise startar intervjuet med å tale med ganske standardaustlandsk preg, og gjekk meir og meir over til å tale eldre ringsakmål. Lise er nok ikkje helt oppmerksam på dette skiftet sjølv. Ho har fleire venner frå Oslo, noko som ganske påverkar ho i kvardagen. Når ho talar med meg som intervjuar, møter ho eit menneske som talar brei ringsakdialekt, og kanskje det er difor Lise gradvis konvergerer til ringsakmålet under intervjuet. I motsetnad til Lise verkar Agnethe meir medveten sitt eige mål, og har ei meining med måten ho talar på. Christine er den tredje jenta i intervjurunden. Ho er jenta med minst belegg for eldre ringsakmål. Ho ytrar fram at ho synast ringsakdialekten både er kjeisam og treig. Christine er nok den av jentene som kjem til å flytte frå bygda når ho blir vaksen og som er mest tiltrekt av byane.

I den kvalitative delen av undersøkinga mi ser me altså at det er hos gutane me finn flest belegg for ringsakdialekt. Den jenta som har færrest belegg for eldre dialekt er ho som bur mest ruralt av jentene.

## 7 Haldningar til talemål i Ringsaker kommune

Del to av undersøkinga mi handlar om kva for haldningar ungdomen har til talemålet, både sitt eige og generelt. Det same kravet til informantar gjeld i denne delen som i den fyrste. Dei må ha vekse opp i Ringsaker kommune, og minst ein av foreldra deira må vere oppvekst i Ringsaker.

I kapittel 3.3.7 greia eg ut om kva haldningsomgrepet innebar med tanke på språkleg variasjon. Om ein skal klare å trekke ei form for konklusjon om kvifor talemålet har endra seg, meiner eg me ikkje kan kome utanom å spørje om kva type haldningar informantane har til talemål. Kva haldningar informantane har til talemål vil spegle måten dei ser på seg sjølv som individ og samfunnet kring seg. I kapittel 4 nemnde eg kva menneske generelt assosierte dialektar og bymål med, og det er interessant å sjå om eg finn det same hos mine informantar.

Eg har vald å stille dei ulike spørsmål i høve til om dei er positivt eller negativt innstilt til dialektar og oslomålet. I fleire av spørsmåla har eg satt ringsakmål og oslomål (kalla *standardaustlandsk*, med utgangspunkt i former frå Oslo aust) opp mot kvarandre. Eg har stilt informantane spørsmål om kva dei forbinder sitt eiga talemål med, kva dei forbinder oslomål med og kva dialekt dei synast er «finast» og «styggast» i Noreg. Eg har også stilt dei spørsmål kring språkbrukarar på fjernsyn og i radio, i kva grad dei bør nytta eige talemål eller leggje om til standardaustlandsk. Spørsmåla kan ein lese og sjå analyse på i kapittel 8 (dei ligg og med som vedlegg til oppgåva). I den kvalitative delen av undersøkinga fekk eg moglegheit til å spørje informantane mine meir ut om kvifor dei hadde dei haldningane dei hadde til talemålet. På slutten av kapittel 8 har eg gjort eit forsøk på å samanfatte haldningane til informantane med dei faktiske funna eg gjorde av eldre dialekttrekk.

Eg tenkjer det er interessant å undersøke kva slags haldningar ungdom har til språk. Haldningar til dialektar og språk generelt blir danna på grunnlag av subjektive førehald ut ifrå kva billede informantane har danna seg gjennom oppveksten. Frå me er små lærar me om stereotype menneske og får innlært ulike assosiasjonar. Dette er med på å danne grunnlaget for haldningane me som menneske har til dialektar. Haldningane kan springe ut frå andre sine meiningar, erfaringar ein har gjort med menneske frå ulike stader, eller rett og slett på grunnlag av estetikk og kor fint ein dialekt låtar. Ut frå slike kriterium vurderer ein subjektivt om ein dialekt er «fin» eller «stygg». Me menneske er påverkelege heile livet. Bytter eit



individ gruppetilhørsel, kan haldningane og assosiasjonane også endrast<sup>61</sup>. Eg tenkjer at dei haldningane unge menneske (dei som tradisjonelt er mest påverkelege) har, kan gje oss ein peikepinn på kva retning språket kjem til å ta. Dei er påverkelege til å endre talemålet sitt om dei meiner det er «feil» ut ifrå tilhørsle eller identitet (blant anna). Venås skriv:

Haldningane ein sjølv og andre har til eins eige språk, kan ha avgjerande innverknad på korleis ein oppfattar seg sjølv og si eiga rolle i samfunnet. Det kan gje grunnlag for medvitne og umedvitne inngrep i språket, for retting og «over-retting» (hyperkorleksjon) av språklege former. Slike verknader av haldningar er eit viktig innslag i alt språklev i samfunn av den typen vi kjenner best<sup>62</sup>

## 7.1. Å prate dialekt


Fyrst bad eg informantane vurdere i kva grad dei sjølv meinte dei tala hedmarksdialekt (eg har vald å vinkle dette spørsmålet noko vidare enn kva omgrepet «ringsakmål» dekker. Eg tenkjer at informantane fort kan meine at dei har for få dialektbelegg til å kategorisere seg under ringsakmål og at dei difor fort kan stenge seg sjølv ute frå ein kategori dei eigentleg høyrar til. Til dømes kan dei samanlikne seg meir med korleis ungdom talar på Hamar. At dei har mindre dialektbelegg enn det eldre talemålet i Ringsaker, ekskluderer dei ikkje frå å tale ringsakmål, moglegvis tvert imot – men det er poenget å finne ut av i denne oppgåva.

Generelt er det ikkje alle som har eit bevisst forhold til det å tale ein dialekt. Mange menneske, særleg ungdom, manglar eit definert forhold til talemålet sitt. Med det meiner eg at dei ikkje er bevisste på korleis ein talar. Nokon tenkjer dei talar litt som dei andre på plassen, medan andre tenkjer dei har ein noko «finare» utgåve av talemålet samanlikna med majoriteten. I den kvalitative delen av undersøkinga mi møtte eg ungdom som synast det var vanskeleg å fortelje meg om det var dialekt dei tala eller ikkje. For talemålet deira var ikkje så «gammaldags» som det besteforeldre og foreldre tala. Dermed visste dei ikkje heilt sjølv om den *forfina* utgåva si var å rekne som dialekt. Eg vil illustrere dette med eit døme: På spørsmål om informanten sjølv synast at han tala ringsakdialekt, svarte Martin: *Njaa.... Litt kænskje? Breiere enn den andre dialekta.* (Med «den andre dialekta» sikter Martin til meir standardisert austlandsmål). I setninga ser me at Martin har a-Omljod, senking av /æ/ til /e/ (breiere) og trykk på første staving i *dialekta*. Såleis er han ein sterk informant i tilhøve til å nytte dialekttrekk utan at han tenkjer så mykje over det sjølv.

---

<sup>61</sup> Venås 1991:244

<sup>62</sup> Venås 1991:246




Figur 1

Sektordiagrammet (figur 1) viser ei oversikt over alle informantane som svarte på spørsmålet. Til saman er 76 informantar frå heile kommunen spurt. Som det kjem fram av figur 1 meiner 62 % av dei spurte ungdomane i kommunen at dei nyttar dialekten frå staden ( 47 av 76 informantar). 17 % har svart at dei meiner dei berre i nokon grad talar hedmarksdialekt. Her ser me ingen skilnad mellom kjønn, og prosentandelen er tilnærma lik på begge skulane. Ein må her understreke at oversikta berre tek omsyn til kva informantane sjølv tenkjer og trur kring eige bruk av dialekt, og ho fortel ikkje nødvendigvis kven som faktisk talar hedmarksdialekt og i kva grad dei faktisk gjer det.

## 7.2 Haldningar til dialekten

Som resultatet av utspørjinga kring dei språklege variablane viser oss, er prosentdelen dialekttrekk på veg nedover. Då er det interessant å stille informantane spørsmål om kva tankar dei eigentleg har kring dialekten på heimstaden sin. Eg spurte dei om dei likte dialekten dei snakka.




Figur 2

Som figur 2 viser, ser me at heile 91 % er positive til sin eigen dialekt. Berre 6 % svarer at dei ikkje lik han. 69 av 76 spurde informantar er altså positive til talemålet sitt. Sjølv om prosentandelen av dei eldre dialekttrekka som blir nytta går nedover, er det samtidig ein positiv haldning til talemålet. I dette spørsmålet synast det verken ein skilnad mellom kjønn eller bustad i kommunen. I Brumunddal svarte 46 informantar ja, medan 7 svarte nei. 1 visste ikkje. På Brøttum var 18 informantar positive medan 4 svarte nei. Også her var det ein informant som ikkje visste. Ein ting som er verdt å leggje merke til her er at dette viser i kva grad informantane er positive til sitt eige talemålet, ikkje nødvendigvis hedmarksdialekt. Her vil ein subjektiv faktor som korleis dei definerer sitt eige talemål spele inn. Me så i den språklege kvalitative delen blant anna at Martin var usikker på om han hørde til gruppa med individ som tala dialekt og var informanten med flest belegg. Christine derimot likte ikkje den endre forma av ringsakmål og hadde nærast null belegg for eldre målform. Christine ymta likevel frampå at ho hørde til talemålsbrukarane i Ringsaker sjølv om ho la vekk mykje av dialekten. Uansett synast eg det er positivt å sjå at informantane likar talemålet sitt.

### 7.3 Tilpassing av talemål i ulike situasjonar – venner og foreldre

Eg stilte informantane mine følgjande spørsmål: *Talar du annleis til foreldra dine enn du talar blant venner?* Med dette spørsmålet ville eg ha greie på om informantane var medvetne om dei endrar talemåten sin ut i frå kven mottakarane er, om dei divergerer og konvergerer. Det er interessant å vite om ungdommen kodevekslar og endrar talemålet sitt utifrå om dei talar

med vennegjengen eller den eldre generasjonen som tradisjonelt har halde på mange eldre dialekttrekk (sjølvsagt kan det finnast eldre talemålsbrukarar som nyttar mindre av dei eldre dialekttrekka. I denne undersøkinga er den aldersgruppa halde utanfor, så her generaliserer eg berre opplysningar frå mine eigne generelle observasjonar av den generasjonen). Mange gjer nok nettopp dette, men kanskje ikkje alle er like medvetne på at dei gjer det.



Figur 3


Resultata av dette spørsmålet kjem fram av figur 3. Som me kan sjå, svarer om lag halvparten av informantane at dei talar annleis i situasjonar med foreldra kontra med venner (49 % mot 51 %). Her ser med at informantgruppa har splitta seg i to omtrentleg like store grupper. På Brumunddal ungdomsskole ser me inga skilnad mellom kjønn. 60 % av gutane her seier *ja* og 40 % seier *nei*. Hos jentene ser me at fordelinga er om lag halvt om halvt (11 mot 10). Så her er det ikkje den store kjønnskilnaden.

På Brøttum skole ser eg eit anna mønster. Her er det ingen gutar som seier at dei tilpassar talemålet sitt i ulike situasjonar mellom vennar og familie. Eg synast det er interessant fordi i Brumunddal var det 60 % (20 av informantane) som gjorde det. Det er ein ganske vesentleg skilnad. Prosentdelen hos jentene deler seg på 60 % ja og 40 % nei (8 og 6 informantar).

Kvifor eg finn denne skilnaden mellom stadene trur eg er eit komplekst spørsmål å svare på. Eg fann fleire dialekttrekk i Brumunddal enn på Brøttum. Det kan delvis forklare kvifor det er 60 % av gutane i Brumunddal som endrar talemåte medan ingen av gutane på Brøttum gjer det. På Brøttum har altså færre dialekttrekk i utgangspunktet. Der det er mindre skilnad, er det og mindre å endre på.

## 7.4 Tilpassing i andre situasjonar

Eg ville og kartleggje i kva grad informantane tilpassar talemålet på ein slik måte at dei nærmar seg mottakaren sitt talemål. Med det meiner eg at om mottakaren talar brei ringsakdialekt, held informantane på – eller konvergerer mot - ringsakdialekten. Og motsett om mottakaren nyttar standardaustlandsk eller eit anna talemål. Om mottakaren talar standardaustlandsk eller ein «finare» taleform, er spørsmålet om informantane da divergerer bort frå eldre dialekttrekk i Ringsakerdialekten. Eg spurte om dei følte dei måtte tale mindre dialekt om mottakaren hadde mindre eller inga dialekttrekk frå deira talemål. Her er det altså informantane sjølv som tek stilling til om dei sjølv synast dei talar dialekt i utgangspunktet. Verken eg eller nokon annan vurderer kor mykje som må til for å vere dialektbrukar. Det vil vere eit subjektivt spørsmål kor svaret er avhengig av kven som blir spurt. Her er det altså i informantane sin eigen vurdering om dei er dialektbrukarar eller ikkje.



Figur 4

Ut ifrå kva figur 4 visar, meiner over halvparten (58 %) at dei konvergerer mot mottakaren. Svara fordeler seg jamt både på kjønn og dei ulike stadene i kommunen slik det kjem fram av sektordiagrammet.


I kva grad dei føler dei må tilpasse talemålet til mottakaren eller ikkje, kjem ikkje fram i dette spørsmålet. Informantane i den kvalitative delen av undersøkinga er og inne på at dei føler dei må tilpasse det til mottakaren. Dette gjeld særskild om dei talar med nokon frå Oslo eller om mottakaren ikkje har dialekttrekk i det heile teke (altså standardaustlandsk). Lise fekk spørsmål om ho tilpassa talemålet om ho tala med nokon frå Oslo. På spørsmålet svarte ho: *Da blir jæi nok automatisk litt finere i språket ja.* Informanten Jan utdjupa svaret sitt noko

meir og var inne på at det handla om korleis ein blir oppfatta som person.» *Nei... det ær jo litt kjedli noen ganger da, når du liksom bare bLir sammenligna med traktorer og sånn*». Så dette handlar antageleg om at informantane ikkje ynskjer å bli stigmatisert og sett på som annleis eller mindre verd enn mottakaren. En annan faktor tenkjer eg handlar om at informantane ynkjer å gjere seg forstått språkleg, og vil at mottakaren skal forstå alt dei seier.

## 7.5 Dialekt eller standardaustlandsk?

Eg bad informantane mine ta stilling til kva talemål dei likte best, dialekten på heimstaden eller standardaustlandsk (oslomål). Me ser i språkverda at talemål på sentralaustlandet mistar fleire og fleire av dei eldre dialekttrekka til fordel for ein variant av oslomålet. Interessant i denne samanhengen er det å sjå i kva grad ungdom faktisk likar oslomålet betre, eller om det berre er ein trend eller bølge dei kastar seg på.

Årsaka til at eg valde å ha med eit slikt spørsmål handlar om vissheit – eller mangel på det – hos ungdomen. I tråd med korleis talemålet endrar seg over tid, og også i tråd med mi eiga undersøking, ser me at varietetar frå oslomålet stadig vinn territorium. Fleire av informantane i den kvantitative delen har nemnt at dei brukar former som høyrer heime i standardaustlandsk i staden for å nytte dei eldre formene frå Ringsaker. Informantane i den kvalitative delen hadde også slike former i talemålet sitt. Difor synast eg det er interessant å spørje informantane kva for ei av målformene dei likar best om dei skulle velje ei av dei. Likar dei dialekten betre enn dei standardiserte formene, eller har dei ei meir positiv haldning til oslomålet?




Figur 5

Resultata viser at ringsakmålet kjem best ut i høve til kva informantane synast er finast. 66 % svarar at dei likar ringsakmålet best, medan kring ein fjerdedel heller mot oslomålet. I Brumunddal svarte 23 gutar og 8 jenter at dei likte ringsakmålet best. 7 gutar og 10 jenter svarte motsett. På Brøttum var det 6 gutar og 12 jenter som valde Ringsakmålet, medan 2 jenter og 2 gutar svarte oslomålet.

Jamfør resultata me ser vist i sektordiagrammet så er det eit stort fleirtal for Ringsakmålet, og det gjer seg utslag i alle informantkategoriar med unntak av ein – jentene i Brumunddal. Det er ein høgare del av jentene i Brumunddal som likar oslomålet betre. Dette funnet samsvarer med nokon av opplysningane eg fekk fram i den kvalitative delen då eg var i Brumunddal. Hos informanten Agnethe fann eg eit utprega standardaustlandsk talemål. Ho hadde tjukke l-er og stort sett låg trykket på første del av ordet. Begge disse trekka er typisk både for ringsaker- og oslomål. Bortsett frå det fann eg ikkje nokon av dei eldre trekka hos ho. Agnethe nemna at foreldra hennar tala brei dialekt og at ho synast det var veldig gamaldags og teit. Ho kunne tenkje seg å flytte til Oslo når ho blir vaksen og assosierer seg meir med byungdom enn bygdeungdom. Ho reiser helst til Hamar for å finne på noko og har fleire vennar der. Har ho moglegheita reiser ho også inn til Oslo med toget. Såleis finn me det same resultatet i den kvalitative delen av undersøkinga.

Eg synast det er flott å sjå at 2 av 3 ungdomar frå Ringsaker likar ringsakmål betre enn oslomål. Dette samsvarar også med svara eg fekk under kapittel 7.2 kor eg spurde om dei likte si eiga dialekt. Der svarte over 90 % at dei gjorde det. Ser me disse to spørsmåla under eit, kan me seie at haldningane til talemålet i Ringsaker er positiv, og at ungdomen sjølv synast dialekten er finare enn oslovarietetane.

## 7.6 Er det fint med dialektar?



Figur 6

Informantane måtte her ta stilling til om dei synast det er fint med dialekt generelt sett. Som det kjem fram av figur 6, synast heile 89 % av informantane at det er fint å høyre folk bruke dialekttrekk i talemålet. Tre gutar, 2 frå Brumunddal og 1 frå Brøttum (prosentvis jamt fordelt i forhold til talet på informantar) synast ikkje det er fint med dialekt.

Svaret her overraska meg. Ikkje det at så mange synast det er fint med dialekt, men at det berre er gutar som svarar at dei ikkje likar det. Dette er noko i strid med oppfatninga av at det ofte er jenter som divergerer vekk frå dialekttrekk. Dette resultatet samsvarar ikkje heilt med funn frå den kvalitative delen av undersøkinga. Alle tre gutane som vart intervjuja synast det er heilt greitt med dialektar. Ikkje alle tre var like medvetne sitt eige talemål, men ingen av gutane var negative til dialektar i talemålet. Hos jentene ser me informantar som Agnethe, som ikkje har sansen for dialekt. Ho synast det er gammaldags. Christine synast og ringsakmålet både er kjeisam og tregt (men ho seier ikkje noko om dialektar generelt, så eg er usikker på om eg kan generalisere utsegna hennar). Sjølv om mange av informantane i større eller mindre grad divergerer vekk frå eldre dialekttrekk, er dei fleste samde om at det er fint med dialekt (eg har greia meir ut om tema i konklusjonskapittelet, kapittel 8).


## 7.7 Offentlege stemmer i fjernsyn og radio

Informantane fekk spørsmål om dei synast menneske som talar på fjernsyn og i radio bør legge om talemålet sitt eller halde på sitt eget mål. I Noreg står me i ei særstilling i



internasjonale auge med tanke på talemål i fjernsyn og radio. Me har NRK som produserer ein viss del av programma sine på nynorsk, og alle som talar på fjernsyn og radio kan bruke si eiga dialekt. Me har og allment akseptert at ein kan tale på sitt eige talemål i offentlege samanhengar, til dømes i Stortinget. Dette skil seg frå fleire andre land kring oss, der staten ofte kan sette krav om *standardtalemål* (som me til dømes kan sjå i Danmark).

I Noreg ser me at standardisert talemål stadig vinn meir terreng, og i det høve tenkjer eg det er interessant å høyre korleis informantane stiller seg til talemål i offentlege medium. Har haldningane til talemål her endra seg dei siste tiåra?




Figur 7

Ut i frå sektordiagrammet ser me at 3 av 4 informantar meiner folk må få lov til å tale sitt eige talemål i radio og fjernsyn, og at det ikkje er noko mål at alle skal tala like eins. Resultata er jamt fordelt både på kjønn og stad i kommunen. Med 76 % som synast det er greitt av folk held på talemålet sitt i offentlege samanhengar meiner eg delen er høg nok til at me kan trekke ein konklusjon om at dialektbruk framleis er greitt i det offentlege rom, og at ungdom i Ringsaker ikkje er tilhengerar av *standardisert tale* i offentlege rom.

## 7.8 Dialektbeskriving


Informantane fekk spørsmål om å skildre Ringsakerdialekten med tre ord. Eg var interessert i å finne ut kva slags ord informantane assosierte dialekten på heimstaden med. Ved å stille eit slikt spørsmål meiner eg at eg lett kan sjå om dei har positive eller negativt lada tankar til talemålet. Me har frå tidlegare spørsmål i kapittel 7 sett at informantane i høg grad har vore positive til dialekten. I tabellen nedanfor visast orda som kom fram flest gonger.



Figur 8

(Tala under viser talet på informantar som har assosiert dialekten med ordet)

Like eins vart informantane bedt om å nemne ord dei assosierte Oslomålet med. Orda med flest treff visast i tabellen nedanfor.



Figur 9

\* Her brukast ordet «fint» for å beskrive «å snakke fint», definert som talemål med lite typiske dialektord.

Ut i frå figur 8 og figur 9 ser me at det assosierast til ord med ulike meiningar til dei ulike målformene. Flest informantar tenkjer på ordet «brei» når dei beskriver Ringsakmålet. Om det er eit positivt eller negativt lada ord er vanskeleg å definere. Eg tenkjer at det kan vere begge deler, ut i frå den subjektive meininga til informanten. Synast informanten det er negativt med høg førekomst av dialektvariablar, vil ordet difor bli negativt ladd. Her tenkjer eg at i dei fleste tilfelle er ordet «brei» positivt ladd. Dette meiner eg med bakgrunn i dei positive assosiasjonane til dialekta som har kome fram i tidlegare spørsmål. Då er det nærast å tenkje at det er meint som noko positivt, eller at ordet er nøytralt ladd. Mange meiner og at det er ei fin dialekt. Samtidig gjer ho assosiasjonar som «rar» og «morosam», som eg tenkjer går litt ut på det same. Også ordet «bygdemål» kom opp fleire gonger. Om det er eit positivt eller negativt ladd omgrep trur eg i denne samanheng kan tolkast begge vegar ut i frå haldningane til informanten.


Når det kjem til oslomålet er ordet som førekjem flest gonger ordet «fint» i den meining å vere det motsette av «brei» (brei dialekt og fint talemål, altså noko oslomålet ofte assosierast med også i andre samanhengar). Ordet som kjem etterpå er «for fin». Eg tolkar det slik at informantane synast oslomålet er for fint, altså har for lite dialekttrekk. Oslomålet blir og sett på som normalt og forståelig, men informantane trekker og fram at dei assosierer målet med «blærete».

Her tenkjer eg at resultata er for sprikande til at eg kan trekke ein konklusjon om ei felles

meining om talemåla. Informantane har svart subjektivt ut i frå sine egne meiningar – og resultata sprikar såleis. Trass i dette synast eg ut i frå informasjon eg har fått her å sjå at det er få eintydige negative haldningar til Ringsakmålet. Det er ein brei dialekt, han er kanskje litt snål, men alt i alt heilt grei. Oslomålet er meir fint utforma, til og med for fint. Det blir for få dialektord i det. Men det er lett å forstå.


## 7.9 Finnast det «fine» og «stygge» dialektar?

Frå ein språkstudent sitt perspektiv kan eg vel neppe seie at nokon dialektar er stygge medan andre er finare. Uansett vil dette vere ei subjektiv meining. Men eg spurde informantane mine om kva dialekt dei synast var den finaste. Det er alltid interessant å sjå kva ungdom tykkjer om dialekter – også på landsbasis.



Figur 10

Som det kjem fram av figur 10, kan me sjå at heile 22 av informantane faktisk synast målet i Ringsaker er det finaste. Informantane som har svart noko anna, har satt opp talemål frå heile landet. Ut ifrå figur 10 kan me sjå at Bergen kom på andre plass med stemmane frå 9 informantar. Her har eg vald å generalisere noko. Til dømes svarte ein informant at det finaste talemålet er frå Sandnes. Det har eg slått saman med Stavangermål (sjølv om eg veit det er visse skilander). Til dømes har også «sørlandsdialekt» (merk: informantane sin definisjon, ikkje min) blitt satt i bås saman med kristiansandmål).



Figur 11

I figur 11 ser me at informantane frå Ringsaker har nemnt Oslomål som den målforma dei synast er minst fin med 12 av informantane si stemme.

Det som er interessant med resultata av disse spørsmåla, er at ungdomane synast godt om sitt eige talemål – i alle fall ein del av dei. Derimot latar dei ikkje til å like oslomålet noko særleg. Dei synast at det er «litt for fint» og noko blærete. At dei assosierer si eiga dialekt med ord som «bygdemål», kan på bakgrunn av disse siste resultata dermed sjå ut til å ha ei positiv tyding. Dei assosiasjonane som her kjem fram stemmer overeins med det me har sett i tidlegare spørsmål i haldningsdelen av undersøkinga.

## 8.0 Resultat, oppsummering og konklusjonar

I dette kapitlet skal eg samanfatte alt eg har funne ut i undersøkingane mine og gjere reie for resultatane. Eg har funne det lite hensiktsmessig å analysere dei tre delane kvar for seg, då dei fungerer godt til å utfylle og bygge oppunder kvarandre.

Kva konkret som har skjedd av endringar kan me lese ut ifrå resultatane av undersøkingane. Å setje ord på kva som utløyser endringane er ikkje alltid like enkelt å gje eit godt og tenleg svar på. Weinreich (blant fleire) kallar problemet *The actuation problem*<sup>63</sup>. Det er lett å tenkje at ei endring «berre skjer» medan diskusjonane om kvifor held fram hos lingvistane. Eg skal prøve å gjere greie for funna i undersøkinga mi så godt eg kan innanfor dei rammene eg har til rådighet.

### 8.1 Oppsummering av språklege funn

I dette delkapitlet skal eg summere opp det eg fann av språklege funn i høve til undersøkinga.

#### 8.1.1 Dativ og palatalisering

Eg leita etter språklege belegg for både dativsbruk og palatalisering både i den kvantitative og den kvalitative delen av undersøkinga. Det var dette eg hadde forventa å finne minst av i undersøkinga mi, og eg var førebudd på at eg kanskje ikkje fann noko. I den kvantitative delen visar resultatane at førekomsten er låg, men tilstade. Når det gjeld palatalisering, hadde eg i den kvantitative delen berre to informantar totalt i heile kommunen som nytta palatale former. Begge informantane var gutar og elevar ved Brumunddal ungdomsskole. Ein av disse informantane er og med i den kvalitative delen og heiter Erlend. Hos Erlend fekk eg stadfesta dei palatale formene under intervjuet. Det ser me blant anna i ordet *landet* når Erlend svarar på spørsmål om han likar å bu i Ringsaker:

*Nja. Je ville heller bodd hær enn mange andre plasser. Je lik itte å bo i store byer og sånn. Je æ mer ... liksom... Dæ æ bæ:re å bo på læinne. (Erlend)*

Me ser altså når det kjem til palatalisering at det er få informantar som held fram med å bruke fenomenet. 72 av 74 informantar i undersøkinga nyttar ikkje palative former. Dermed kan me

---

<sup>63</sup> Weinreich 1968:102

slå fast at det framleis eksisterar hos ungdomsgenerasjonen, men eg tør å konkludere med at det er ei form som er på veg ut av talemålet i Ringsaker.

I same grad var eg bekymra for dativsformene i Ringsaker. Som eg nemnde i kapittel 5 har Ringsaker vore ein av dei stadene i Noreg kor dativsbruk har helde seg best frå norrøn tid. Med all påverknaden frå sentralaustlandet og Hamar og Lillehammer som tilgrensande bysentra, var eg redd for at dativsformene ville ha lite grobunn hos yngre talemålsbrukarar. Den kvantitative undersøkinga visar at dativsbruk framleis førekjem, helst i rurale strøk av kommunen. Det artige som kom fram i den kvantitative delen her, er at fleire av informantane nemner at dei nyttar anten *stola* eller *stolom*. Då eg satte opp spørsmåla i forkant av undersøkinga, valde eg bevisst å gje begge disse formene som alternativ. Eg hadde ei kjensle av at det fanst dialektbrukarar i Ringsaker som hadde spor av dativ, men som ikkje nytta dei korrekt med tanke på kasus og bøyning. Informantar og ungdom eg spurde ante ikkje kva dativ og kasus var. Einskilde hadde ein tanke om det fordi dei hadde tysk som framanspråk. I Brumunddal fann eg 16 informantar som seier dei nyttar ei av formene. På Brøttum fann eg heile 16 informantar (av 22) som nyttar ei av formene. Såleis kan me seie at dativ framleis er levande i Ringsaker, til og med former med suffikset *-om*. Men informantane kan ikkje reglar og bøyer ikkje orda dei nyttar og kasusformer rett. Funna mine tydar med andre ord på at bruken av dativ framleis er levande, men at den yngre generasjonen ikkje lenger kan kasusreglar og difor heller ikkje alltid fylgjer eit korrekt bøyingsmønster.

Eg fann også spor av dativ i den kvalitative delen, og informanten Martin hadde flest funn av dativ. Hos Martin var ikkje dativ 100 % gjennomgåande, men det var ikkje langt unna. Hos Erlend fann eg og spor av dativ. Hos Jan og dei tre jentene fann eg ikkje bruk av dativ i det heile teke. Martin har *-i* og *-a* endingar, men manglar gjennomført dativsbruk i peikebokdelen då han ikkje svarte *beinom* på spørsmål 9.

Her ser me ein markant og tydeleg skilnad mellom rurale strøk og meir urbane strøk, sidan førekomsten var prosentvis dobbelt så stor på Brøttum som på Brumunddal. Dette resultatet kan tyde på at dativ held seg betre i utkanten. Så dativbruk slik han opprinneleg var nytta, er ikkje å oppdrive hos ungdomsgenerasjonen i Ringsaker jamfør undersøkinga mi. Men det eksisterer restar av dativ som framleis blir nytta, om enn usystematisk.

### 8.1.2 Omljodsord

Når det kjem til Omljodsord, er funna og resultatane frå undersøkinga sprikande. Eg har funne ein del eldre variablar frå Ringsaker, men me kan også sjå at i einskilde ord er det den standardaustlandske Omljoden som har teke over. I delkapittel 6.2.8 gjorde eg greie for bruk av Omljod i ordet *troll*. Her ser me at 43 % av informantane framleis har den opphavlege forma med /ø/ (*trøll*). 57 % har gått over til å nytte den standardaustlandske formen med /å/. I delkapittel 6.2.9 dreide spørsmålet seg om Omljodsordet *kurv*. Her er det nokre fleire informantar som nemner at dei nyttar den eldre forma frå Ringsaker med /ø/ (*kørj*), med 63 % av informantane. Slår med svara på dei to spørsmåla saman får me eit utslag på 53 % i høve til det eldre ringsakmålet. Då ender me på rett over halvparten. Såleis er det vanskeleg å slå fast at Omljodsvokalen her har helde seg, når nesten halvparten av informantane nyttar standardaustlandsk variabel.

I den kvalitative delen av undersøkinga mi fekk informantane også spørsmål om Omljodsord. Eg spurde blant anna informantane om korleis dei uttala ordet *troll*, altså same spørsmål som dei fekk i den kvantitative delen. Der ser me at det berre er to av dei seks informantane som nyttar variabelen *trøll*. I andre Omljodsformer hos informantane ser me og at det er variablane frå standardaustlandsk som er rådande. Til dømes svarar ein av seks informantar at han nyttar Omljod i ordet *mann* (*mæinn*) medan dei fem andre ikkje har Omljod i dette ordet. Me kan altså sjå at Omljod er noko som har helde seg, men det er dei standardaustlandske Omljodsvariablane som er mest nytta.

### 8.1.3 Bruk av pronomen

I den kvantitative delen av undersøkinga mi stilte eg spørsmål om pronomenbruk. Dei pronomena eg i fyrste omgang var ute etter å finne, var det personlege pronomenet *eg* og *dei*. Eg var i forkant av undersøkinga spent på om det var dei standardaustlandske formene *jæi* og *dem* som var rådande, eller om ringsakvariablane *je* og *dom* framleis heldt stand.

Begge variablane vart spurt etter i de kvantitative delen. Der svara 32,8 % at dei nytta variabelen *je*, medan om lag 60 % svara dei nytta *dom*. Her kan me sjå at den standardaustlandske variabelen for pronomenet *eg* (*jæi*) i stor grad har tatt over for den heimehørande dialektvariabelen, medan *dom* held seg mykje betre. I den kvalitative delen varierte funna veldig frå informant til informant. Hos Erlend fann eg stor forekomst av dei eldre pronomena frå Ringsaker:



«*Je æ stållet ta å taLa `dialekt. Je synes dæ æ `vikkti å bevara `dialekta. Dom dauver jo mer og mer ut...».*

Her ser me at Erlend nyttar begge pronomena eg har med i undersøkinga, både *dom* og *je*. Hos Erlend er bruken av disse variablane gjennomført. Når eg samla ser på alle intervju, og alle svara eg har fått, ser eg at informantane mine er splitta i bruk av pronomen. Eg synast det kan sjå ut som bruken er nokså jamnt fordelt mellom ringsakvariablar og standardaustlandske variablar. Hos gutta fann eg flest belegg for dei eldre pronomenformene, medan førekomsten var noko mindre hos jentene. Ingen av jentene tala veldig brei form av den opphavlege dialektforma. Likevel kan me sjå følgjande utsegn frå Agnethe:

*Ja, jæi trur kænnskje dom ... at dom trur dom er litt bære enn oss i BrumundaLn. Fordi doms by er større å... ja, at dom tror dom ær bedre enn øss da. Men vi trur nåkk at vi er litt bedre enn dom i MoeLven... hehe...*

I utdraget får intervjuet med Agnethe ser me at ho nyttar variabelen *doms* frå ringsakmål, medan ho har variabelen *jæi* frå standardaustlandsk. Det eg synast er interessant å sjå her, er pronomenet *oss*. I Utsegna over har Agnethe to førekomstar av nemnt pronomen. Den fyrste gongen ho seier det nyttar ho den standardaustlandske variabelen, *oss*. Andre gongen ho nyttar ho variabelen *øss* frå eldre ringsakmål. Agnethe vekslar altså mykje mellom korleis pronomenbruk ho fell ned på.

Eg tydar resultata samla slik at det framleis er ein del av informantane som nyttar dei eldre ringsakvariablane av ulike pronomen, men at me kan sjå at dei standardaustlandske variablane begynner å gå god innpass i Ringsaker. Særleg kan me sjå det i variabelen av pronomenet *eg*, der ser det til dels ut som den standardaustlandske variabelen *jæi* har fått stor plass blant informantane. Det er noko meir førekomst av variabelen *dom*. Undersøkinga sett under eit, om lag halvparten av pronomenforma eg fann var standardaustlandske variablar.

#### 8.1.4 Supinum av sterke verb

I delkapittel 6.2.4 gjorde eg greie for funn av supinum av sterke verb blant informantane i den kvantitative delen av undersøkinga mi. Her kom det fram av heile 88 % av informantane mine nyttar i-ending i verbet *funne*. Heile 78 % nyttar den opphavlege forma *fønne*, medan 10 % har tatt i bruk ei mellomform mellom eldre dialektvariabel og bokmålsforma av ordet, *funni*. Eg tenkjer at dette er ein høg prosentførekomst og såleis i høve til undersøkinga mi er det

dialekttrekket eg har funne høgast belegg for. I den kvalitative delen av undersøkinga fann eg også belegg for forma. Erlend seier blant anna:

*«Det er nåkk ganske likt, men det er nåkk litt `fårskjell på noon eldre oL såm kænskje itte ha vørti helt mæ, men je bruke dom innimellom, men itte så mye som dom kænskje..»*

## **8.2 Resultat i høve til sosiolingvistisk teori og haldningar**

I dette delkapittelet skal eg gjere greie for resultat i høve til emna eg greia ut om i teorikapittelet, i høve til sosiolingvistisk teori. Eg skal og summere opp kva informantane mine tenkjer om dialektar og kva haldningar dei har til talemål.

### **8.2.1 Nettverket kring informantane**

I dag finn me meir mobilitet i samfunnet enn det me fann tidlegare. Me treng ikkje gå meir enn ein generasjon tilbake før menneske var meir stadbundne enn dei er i dag. Me menneske flyttar meir på oss – både i høve til buplass og med tanke på kor me reiser på fritida, og ikkje minst kor ofte. Innbyggjarar i Ringsaker flytter i større grad ut av kommunen no enn for nokon tiår sidan. Men dette fangar ikkje undersøkinga mi opp. Det som derimot er interessant, er flyttinga *til* Ringsaker kommune. Ringsaker er som nemnt i kapittel 2 ein stor kommune, og han slit ikkje med fråflytting slik mange andre bygdekommunar gjer. Når menneske frå andre stader flyttar inn til ein ny stad, tek dei både med seg nye impulsar og nye talemålsvariablar. Eg skriv meir om kva tilflytting konkret kan ha gjort i Ringsaker kommune i resultatkonklusjonen.

Me er og meir mobile ovafor kvarandre sosialt og med tanke på impulsar. Internett og sosiale medium gjer at me lett kan halde kontakt med folk frå andre stader, og at påverknader kjem frå fleire hold og raskare enn kva dei gjorde tidlegare. Med andre ord blir nettverka på bygda mindre no enn dei var tidlegare. Bygda er heller ikkje det ho ein gong var. Sjølv om det er spreidd byggemasse og nokon meter til næraste nabo, er det aldri lenger enn 25 minutt til ein by i Ringsaker. Med internett og telefoni er ikkje verda så liten på bygda lenger heller.

Det er stor skilnad hos informantane i den kvalitative delen med tanke på kor dei får påverknaden sin frå og kor dei oppheld seg mest på fritida og har dei sosiale nettverka sine. Erlend er eit døme på ein informant som bur på ein gard ruralt i kommunen og har vennekrinsen sin i nærleiken av heimegarden. Han er ein sjeldan gong i Brumunddal, berre

når han treng nye klede. Fire av informantane er ofte i Brumunddal og har nettverkssentrumet sitt her, medan et par av dei også har nokon vennar på Hamar. Motsetnaden til Erlend er Agnethe. Ho reiser fleire gonger inn til Oslo i helgene og det er der ho handlar klede. Dermed tek Agnethe med seg heimatt impulsar frå Oslo.

Sjølv om ungdom i dag er mobile, så var ikkje nettverka deira så opne som eg hadde trudd. Det er få av informantane som driv med fritidsaktivitetar utanfor kommunen. Ein del reiser nok til dei større mjøsbyane for å handle klede og gjenstandar, men utanom det held dei seg stort sett i kommunen. Fleire av informantane har og tilsynelatande noko lukka nettverk i høve til at dei møter dei same personane på fleire arenaer.

Det eg så i undersøkinga mi, og som eg fann interessant, var ein skilnad i nettverka til informantane i høve til kor i kommunen dei budde. Informantane i Brumunddal reiste oftare ut av kommunen enn informantane på Brøttum. Informantane på dei to ulike stadene drar også i kvar sin retning når dei dreg ut av kommunen. Ungdommen i Brumunddal seier dei ofte reiser til Hamar, og nokon held seg i Brumunddal for det meste. Ungdomen på Brøttum reiser nordover til Lillehammer. Såleis kjem påverknaden deira frå to ulike kantar – Brumunddal får han frå sør, medan Brøttum får han frå nord.

## 8.2.2 Identitetsomgrepet og språkbruk hos informantane

Innleiingsvis har eg gjort godt greie for identitetsomgrepet i høve til språkbruk. I svara eg fekk frå informantane, og då særleg i den kvalitative delen av undersøkinga, ser eg ein samanheng mellom kva inntrykk eg har av personlegheita deira og korleis talemålet deira ser ut.

Informanten Erlend er ein gut som identifiserer seg med ein typisk bygdeungdom. Han trivst godt i kommunen, og busette seg på familiegarden og bli gardbrukar etter vidaregåande utdanning. Med dette billede av identiteten til Erlend, samanfaller det også med at ha er ein stødig dialektbrukar med høgt belegg for dei eldre variablane. På spørsmålet om han likar dialekten i Ringsaker svarar han:

*«Je æ ställt ta å taLa `dialekt. Je synes dæ æ `vikkti å bevara `dialekta. Dom dauer jo mer og mer ut...».*

Identiteten til Erlend er altså sterkt knytt opp mot kultur og dialekt i kommunen. I motsetnad til Erlend har me informanten Agnethe. Som individ er ho meir urban enn Erlend. Medan Erlend har bestemt seg for å bli buande i Ringsaker, og Agnethe heilt sikker på at ho kjem til

å flytte ut – aller helst til Oslo. I intervjuet med Agnethe kom det tydeleg fram at ho ikkje likte heimstaddialekten noko særleg. På spørsmål om kva ho synast om han, svarte ho:

*«Det er litt sånn mærkelig å taLa skikkeli ... brett ... (latter). Kanskje litt fLau når jæi snakker sånn...».*

Hos informantane Erlend og Agnethe ser me ein tydeleg skilnad i kven dei tenkjer at dei er som individ. Denne skilnaden ser me og speglast både i kval haldningar dei har til talemålet og også i høve til talet på belegg for eldre ringsakmål. Det er altså her identitetsmessige årsaker til val av variablar.

### **8.2.3 Skilnader mellom kjønn**

I den kvalitative delen av undersøkinga kom det fram at jentene hadde mindre av dei eldre dialekttrekk samanlikna med gutane. Hos jentene fann eg i liten grad belegg for ringsakmål. Hos Christine vil eg seie at dialekttrekk ikkje ein gong var tilstade. Hos Agnethe og Lise fann eg nokon variablar. Dei har til dømes pronomen som *je* og *dom*, trykk på fyrste staving (blant anna) og tjukk l. Men ingen av dei har gjennomført bruk av eldre dialekttrekk eller noko eg subjektivt vil kalle «rein ringsakdialekt». Begge to er prega av eit meir normalisert standardtalemål, og det kan vere vanskeleg å seie om påverknaden kjem frå Hamar som by, eller om det er ein regionaliseringsprosess som er i ferd med å vinne terreng frå Oslo.

Hos gutane fann eg brei førekomst av variablar og belegg. Særskild hos Erlend og Martin. Hos Jan fann eg noko mindre, men likevel meir enn hos nokon av jentene. Kor dei bur hen i kommunen, synast ikkje å vere avgjerande i førehald til resultatane i den kvalitative delen.

I den kvantitative delen hadde eg ikkje same moglegheita til å føre ein samtale med informantane, og eg kan difor ikkje på same måte gjere meg opp eit einskapleg billete av den einskilde informant. Her må eg stø meg på korleis dei har svara på konkrete spørsmål om spesifikke variablar som eg på førehand hadde plukka ut. Men i denne delen var det samstundes langt fleire informantar og såleis er kanskje den kvantitative delen vel så viktig når ein skal fastslå resultat.

I den kvantitative delen synast skilnadene mellom kjønn noko annleis enn i den kvalitative. I sum tydar resultatane mine på at gutane i større grad enn jentene framleis har eldre dialekttrekk i sitt daglege vokabular. I ni av dei ti kategoriane har kategorisert

dialektvariablane i, er det ein høgare prosentdel gutar enn jenter som nyttar dei opphavlege formene. Og i dei fleste høve er det og ein større del gutar enn jenter som nyttar det eg tidlegare har omtalt som mellomformer. Ein kan såleis seie at det i følgje mitt materiale er ein gjennomgåande trend at jentene i større grad enn gutane forlét den opphavlege ringsakdialekten til fordel for eit meir standardaustlandsk talemål.

## 8.2.4 Regionaliseringsprosessar

Mange stader i Noreg ser me at talemålssituasjonen går mot ei utjamning av dialektale særtrekk i eit geografisk område, slik at fleire stader til saman (ein region) utgjer ein dialektstad. Dette fenomenet kallast *regionalisering* (eg har gjort greie for omgrepet i teorikapittelet) og utviklinga fører til at talemålsbrukarar til dømes på Austlandet får eit relativt likt talemål med mange felles trekk. Som mal ligg stort sett *standardaustlandsk* til grunn.

Hos fleire av informantane mine fann eg mindre, eller i liten grad, belegg for dei dialektvariablar Skjekkeland og Jahr beskriv som typiske i den tradisjonelle ringsakdialekten. Særskild hos jentene fann eg mange trekk eg kan dra i retning av å kalle ein regionaliseringsprosess. Alle jentene som vart intervjuet i den kvalitative delen av undersøkinga har i relativt stor grad gått vekk ifrå mange av dei eldre, tradisjonelle dialektvariablane. Hos Christine fann eg mest ingen. I dei tilfella desse jentene ikkje nyttar dei tradisjonelle variablane, har dei i dei fleste høve tatt i bruk variablar frå standardaustlandsk. Såleis har dei eit talemål som er typisk for Oslo og tilgrensande fylke. Hos gutane i den kvalitative førekom funna noko annleis. Der er dei eldre, tradisjonelle dialektvariablane i tydeleg større grad framleis tilstade, og eg fann døme på trekk som dei seinare åra har vore mindre nytta i kommunen, som dativ og palatalisering (sjå kapittel 8.7).

Om ein skal prøve å grunngi kvifor jentene i større grad enn gutane har gått bort frå dei tradisjonelle dialekttrekka, kan det vore naudsynt å sjå på kor ungdommane i dag hentar sine språklege impulsar frå. Hamar og Lillehammer har roller som større byar i distriktet og det er naturleg at innbyggjarane i Ringsaker i noko grad vert påverka av talemålet her. Samstundes ser me at talemålet i begge desse byane i stor grad fell saman med standardaustlandsk, sjølv om ein framleis kan sjå einskilde særtrekk ved talemålet også her. Det er difor vanskeleg og med sikkerheit slå fast om det fyrst og fremst er desse byane som påverkar talemålet i Ringsaker, eller om det den største delen av påverknaden kjem direkte frå Oslo. I båd tilfelle

kan ein tala om ein regionaliseringsprosess. Spørsmålet er meir i kva grad denne føregår på eit mindre område med Hamar og Lillehammer som sentrum, eller om det er Oslo (og standardaustlandsk mål) som er den direkte kjelda til påverknadene. Gjennom intervjuja eg hadde i den kvalitative undersøkinga, kom det fram at jentene i større grad enn gutane søkte inn mot Oslo og identifiserte seg med kulturen der. Sjølv sagt er materialet frå mi undersøking åleine alt for lite til å spekulere i om dette er ein generell trend. Det har likevel tidlegare vore påvist at gutane på landsbygda i større grad held seg på heimlassen og har interesser knytt opp til bustaden deira medan jentene i større grad søker inn til byene, jamfør Thomas Nordahl<sup>64</sup>. Sjølv om ein langt ifrå kan seie dette med sikkerheit, er det difor ting som tydar på at gutane i Ringsaker i større grad hentar sine språklege impulsar frå eigen kommune og dei større byane Hamar og Lillehammer, medan jentene tek trekk ifrå Oslo og standardaustlandsk.

Sjølv om dei standardaustlandske formene har vunne terreng i Ringsaker, har dei framleis ein god jobb å gjere for å trenge dei tradisjonelle målmerka tilbake. Om ein samanliknar talemålet til dagens ungdom med besteforeldregenerasjonen, er det tydeleg at det har føregått, og føregår, ei gradvis endring som ein i nokon grad må kunne kalle ein regionaliseringsprosess. Samstundes er det ikkje belegg for å seie at denne prosessen i fullt monn har gripe inn i ringsakmålet.

### **8.2.5 Situasjonsprega talemålsendring**

Under dei kvalitative intervjuja spurde eg informantane min om dei endra talemålet sitt bevisst i einskilde situasjonar. Eg dro fram samtalar med besteforeldre som eit døme, og vennegjengen som eit anna. Eg ynskja å finne ut om informantane mine konvergerer eller divergerer i einskilde situasjonar. Slike prosessar kallas akkomodasjon, som eg har greie ut om i teorikapittelet (**kapittel ...**). Eg fann mindre bevisstheit kring dette enn eg trudde i forkant. Både Erlend og Martin meiner dei ikkje talar noko breiare til besteforeldregenerasjonen eller annleis til vennar. Dei meiner dei ikkje tilpassar talemålet sitt noko særleg nokon veg. Jan meiner heller ikkje han tilpassar talemålet sitt i det heile teke og seier han berre talar utan å tenkje over det. Hos Martin fann eg høg førekomst av dialektbelegg i utgangspunktet. På spørsmål om akkomodasjon i samtalar med besteforeldra svarar han:

---

<sup>64</sup> Nordahl 2013 (foredrag i regi av Ny Giv)

*Nei, for dom taLa likke brett sjøl og slikk så. Æille venna je har her dom taLa `dialekt. (Martin)*

Jentene måtte og ta stilling til dette spørsmålet. Lise har vissheit kring at ho endrar talemålet sitt noko ut i frå situasjonar og kven ho talar med. Lise er open om at ho talar noko breiare dialekt ovanfor besteforeldra sine enn elles, medan ho prater «normalt» saman med vennane sine. Lise innrømmer også at om ho treffer folk frå Oslo eller andre stader som talar standardaustlandsk, så blir ho automatisk litt «finare» i talemålet. Lise seier:

*Nja... jæi prater sikkert.... Je prater nok litt mer brett mæ mor og far enn mæ venninner og sånn. Je trur kænskje det bære bLir sånn. (Lise)*

I Lise sitt tilfelle finn eg dette svaret interessant. Her ser me at ho starter setninga me det personlege pronomenet *jæi*, medan i frase to seier ho *je*. Så når ho svarar på spørsmålet om ho tilpassar (konvergerer) talemålet til mottakaren, nyttar ho gradvis breiare former, lik dei eg nyttar. Denne gradvise endringa tenkjer eg kan ha to ulike forklaringar. På den eine sida tydar samtalen med Lise på at ho faktisk i stor grad endrar talemålet og konvrgerer mot talemålet til dei ho pratar med. Kanskje i større grad enn det ho sjølv er klar over. Men samstundes skal ein ikkje sjå vekk i frå at den gradvise tilnærminga til korleis eg snakka nettopp handlar om at ho blir meir og meir medvetne om at ho er ein del av ei språkleg undersøking, og dermed medveten eller umedveten tek i bruk variablar ho ikkje nyttar i det daglege. Agnethe seier ho blir påverka av besteforeldra sine og at dei har den effekten på ho at dei får ho til å tala breiare. Dette er ikkje noko ho ynskjer sjølv, for ho vil gjerne «prate» i staden for å «tala». Christine hadde ikkje nokon klare meiningar om tema, men ho tala like lite dialekt i samtlege situasjonar.

Ut ifrå den kvalitative delen av undersøkinga kan det altså sjå ut som at jentene i større grad enn gutane endrar talemålet ut ifrå kven dei talar med. Jentene er i alle fall sjølv meir klar over at dei gjer slike endringar enn det gutane gjer uttrykk for. Her er det naudsynt å merke seg at eg kun har undersøkt kva informantane sjølv trur og meiner. Det er difor mogleg at gutane også i større grad endrar talemålet, men at dei ikkje i like stor grad som jentene gjer dette medvetent eller med ei hensikt.

I den kvantitative delen hadde eg og med eit par spørsmål som gjekk ut på i kva grad informantane trudde at dei tilpassa talemålet sitt i einskilte situasjonar. Resultata frå denne delen av undersøkinga synte at om lag halvparten av informantane sjølv meinte dei endra talemålet, medan den andre halvparten meinte dei i liten eller ingen grad gjorde det. I motsetnad til kva resultata i den kvalitative delen tyda på, var det her ganske likt resultat mellom gutane og jentene. Ut ifrå dette kan me seie at det ser ut til at om lag halvparten (49

%) sjølv meiner dei i ein skilde høve endrar talemålet sitt mot mottakaren sitt. 43 % av informantane meiner dei gjer det i dei høve der samtalepartneren talar mindre dialekt enn dei sjølv.

Basert på resultatane frå den kvalitative delen er det og funn som tydar på at dei som allereie i dagleg tala si har lite dialekttrekk, i større grad «forfiner» dialekten sin i møte med menneske som talar endå indre dialekt enn dei sjølve. Medan dei som i det daglege talar ganske breitt, i større grad ser ut til å halde på dei eldre dialektvariablane også i møte med dei som i liten grad talar dialekt. Om dette stemmer, er det eit relativt interessant funn. Her ser me kanskje ein samanheng mellom haldningar til eige dialekt og dialektar generelt, og i kva grad eige talemål held seg uforandra i møte med bymålet. Det er likevel langt fleire som oppgjer at dei likar ringsakdialekten enn dei som meiner at dei held på dialekten i møte med andre talemål. Empirien gjer ikkje tilstrekkeleg grunnlag til å seie noko sikkert om årsaka til dette. Men ein kan merke seg at det jo er langt fleire som likar ringsakdialekten enn dei som nyttar dialekttrekk i stor grad i sitt eige talemål.

## **8.2.6 Kva meiner informantane om talemål?**

I heile kapittel sju greia eg ut om kva informantane mine meinte om dialektar, både på heimstaden og generelt. Her skal eg summere opp haldningane eg fann blant informantane mine og konkludere med kva dei meiner. Kva talemålsbrukarar meiner om talemål er avgjerande for korleis dei sjølv vil ordleggje seg, og oppfatte andre menneske. Såleis kan det gje oss ei peikepinn på kva retning talemålet er på veg.

I figur 1 kan me sjå at heile 89 % av informantane er positivt innstilt til dialektar. Dermed ser me at dei i utgangspunktet er positive til dialektar og talemål. Det er og 91 % av informantane som likar sitt eige talemål. I figur 10 ser me ei rangering over dialektane informantane meinte var finast, og der ser me at Ringsakerdialekten vinn flest stemmer med 22 informantar si stemme. Informantane svarar ikkje berre at dei likar dialektar og sitt eige mål, men dei likar og dialekten sin betre enn andre dialekter. Såleis er det gode haldningar til ringsakmålet i kommunen, både på Brøttum og i Brumunddal.

Fleirtalet av informantane er og positive til at det nyttast dialektar i radio og på fjernsyn. Sjølv om delen positive her er noko lågare (76 %), understreker dette likevel at det finst ei grunnleggjande positiv haldning til dialektar og dialektbruk også i det offentlege rom. Samstundes ser me at mange av informantane gjer uttrykk for ein noko negativ haldning til



oslomålet. Mange av dei forbind dette med ord som blærete, «fint» og synast det blir for fint. Om ein tek ei samla vurdering av svara frå alle spørsmåla knytt opp mot haldingar til dialektar og bruk av dei, ringsakdialekt og oslomål, får me eit relativt klårt billete av at ungdomen i Ringsaker både er glad i dialektar generelt, og ringsakdialekten særskilt. Som eg har påpeika tidlegare skjer det ei gradvis endring av dialektbruken i Ringsaker, samstundes som store delar av dei eldre dialekttrekka framleis held stand og er i dagleg bruk. Dette samsvarar godt med desse funna knytt til ungdomane sine haldningar. Det er med andre ord sosialt akseptert blant dei unge å nytte dialekt. Me ser likevel at langt fleire er positive til ringsakdialekten og synast at det er ein fin dialekt, enn dei som faktisk i utstrakt grad nyttar dialekttrekk i daglegtala si. Såleis visar empirien min at haldningane til dialektar, og ringsakmål, er gode i Ringsaker kommune.

### **8.2.7 Brumunddal og Brøttum – Samantreff eller ulikheit?**

I kapittel 3 greia eg ut om kvifor eg valde Brumunddal og Brøttum som stader i undersøkinga, og kva for tankar eg hadde kring språkbruk og språkhaldningar på dei ulike stadene. Eg trudde i forkant at eg ville finne færrest av dei eldre dialektvariablane frå eldre ringsakmål i nærleiken av Brumunddal og at flest belegg ville dukke opp på Brøttum. Eg tenkte at dei som sokna til Brøttum ville ha breiare førekomst fordi dei bur i eit ruralt samfunn, medan dei i Brumunddal bur meir urbant til (sjå kapittelet for utdjuping). I førehald til resultatata eg la fram i kapittel 6 er det tydeleg at teoriane mine ikkje stemte heilt med resultatet. Dei same tendensane fann eg og i dei kvalitative undersøkingane. Martin, som var ein av dei to informantane med flest belegg for eldre dialekttrekk, er busett i sentrum av Brumunddal og har budd der heile livet. Han har og ein del kameratar på Hamar. Den kvantitative undersøkinga visar at Brumunddal ligg noko over Brøttum i talet på dialektbelegg eg fann. Eg fann flest eldre dialektvariablar hos kategorien gitar i Brumunddal. Elles fordelte det seg kring likt på dei ulike gruppene. Gruppa med flest, og breiast, førekomst av eldre ringsakdialekt fann eg altså i Brumunddal, i strid med kva eg hadde trudd på førehand. Om ein går inn på dei einskilde variablar, finst det likevel døme på at nokre av desse har helde seg betre på Brøttum enn i Brumunddal. Kanskje særskild dativformer, kor me i delkapittel 6.2.10 kan sjå at så mykje som 91 % av informantane på Brøttum hadde spor av dativ i talemålet sitt. Overraskande var det og at berre 22 av elevane i 1998 – kullet på Brøttum var kvalifisert til å delta i statistikken min. Det visar at det bur mange ungdomar på Brøttum som har andre språkvariantar, og det kan vere ein årsak til at eg fann færre dialektbelegg enn eg trudde –

påverknaden utanfrå var større enn venta i den rurale delen.

I høve til kjønn fann eg og eit interessant funn. Ei kjent tese innanfor sosiolingvistisk talemålsforskning går ut på at det ofte er hos jentene me finn færrest belegg for eldre dialekttrekk og at gutane jamt over har noko breiare dialektbruk enn jenter. I høve til dei resultata eg har funne her og satt ord på i kapittel 6, kan me sjå at dette ikkje er tilfelle i mi undersøking. På Brøttum var det jentene som hadde flest innslag av eldre variablar, ikkje gutane. I Brumunddal var det gutane som hadde den største delen av eldre dialektord. Såleis ser me at det er eit interessant skilje mellom dei ulike stadene i kommunen. Ruralt er det jentene som har dei breiaste variablane. Ser ein derimot på resultata samla for begge skulane, samsvarar likevel funna mine med nemnde tese, då det er fleire dialekttrekk å finne hos gutane enn hos jentene.

Stort sett ga undersøkingane i Brumunddal og på Brøttum omtrent jamne resultat. Palatalisering fann eg berre hos 3 % i Brumunddal (ingen på Brøttum) og spørjeordet *håkken* hadde forsvunne begge stader. Informanten frå den kvalitative delen med færrest dialektbelegg var Christine, som høyrar til den rurale delen.

Folk frå meir sentrale stader på austlandet, og heilt sikkert og frå andre stader i landet, flyttar til Ringsaker og tek med seg bymål. Dette fekk eg sjå tydelige døme på då eg var på Brøttum ungdomsskule. Eg gjennomførde den kvantitative utspørjinga i to klassar på om lag 30 elevar. Eg fekk inn ein stad mellom 50 og 60 undersøkingar. Då eg starta sorteringsarbeidet, vart eg fort paff over kor mange av svara eg ikkje kunne nytta ut i frå kriteria eg hadde satt (at begge foreldra må vere frå Ringsaker). Berre 22 informantar kvalifiserte. Av desse var det nesten ingen gutar. Så eg stilte meg sjølv spørsmålet om kvifor, og begynte å gå igjennom skjema for å sjå kor foreldregenerasjonen kom frå. Eit par elevar var born av svenske foreldre som var i Noreg for å arbeide. Nokon hadde foreldre som var frå Oslo eller andre sentrale stader lengre sør på austlandet, medan ein elev opphavleg var frå Gausdal nord for Lillehammer.

Størsteparten av «innvandarane» kom frå Lillehammer. Mange av informantane hadde foreldre som var vekse opp i Lillehammer (eller i området rundt, andre stader enn Ringsaker) og som også framleis arbeidde på Lillehammer. I ettertid fann eg ut at her har me same mønster som i Osloområdet. Mange av foreldra hadde arbeid i byen (Lillehammer), men dei hadde vald å flytte ut av sjølve Lillehammer. I likskap med Oslo er bustadprisane lågare i den rurale delen av Ringsaker (Brøttum, Lismarka, Mesnali, Sjusjøen og omland) så mange av foreldra har vald å kjøpe hus her. Dermed soknar borna deira til Brøttum skole. No er det

ikkje nødvendigvis alltid så stor skilnad mellom talemålet på kvar si side av fylkesgrensa mellom Ringsaker og Lillehammer. Men Lillehammer er ein by med mykje turisme og til ein viss grad internasjonal interesse, så talemålet her er noko prega på lik linje som andre bymål. Dermed meiner eg at eg langt på veg har funne forklaringa på kvifor eg fann så få informantar med ringsakdialekt på Brøttum skole, og kvifor dei informantane eg fann hadde lågare belegg for ringsakdialekt enn det eg på førehand hadde sett for meg.

Ei psykologisk mentalitetsendring hos bygdefolk kan og vere ein medverkande årsak. Me finn kanskje ikkje så store skilnader mellom menneske busett på bygda kontra menneske busett i byen som me fann tidlegare. Ringsaker har og to byar, Brumunddal og Moelv, men ingen av stadene er særleg store. Dei kan knapt nok kallast byar etter informantane mine sine meiningar og bystatus har dei fått etter krav om talet på innbyggjarar innanfor ein viss radius. No skal sant seiast at Brumunddal har ekspandert ein del etter at dei fekk bystatus i 2010 og at dei faktisk har to (om så det eine er veldig lite) kjøpesentre og handlegater i sentrum. Eg vil sitere informanten min Christine når det gjeld Moelv: *Moelv er jo bare en gate ...* Christine har eit poeng. Moelv er ein liten by og i høve til areal er det ikkje nokon stor plass. Poenget er at ingen av disse byane kan samanliknast med storbyar som Oslo og Bergen. Til det er dei for små. Mjøsbyane Hamar og Lillehammer er ikkje så store dei heller, men det går mange gonger Moelv og Brumunddal på same arealet. Så sjølv om eg snakkar om den rurale og den urbane delen av Ringsaker, er kanskje urbant eit relativt omgrep her. Kanskje dette også må tas i betraktning når ein vurderer funna mine.

## 9 Svar på problemstillingane og konklusjon

I dette delkapittelet skal eg ta føre meg problemstillingane eg presenterte innleiingsvis i kapittel 1, og konkludere kort jamfør det eg har skrivne i delkapittel 8.1 og 8.2. Sjølve problemstillinga mi, og dermed målet både for innsamling av empiriske data og handteringa av desse i etterkant, har vore todelt. Eg ville undersøke i kva grad dei eldre dialektformene som tradisjonelt har vore nytta i Ringsaker, framleis nyttast hos ungdomsgenerasjonen. Med andre ord ville eg finne ut i kva grad ungdom brukar dei eldre dialektformene i talemålet sitt. Som ein del av dette håpa eg å danne meg eit bilede av i kva grad ringsakdialekten har endra seg dei siste tiåra, og kva for språklege variablar som eventuelt har endra seg og kva for nokre som framleis er i aktiv bruk. Eg ville og undersøke kva for haldningar ungdom i Ringsaker har til talemål og dialektar. Dette ville eg så forsøke å sjå i samanheng med dei språklege funna eg gjorde. I denne endelege oppsummeringa har eg vald å gjere reie for desse to delane av problemstillinga under eit.

Resultata eg har fått i denne undersøkinga visar at det ikkje går an å gje eit eintydig svar på korleis ringsakmålet ser ut i dag. Språk er levande, og består av informantar med individuelle skilnader. Men me kan ut ifrå resultata seie noko overordna om korleis det språklege bilede i Ringsaker ser ut anno 2014. På same måte som andre dialektar på austlandet har og ringsakdialekta vore utsett for påverknad frå det standardaustlandske talemålet og fleire dialekttrekk er anten i ferd med å gå tapt, eller vert gradvis vatna ut. Samstundes er det tydeleg at ringsakmålet førebels ikkje på noko måte fullstendig har forsvunne til fordel for eit standardisert austlandskmål med utgangspunkt i Oslo. Det finst framleis eit stort tal av ungdom i Ringsaker kommune som både er stolte av dialekten og som i det daglege nyttar fleire av dei eldre dialektvariablane, om enn ikkje i gjennomført grad. Trass i at ein kan kjenne att fleire av trekka som tydar i retning av ein regionaliseringsprosess, kan me likevel seie at fleire av dei eldre talemålsvariablane framleis held fram hos mange av talemålsbrukarane i Ringsaker kommune.

I høve til haldningar gir funna mine grunn til, og med stor grad av sikkerheit, å slå fast at ungdom i Ringsaker både er positive til generell bruk av dialektar og dei synast vel om sin eige dialekt. Sjølv om det ikkje alltid er ein direkte samanheng mellom kva for nokre haldningar til talemålet som kjem til uttrykk, og i kva grad den einskilde informant sjølv nyttar dialekten, er det likevel mykje som tydar på at dagens haldningar har noko å seie for

talemålsutviklinga i åra som kjem.

Det undersøkinga mi har slått fast er at fleire av dei opphavlege variablane frå eldre ringsakmål har gått tilbake i høve til bruk, men framleis finn me mange av variablane godt nytta i Ringsaker. På same måte som resultat frå andre språklege undersøkingar i Noreg dei seinare åra, visar også mi undersøking at gutane jamt over både i større grad ynskjer å nytte dialektord, og at dei i dei fleste høve i større grad også gjer det, samanlikna med jentene på staden. Informantane sjølv synast dialekten på heimstaden sin er fin, og er positive til dialektbruk. Såleis konkluderer eg me at dialektar framleis er levande i Ringsake kommune.

## Litteratur

- AASEN, Kjetil. 2007. *Variasjonsperspektiv i norsk målførekransking – Norsk keltologi i jamføring med nynorsk språkforskning*. Masteroppgåve i lingvistikk, Universitetet i Oslo.
- AKSELBERG, Gunnstein. 2008. Talevariasjon, Register og Medvit. I *Språkmøte. Ei innføring i sociolingvistikk*. Red. Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. Side 128-147. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag.
- COLORBOX.(2013). [www.colorbox.com](http://www.colorbox.com). Henta billeda til undersøkinga me lisens frå Universitetet i Agder (16.03.2013)
- GREGERSEN, Frans. (1999). Prosjektet *talemåsendring i Noreg (TEIN)* – Form og innhald. I: Akselberg, Gunnstein (red.)
- HOLLAND, Ann Kjersti. 2001. *Hedmarksdialekten i dag*. Hovudoppgåve i nordisk språk, Universitetet i Tromsø.
- JAHN, Ernst Håkon. 1990. *Den store dialektboka*. Oslo: Novus forlag
- LABOV, William. 1978. *Sociolinguistics patterns*. Oxford: Basil Blackwell
- LABOV, William. 2001. *Principles of Linguistic Change, Volume II, Social factors*. Oxford & Cambridge, USA. Blackwell Publishes.
- LABOV, William. 2006. *The social stratification of English in New York City*. Cambridge: Cambridge University Press.
- LABOV, William. 2010. *Principles of Linguistic Change, Volume III, Cognitive and Cultural Factors*. Wiley Blackwell
- MALMBERG, Bertil. 1959. Historisk och komparativ språkforskning. I *Nya vegar inom språkforskningen*. Stockholm/Oslo: Svenska bokforlaget/Cappelen
- MÆHLUM, Brit og Unn Røyneland. 2012. *Det norske dialektlandskapet, innføring i studiet av dialekter*. Cappelen Damm AS

- NES HISTORIELAG. (2012) [www.neshistorielag.no](http://www.neshistorielag.no) (lesedato 29.12.2013)
- NORDAHL, Thomas. (2013) Foredrag om pedagogikk på Ny Giv. Oslo Radisson Plaza
- OMDAL, Helge. 1994. *Med språket på flyttefot. Språkvariasjon og språkstrategier blant setesdøler i Kristiansand (Skrifter utgivna av Institutionen för nordisk språk vid Uppsala Universitet 35)*. Uppsala: Institutionen för nordiska språk
- PAPAZIAN, Eric og Helleland, Botolv. 2005. *Norsk talemål, lokal og sosial variasjon*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- RINGSAKER. (2010) <http://no.wikipedia.org/wiki/Ringsaker> (Lesedato 29.12.2013)
- RØYNELAND, Unn. 1999. *Språkleg regionalisering på Røros og Tynset? I målbryting 2/1999*. Bergen. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen.
- SANDØY, Helge. 1993. *Talemål*. Novus forlag: Oslo
- SKJEKKELAND, Martin. 1997. *Dei norske dialektane – tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Høyskoleforlaget: Kristiansand
- SKJEKKELAND, Martin. 2009. *Språk og samfunn i endring. Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Oslo: Novus
- SKJEKKELAND, Martin. 2010. *Dialektlandet*. Oslo: Portal forlag
- SKOLSEG, Ellen. 1994. *Romeriksdialektens levevilkår i skyggen av Oslo*. Hovedoppgave, Universitetet i Oslo.
- STRØMSODD, Svein Arne. 1979. *Dialektholdninger blant folk i to byddeler i Oslo*. Hovedoppgåve i nordisk. Universitetet i Oslo.
- TEIGEN, Karl Halvor.(2012) Store norske leksikon – «holdning». (Lesedato 27.07.2014)
- THOMASSEN, Silje. 2013. *Kristiansandsdialekten – en dialekt for framtiden?* Masteroppgåve i nordisk språk. Universitetet i Agder

VENÅS, Kjell. 1991. *Mål og miljø. Innføring i sosiolingvistikk eller språksosiologi*. (3. utgave). Oslo: Novus

WEINREICH U, Labov. M, Herzog, I. 1968. *Empirical Foundations for a Theory of Language Change*. Directions for Historical Linguistics. Austin: University of Texas Press.



Spørsmål til kvantitativ talemålsundersøking av Ringsaker kommune  
2013 / 2014

**Del 1: SPØRSMÅL OM KVEN DU ER.**

Førenamn: \_\_\_\_\_

Kva år er du fødd? \_\_\_\_\_

Kjønn:  Gut  Jente

Kven skule går du på? \_\_\_\_\_

Kva slags dialekt talar mor? \_\_\_\_\_

Kva slags dialekt talar far? \_\_\_\_\_

Deltek du i fritidsaktivitetar utanfor skulen? (fotball, korps, riding osv)

- Ja, i Ringsaker kommune
- Ja, utanfor kommunen
- Ja, både i kommunen og andre stader
- Nei, eg deltek ikkje i fritidsaktivitetar

## Del 2 – SPØRSMÅL OM KVA ORD DU NYTTAR:

Når du svarar på desse spørsmåla, er det viktig at du svarar det DU meiner du seier. Hugs at dette ikkje er ein prøve. Tenk på korleis du seier ordet, ikkje korleis det skrivast rett. Berre svar så godt du kan ut i frå korleis du talar ☺.

### 1: Tjukk L

Når du seier ord med «L», trur du at orda dine har tjukk L eller slank L?

Døme: Sol, stol, bli, gard.

1. Eg trur eg brukar tjukk L når eg pratar
2. Eg trur ikkje eg brukar tjukk L når eg pratar
3. Eg veit ikkje

### 2: Bøyingsallomorfen /e/ i preteritum av linne verb

Når du seier ordet «å kaste» i fleirtal, kven av orda nedanfor brukar du?

1. Je *kaste* ballen til deg
2. Je *kaster* ballen til deg
3. Anna form: \_\_\_\_\_

### 3A: Palatalisering

Vel kven av desse variantane som er nærast din uttale av ordet *mann*

1. Mann
2. Mænn
3. Mæinn

### 3B: Palatalisering

Kva ord er nærast det ordet du uttalar når du skal seie ordet *alle*

1. Alle
2. Ælle
3. Æille

#### **4: Supinum av sterke verb**

Når du finn noko og skal fortelje om det, kva ord brukar du?

1. Fønni
2. Finni
3. Funni
4. Funnet

#### **5A: Pronomen**

Kva seier du når du skal presentere deg sjølv?

1. Jæi
2. Je
3. Jæ

#### **5B: Pronomen**

Kva ord nyttar du når du omtalar nokon andre?

1. Dem
2. Dom
3. De

#### **6A: Spørjeord**

Når du skal bruke spørjeordet «Kva» i daglegtale, seier du ...?

1. Å da?
2. Hva da?

#### **6B: Spørjeord**

Når du skal bruke spørjeordet «kven», kva seier du da?

1. Håkken
2. Åkken
3. Hvem

#### **7A: Troll eller trøll?**

1. Trøll
2. Troll

### **7B: Kørj eller kurv?**

1. Kørj
2. Kurv

### **8: Fullfør bøyinga:**

En stol – stolen – stoler - .....

1. Stolen
2. Stolene
3. Stola
4. Stolom

## **DEL 3: SPØRSMÅL OM KVA DU SYNAST OM SPRÅK OG DIALEKT?**

1: Meiner du sjølv du talar hedmarksdialekt?

1. Ja
2. Nei

2: Likar du dialekten du talar?

1. Ja
2. Nei

3: Talar du annleis til foreldra dine enn du gjer til vennar?

1. Ja
2. Nei

4: Følar du at du må tilpasse måten du talar på når du møter nokon som talar mindre dialekt?

1. Ja
2. Nei

5: Kva talemål synast du er finast?

1. Ringsakdialekt
2. Oslodialekt

6: Beskriv ringsakdialekten med 3 ord

7: Om du tenkjer på alle dialektane som finst i Noreg, kven av dei synast du høyrast finast ut?

8: ... Og kven lik du minst?

9: Synast du det er fint med dialekt?

1. Ja
2. Nei

10: Synast du folk som pratar i fjernsyn og radio bør prate oslodialekt, eller kan dei tale sitt eiga mål?

1. Dei bør leggje om
2. Dei bør helde på sitt eige mål

11: Beskriv oslodialekten med tre ord

**Tusen takk for at du har hjelpe meg 😊**

## Kjære rektorer ved ungdomsskolene i Ringsaker

Mitt navn er Kjersti Brenden Haukåssveen og jeg er masterstudent i nordisk språk og litteratur ved Universitetet i Agder. Jeg skal nå gå i gang med min hovedfagsoppgave og i den forbindelse spør jeg rektorer ved ungdomsskoler i Ringsaker om hjelp.

Jeg har et prosjekt hvor jeg ønsker å undersøke hvordan dialekten i Ringsaker kommune har endret seg i den siste generasjonen. Jeg vil undersøke i hvilken grad de gamle dialekttrekka blir brukt i dagligtale og hva slags holdninger ungdommene har til sin egen dialekt.

Jeg ønsker å gjennomføre en spørreundersøkelse i niende klasse på deres skole.

Undersøkelsen foregår skriftlig og vil bli anonymisert. Kun undertegnede vil ha tilgang til skjemaene i etterkant av undersøkelsen. Etter at jeg har fått inn alle skjemaene og behandlet dette ønsker jeg å plukke ut 16 informanter (spredt fra hele kommunen) som jeg ønsker å intervju til høsten. Prosjektet vil bli ferdigstilt mai 2014. Jeg sender gjerne konklusjonen av mine undersøkelser på skolen til dere dersom dere finner dette interessant.

Personvernombudet for forskning (NSD) har godkjent prosjektet jamfør personvern.

Undersøkelsen vil foregå slik: Elevene må levere inn et samtykkeskjema med foreldrenes signatur før de kan bli med i undersøkelsen. Dersom noen foreldre ikke ønsker at deres barn skal være med, holder jeg de utenfor. Jeg hadde satt pris på om skolen kunne vært behjelpelig med utdeling og innsamling av disse, hvis ikke kan jeg komme og dele det ut. Så finner vi en dag som passer for dere slik at jeg kan komme og holde undersøkelsen. Den tar maks en skoletime og det er ingenting dere trenger å gjøre i den sammenheng. Til høsten vil jeg kalle inn 16 ungdommer spredt over hele kommunen for et intervju. 4-6 av disse kan bli plukket ut fra deres skole.

Jeg håper på velvilje til prosjektet og positiv respons tilbake. Jeg svarer gjerne på spørsmål rundt prosjektet. Jeg håper jeg kan få komme før elevene får sommerferie i år.

Med vennlig hilsen

Kjersti Brenden Haukåssveen

Masterstudent i nordisk språk og litteratur v/ Universitetet i Agder

[kjertihauk@gmail.com](mailto:kjertihauk@gmail.com) / Telefon: 412 68 792

## SAMTYKKESKJEMA TIL SPØRREUNDERSØKELSE OM TALEMÅL OG HOLDNINGER – RINGSAKERMÅLET

Kjære foreldre og elever i Ringsaker kommune.

Mitt navn er Kjersti Brenden Haukåssveen og jeg er masterstudent i nordisk språk og litteratur ved universitetet i Agder. Jeg skal nå i gang med et prosjekt hvor jeg ønsker å undersøke hvordan dialekten i Ringsaker har endret seg i den yngste generasjonen. Jeg ønsker også å kartlegge hva slags holdninger ungdom har til sin egen dialekt.

For å få gjennomført dette prosjektet trenger jeg hjelp fra dere. Jeg ønsker å foreta en spørreundersøkelse hos elever i hele kommunen. Spørreundersøkelsen vil bli behandlet anonymt og kun jeg vil ha innsikt i svarene til barna deres. Etter undersøkelsen er publisert våren 2014 vil alt bli makulert.

Jeg kommer til å stille noen personlig spørsmål som faller innunder lov om personvern og trenger difor foreldrenes samtykke. Jeg kommer til å spørre om fornavn, fødselsår og foreldres dialekt. Dette er det kun jeg som vil lese, og elevenes navn blir fortløpende erstattet med numre og lagret separat. Kun jeg har innsikt.

I etterkant av undersøkelsen ønsker jeg å plukke ut 16 elever fra hele kommunen for et intervju. Elevene vil da få fiktive navn, og kun jeg har innsikt til intervjumateriale. Elevene står fritt til å trekke seg når som helst under prosjektet.

Håper på positiv respons og velvilje til mitt prosjekt. Jeg tror dette kommer til å bli spennende.

For ytterligere spørsmål kan jeg kontaktes på mail eller telefon.

Med vennlig hilsen

Kjersti Brenden Haukåssveen.  
Masterstudent i nordisk språk og litteratur v/ Universitetet i Agder

[kjertihauk@gmail.com](mailto:kjertihauk@gmail.com)

Telefon: 412 68 792

## Samtykkelapp

Jeg/vi samtykker til at min sønn/datter kan delta i spørreundersøkelse om talemål og holdninger i Ringsaker. Opplysningene vil bli anonymt behandlet og beskyttet for innsikt. Etter endt prosjektperiode vil alt bli makulert. Eleven kan når som helst trekke seg fra undersøkelsen uten at det vil bli stilt spørsmål rundt årsak.

Elevens navn: .....

Elevens skole: .....

Jeg samtykker også til at mitt barn kan intervjues muntlig:

- Ja
- Nei

---

Sted / dato

---

Foresattes underskrift

Vedlegg 1

Billede til dei kvalitative intervju



## Billeda som vart brukt i dei kvalitative intervjuja

Alle billeda eg har nytta i undersøkinga er lovleg lasta ned frå Colorbox.no med gyldig lisens frå biblioteket ved Universitetet i Agder.



1:



2:



**3:**

**4/5:**




**7:**



**8/9:**



**10:**



**11:**



12:



## Spørsmål til kvalitativ talemålsundersøking

### 1: Bustadtilhøve:

- Har du budd i Ringsaker heile livet? Om du har budd andre stader, fortel kor.
- Kor i Ringsaker har du vekse opp, og kor bur du no?  
Kva arbeidar foreldra dine med?

### 2: Trivsel og heimekjensle til kommunen:

- Trivast du med å bu i Ringsaker?
- Er du stolt av å bu her? Kvifor / Kvifor ikkje
- Kva likar du best med plassen?
- Korleis er det å vere ungdom i Brumunddal / Brøttum / Moelv?
- Kan du tenkje deg å bu her når du blir vaksen?
- Kva har du lyst til å arbeidde som når du blir vaksen?

### 3: Dialekt – bruk og haldningar:

- Synast du sjølv du talar ringsakdialekt ? Kvifor / kvifor ikkje ?
- Er du stolt eller flau over måten du talar på?
- Held du på dialekta de om du treffer nokon i frå Hamar eller Oslo?
- Talar du dialekta annleis enn foreldra og besteforeldra dine?
- Når du møter nokon du er interessert i, tenkjer du over korleis du talar?
- Trur du at nokon påverkar måten du talar på? I så fall, kven ?

### 4: Dialektnivellering / regionalisering.

- Om du skal dra ein tur til «byen», kor reiser du?

- Kor drar du om du skal handle kleder og sko?
- Synast du det er stor skilnad på Hamar og staden du bur på?
- Følar du at ungdomen i Hamar er annleis enn deg?
- Talar du «finare» når du er i Hamar?
- Korleis følar du at du blir oppfatta når du talar dialekt på større stader?

### **5: Interesser:**

- Kan du fortelje med om den siste boka du las eller filmen du såg?
- Kva likte du godt med han/ho?
- Sparkar du fotball, rir eller noko slikt ?

# Prosentrekning over alle spørsmål

## Vedlegg 6

Variabel	Brunumndal			Brytsum			TOTALT								
	Gutar	Jenter	Brunumndal total %	Gutar %	Jenter	Brytsum total %	Gutar	Jenter	Sum						
Tilsk L	Retrofleks flapp	28	85 %	14	67 %	42	78 %	34	83 %	24	69 %	58	76 %		
	Stark L	1	3 %	3	14 %	4	7 %	1	3 %	3	21 %	4	18 %		
	Veit ikkje	4	12 %	4	19 %	8	15 %	1	3 %	5	12 %	5	14 %		
/s/ i presens	Kaste	13	39 %	4	19 %	17	31 %	1	3 %	6	43 %	7	32 %		
	Kaster	18	55 %	16	76 %	34	63 %	6	75 %	8	57 %	14	64 %		
	Anna form	2	6 %	1	5 %	3	6 %	1	13 %	0	0 %	1	5 %		
Pålatsering	Mann	24	73 %	19	90 %	43	80 %	8	100 %	14	100 %	22	100 %		
	Mann	7	21 %	2	10 %	9	17 %	0	0 %	0	0 %	0	0 %		
	Menn	2	6 %	0	0 %	2	4 %	0	0 %	0	0 %	0	0 %		
Pålatsering total	Alle	21	64 %	18	86 %	39	72 %	6	75 %	9	64 %	15	68 %		
	Alle	11	33 %	3	14 %	14	26 %	2	25 %	5	36 %	7	32 %		
	Alle	1	3 %	0	0 %	1	2 %	0	0 %	0	0 %	0	0 %		
Pålatsering total	Opptinelle		5 %		0 %		0 %		0 %		0 %		2 %		
	Mellertem		27 %		12 %		13 %		13 %		18 %		20 %		
	Standardaustlandsk		68 %		88 %		88 %		88 %		82 %		78 %		
Supinum st. Verb	Fanni	30	91 %	16	76 %	46	85 %	3	38 %	10	71 %	13	59 %		
	Fieri	0	0 %	0	0 %	0	0 %	3	38 %	2	14 %	5	23 %		
	Fanni	0	0 %	0	0 %	0	0 %	1	13 %	2	14 %	3	14 %		
	Franet	2	6 %	5	24 %	7	13 %	1	13 %	0	0 %	1	5 %		
Pronomen 1. pers entall	Veit ikkje	1	3 %	0	0 %	1	2 %	0	0 %	0	0 %	0	0 %		
	Jæi	17	52 %	19	90 %	36	67 %	3	38 %	10	71 %	13	59 %		
	Jæ	15	45 %	2	10 %	17	31 %	4	50 %	4	29 %	8	36 %		
		1	3 %	0	0 %	1	2 %	1	13 %	0	0 %	1	5 %		
Pronomen 3. pers flertal	Dem	3	9 %	2	10 %	5	9 %	2	25 %	3	21 %	5	23 %		
	Dem	18	55 %	13	62 %	31	57 %	2	25 %	10	71 %	14	64 %		
	De	12	36 %	6	29 %	18	33 %	2	25 %	1	7 %	3	14 %		
Spærfjord	Å da?	10	30 %	4	19 %	14	26 %	1	13 %	9	64 %	10	45 %		
	Hos du?	23	70 %	17	81 %	40	74 %	7	88 %	5	36 %	12	55 %		
	Håkket?	0	0 %	0	0 %	0	0 %	0	0 %	0	0 %	0	0 %		
	Håkket?	14	42 %	3	14 %	17	31 %	2	25 %	8	57 %	10	45 %		
Troll eller troll	Hvem	19	58 %	18	86 %	37	69 %	6	75 %	6	43 %	12	55 %		
	Troll	13	39 %	7	33 %	20	37 %	5	63 %	8	57 %	13	59 %		
	Troll	20	61 %	14	67 %	34	63 %	3	36 %	6	43 %	9	41 %		
Kerj eller kerj	Kerj	23	70 %	14	67 %	37	69 %	3	38 %	8	57 %	11	50 %		
	Kerj	10	30 %	7	33 %	17	31 %	5	63 %	6	43 %	11	50 %		
Dativ	Stolen	4	12 %	2	10 %	6	11 %	2	25 %	2	14 %	4	18 %		
	Stolene	19	58 %	13	62 %	32	59 %	1	13 %	1	7 %	2	9 %		
	Stola	7	21 %	6	29 %	13	24 %	0	0 %	7	50 %	7	32 %		
	Stolen	3	9 %	0	0 %	3	6 %	5	63 %	4	29 %	9	41 %		

# Samandrag

Kjersti Brenden Haukåssveen

*Over dørstokken heme* – Ei sosiolingvistisk undersøking av språklege endringar og haldningar hos ungdom i Ringsaker kommune.

Masteroppgåve i nordisk språk og litteratur

Institutt for nordisk og mediefag

Universitetet i Agder

Hausten 2014

I denne oppgåva har eg undersøkt dialektbruk og haldningar hos ungdom i Ringsaker kommune i Hedmark. Informantane i denne undersøkinga er 15 år gamle då undersøkingane og intervjuar var gjennomført, i 2013. Totalt er 76 informantar med i undersøkinga og 6 av desse vart intervjuar munnleg. Kravet eg satt til informantane var at dei måtte vere vekse opp i Ringsaker kommune, om minst ein a foreldra deira måtte og vere frå Ringsaker. Dei 6 som var intervjuar munnleg måtte ha to foreldre frå kommunen.

Hovudessensen i oppgåva mi har vore å undersøke i kva grad dei eldre trekka frå ringsakmål framleis held stand hos ungdomsgenerasjonen. Eg har og lagt vekt på å finne ut korleis haldningane til talemål er blant ungdomsgenerasjonen i kommunen. Empirien i undersøkinga mi er samla inn både ved kvantitativ og kvalitativ metode. Eg har starta oppgåva mi med ei kort samfunnsmesseg utgreiing om korleis Ringsaker kommune ser ut, for at ein lettare kan plassere empirien i undersøkingane. Vidare valde eg å kort gjere greie for tidlegare talemålsforskning i Noreg i eit historisk perspektiv. Dette for å plassere min eigen studiet i eit meir einskapleg billete. Eg har og eit eige kapittel med sosiolingvistisk teori som er aktuell i høve til oppgåva og arbeidsmetodar. Av liknande undersøkingar fann eg ut at det ikkje var gjort noko tilsvarande arbeid, men dialekten i Ringsaker har godt blitt beskrive av fleire, blant anna Ringsaker Historielag, Ernst Håkon Jahr og Martin Skjekkeland. Beskrivingane til Skjekkeland og Jahr har eg nytta som mal for dei opphavlege dialektvariablane eg var på jakt etter.

Eg valde å plukke ut einskilde dialektvariablar som er typiske for eldre ringsakmål, og



undersøke i kva grad dei førekjem hos informantane mine. Til dømes har dette vore variablar som omfattar dativ, palatalisering, diftongering og spørjeord. I den kvantitative undersøkinga deltok alle informantane, og dei fekk eit skjema kor dei skulle krysse av for kva ord dei brukte i dei ulike tilfella. Eg valde og å ha med nokre spørsmål som gjekk på haldningar i spørjeskjema. Desse undersøkinga vart føretatt på to ulike ungdomsskuler i kommunen, Brøttum og Brumunddal. Materialet vart analysert og 6 informantar, tre av kvart kjønn, var plukka ut til å delta i eit munnleg intervju. Eg valde å blande kvalitativ og kvantitativ metode, fordi ved å intervju nokon informantar munnleg, kunne eg gå i djupet av svara som var gitt i spørjeskjema, og sikre validiteten i undersøkinga. Det viste seg å vere nyttig. Informantane i dei munnlege intervjuja fekk spørsmål om korleis dei hadde det i Ringsaker, om livet sitt og om haldningar til talemål.

I arbeidet med å kartleggje dei opphavlege dialektvariablane i Ringsaker, valde eg å sette opp standardaustlandsk som motvariablar. Dette er gjort fordi eg har observert at der talemålsbrukarar divergerer vekk frå ringsakvariablar, konvergerer dei helst mot standardaustlandske former. I oppgåva mi har eg konkludert med at me kan sjå at dei standardaustlandske formene har funne mykje terreng, og ringsakvariablane er langt frå gjennomførde, men at me i Ringsaker kommune førebels ikkje ser ein regionaliseringsprosess fullt ut. Ringsakvariablane held seg framleis ganske godt i einskilde høve. Til dømes er pronomenet *dom* og bruk av tjukk L (retrofleks flapp) framleis mykje nytta. Men me kan og sjå at palatalisering nærast er heilt borte. Det er ein skilnad mellom talemålet hos ungdomsgenerasjonen i Ringsaker og besteforeldergenerasjonen, men det er framleis mange dialektvariablar å spore.

Gjennom arbeidet med oppgåva har eg funne ut at ungdom i Ringsaker kommune er positive til bruk av dialektar. Dei er positive til talemålet i Ringsaker, og dei fleste ungdomane likar sitt eige talemål. Dei er og positive til dialektar generelt. På spørsmål om kva dialekt dei synast er finast i Noreg, svar flest ringsakmål. Eg tenkjer at sjølv om ringsakmålet har hatt tilbakegong sidan andre verdskrig, er han framleis levande. I og med at informantane synast så godt om han, trur eg han har ein god sjanse til å overleve ein generasjon til, og dei standardaustlandske formene har ikkje sigrar riktig enno i Ringsaker kommune.